

# Masteroppgåve

«Det de kviskrar i einerom, skal ropast ut frå  
hustaka.»

Det Norske Misjonsselskap i Midtausten frå 1990 til  
2015.

Geir Sakseid

Studium: Kulturmøte

2019

Tal ord: 33485



HØGSKULEN  
I VOLDA

## Samandrag

Denne masteroppgåva i kulturmøte ved Høgskulen i Volda gir ei historisk framstilling av Det Norske Misjonsselskap (NMS) sitt arbeid i Midtausten frå 1990 til 2015. Oppgåva prøver å skildra korleis arbeidet har endra karakter gjennom dei første 25 åra, med følgjande *hovudspørsmål*: Kva har motivert NMS til å byrja arbeid i denne delen av verda og til å inngå samarbeid med dei ulike samarbeidspartnarane? Eg stiller også ei rekke *delspørsmål* om ulike missiologiske tema som eg håpar å finna svar på undervegs. Metodisk er oppgåva eit dokumentstudium, der eg tar utgangspunkt i primærkjelder frå NMS sitt arkiv og kastar lys over desse med drøfting av relevant litteratur og uformelle samtalar frå informantar. Då NMS byrja engasjementet sitt, var motivasjonen å bruka massemedia på kreativt vis for å forkynna ein kristen bodskap i det som er rekna som kjerneområdet til islam. Dette arbeidet var prega av stor grad av hemmelegald. Etter kvart har NMS utvida engasjementet sitt til også å inkludera openlys støtte til kristne i Midtausten. Dette blir gjort gjennom satelitt-TV, menneskerettsarbeid, diakonale prosjekt, bibelspreiing, teologisk utdanning, kyrkjesamarbeid og engasjement for marginaliserte grupper som kvinner, born og migrantar. Desse prosjekta utgjer no hovudvekta av det NMS gjer i området. Eitt av delspørsmåla eg stiller i oppgåva, er om dette breiare engasjementet har dempa den opphavlege motivasjonen NMS hadde for å vera til stades i Midtausten, eller om organisasjonen framleis er opptatt av evangelisering med muslimar som målgruppe. Det er eit spørsmål som ikkje finn eit endeleg svar i denne oppgåva, men som eg håpar NMS vil arbeida vidare med i tida framover.

## English abstract

This master thesis in Acculturation at Volda University College gives a historical account of the ministry of the Norwegian Missionary Society (NMS) in the Middle East from 1990 to 2015. The paper aims to describe how the ministry has changed character through the first twenty-five years, using the following *central research question*: What has motivated NMS to initiate a ministry in this region and to enter into cooperation with their various partners? I also ask a number of *subquestions* about various missiological subjects that I try to answer in the process. Methodologically this paper is a document analysis with primary sources from the NMS archives as my starting-point, discussing them in the light of relevant literature and informal interviews with informants. When NMS started their involvement, their motivation was to use mass media creatively to communicate a Christian message in what is considered the heart of Islam. This ministry was characterised by a large degree of secrecy. Over the years, however, NMS has extended their involvement to also include open support to Christians of the Middle East. This is done through satellite TV, human rights work, diaconal projects, making the Bible accessible, theological education, cooperation with churches and involvement with marginalised groups like women, children and migrants. These projects now constitute a major part of NMS' ministry in the region. One of the subquestions I ask in this paper is whether this wider involvement has reduced NMS' initial motivation for a presence in the Middle East, or if the missionary organisation still has retained its concern with the evangelisation of Muslims. I do not find a clear answer to that question in this thesis, but I do hope that NMS will continue to discuss the subject in the near future.

## Forord

Dei siste fire åra med deltidsstudiar på Kulturmøte ved Høgskulen i Volda har vore ei særst interessant reise for meg. Takk til studentar og lærarar for utviklande studiar som har gitt meg nye perspektiv både på åra som misjonær i Midtausten og på den noverande prestetenesta. Eg håpar også det eg har skrive kan vera nyttig for alle som er opptatt av misjon og av møtet mellom menneske med ulik religiøs og kulturell bakgrunn.

Takk også til Møre bispedøme som har gitt meg høve til å ta ut studiepermisjon i tolv veker for å gjennomføra masterstudiet.

Eg skuldar også stor takk til tidlegare kollegar i Middle East Media, tilsette ved misjonsarkivet på VID vitenskapelige høgskole og tilsette på NMS sin hovudadministrasjon i Stavanger, ikkje minst til Jofrid Hjorteland ved generalsekretariatet, for hennar hjelp til å finna fram i arkivmaterialet.

Framfor alt vil eg retta ein takk til dr. Per Halse, professor i kyrkjehistorie ved Høgskulen i Volda, som har gitt meg god vegleiing under prosessen med å skriva denne oppgåva. Når det er sagt, må eg understreka at det som måtte mangla av fagleg innhald i oppgåva, skuldast eine og åleine underteikna.

# Innhald

Samandrag .....	1
English abstract .....	2
Forord .....	3
1 Innleiing .....	7
1.1 Problemstilling .....	8
1.2 Avgrensingar og definisjonar .....	9
2 Kjelder og metode .....	11
2.1 Primærkjelder .....	12
2.2 Uformelle intervju .....	13
2.3 Mi eiga rolle som deltakar i nokre av prosessane .....	13
3 Bakgrunn .....	14
3.1 Einskap og mangfald i Midtausten .....	14
3.1.1 Den arabiske verda .....	15
3.1.2 Religion som samlande og splittande faktor .....	18
3.2 Politiske tilhøve sidan 1990 .....	21
3.2.1 Libanon .....	22
3.2.2 Irak .....	22
3.2.3 Syria .....	23
3.2.4 Egypt .....	23
3.2.5 Den arabiske våren .....	24
3.3 Kristne i det muslimske Midtausten .....	28
3.3.1 Fire kyrkjefamiliar .....	28
3.3.2 Kristne under islam .....	32
3.4 Misjonshistorie i Midtausten .....	34
3.5 Aukande interesse for muslimmisjon i NMS .....	39

3.5.1	Samanslåing med Norsk Kristen Muslimmisjon.....	40
3.5.2	Policydokumentet om muslimmisjon.....	41
3.6	Massemedia i Midtausten .....	44
3.6.1	Arabiske statskanalar.....	44
3.6.2	Lausannerørsla og nye misjonsmetodar .....	45
3.6.3	NMS mellom allianseøkumenikk og kyrkjeøkumenikk.....	46
3.7	Førebels oppsummering .....	51
4	NMS i Midtausten .....	52
4.1	Hemmeleg mediemisjon .....	54
4.1.1	Middle East Media .....	54
4.1.2	Indirekte kommunikasjon.....	58
4.1.3	Hemmelegghald og identitetsproblem.....	61
4.1.4	Satsing på internett .....	66
4.1.5	Kvifor vart Magalla nedlagt? .....	67
4.2	Openlys TV-satsing .....	69
4.2.1	Den kristne kanalen SAT-7 .....	69
4.2.2	Framveksten av satellitt-TV .....	70
4.2.3	Forkynning utan å provosera.....	73
4.3	Ønske om «fleire bein å stå på».....	74
4.3.1	Menneskerettsarbeid gjennom Middle East Concern.....	75
4.3.2	Det evangeliske teologiske seminaret .....	80
4.4	Organisering i program: nye prosjekt på bakkenivå.....	82
4.4.1	Great Flood Society: Eit diakonalt grasrotprosjekt .....	83
4.4.2	Bibelselskapet.....	86
4.5	Samarbeid med kyrkjer i Midtausten.....	88
4.5.1	Evangeliske kyrkjer.....	89
4.5.2	Den koptiske ortodokse kyrkja.....	91

4.6	Etter den arabiske våren .....	93
4.6.1	Kvinneres rettar.....	94
4.6.2	Utrusting av dei kristne .....	95
4.6.3	Migrasjon .....	96
4.7	NMS Global og seksjon migrasjon.....	96
5	Oppsummering .....	98
6	Kjelde- og litteraturliste.....	102
6.1	Upubliserte kjelder .....	102
6.1.1	Privat arkiv hos undertekna.....	102
6.1.2	Langtidsplanar (LTP) og strategidokument .....	102
6.1.3	Landsstyrevedtak (LS) .....	102
6.1.4	Vedtak i Landsstyret sitt arbeidsutval (AU).....	103
6.1.5	Vedtak i leiarmøtet i NMS-administrasjonen (LM).....	103
6.1.6	Årsrapportar .....	103
6.1.7	Arbeidsrapportar.....	105
6.1.8	Diverse korrespondanse .....	105
6.2	Referert litteratur .....	105

# 1 Innleiing

I denne oppgåva vil eg presentera Det Norske Misjonsselskap (NMS) sitt misjonsarbeid i Midtausten<sup>1</sup> dei første tjuufem åra sidan starten i 1990. Eg vil visa korleis det byrja som eit muslimmisjonsarbeid<sup>2</sup> som i stor grad var hemmeleg, men at det etter kvart utvikla seg til også å inkludera eit breitt og openlyst engasjement for ulike kristne grupper i Midtausten. «Me har framleis det same målet som då me starta, men me har fleire føter å stå på», blir det sagt.<sup>3</sup>

Tittelen på oppgåva er inspirert av nokså frie assosiasjonar med utgangspunkt i Jesu ord til læresveinane i Lukas 12,3. Det reflekterer både ei synkron spenning og ei kronologisk utvikling av arbeidet: Gjennom heile perioden har ein måtta «kviskra i einerom» om einskilde sider ved arbeidet, medan ein samtidig har prøvd å «ropa ut frå hustaka» den kristne budskapen gjennom ulike former for massemedia. Etter kvart som tida gjekk, har ein dessutan engasjert seg i stadig fleire typar prosjekt som NMS kunne vera heilt open om i kommunikasjonen med støttespelarane i Norge.

NMS er den eldste av dei store misjonsorganisasjonane innan Den norske kyrkja. Organisasjonen vart grunnlagd i Stavanger i 1842, der hovudkvarteret framleis ligg. I dag har NMS arbeid over heile verda, men i denne oppgåva er det først og fremst arbeidet i Midtausten som skal presenterast.

NMS har vore engasjert i Midtausten sidan 1990. Det byrja med økonomisk støtte til den internasjonale organisasjonen Middle East Media (MEM). Mellom 1993 og 2007 hadde NMS til saman ni misjonærar i området, men hovudvekta av arbeidet har vore støtte til ulike samarbeidsorganisasjonar; for det meste innan ulike former for massemedia, men i dei siste åra også til ulike sosiale og diakonale prosjekt. Dei første åra var hovudvekta på arbeidet knytt opp mot MEM, og NMS hadde på det meste tre misjonærfamiliar samstundes i medieorganisasjonen. Med etableringa av den kristne satellitt-TV-kanalen SAT-7 i 1995, endra mykje av arbeidet karakter, noko eg vil skildra meir inngående i sjølv oppgåva. Dei siste åra har ikkje NMS hatt eige personell fast stasjonert i Midtausten, men ein representant følgjer opp dei ulike prosjekta misjonen støttar i området.

---

<sup>1</sup> Sjå punkt 1.2 for korleis eg definerer «Midtausten» i denne samanhengen.

<sup>2</sup> Med «muslimmisjon» meiner eg kristen misjon med muslimar som målgruppe.

<sup>3</sup> Seniorrådgivar Åslaug Ihle Thingnæs i samtale med underteikna, 4. februar 2019.



Mastergraden «kultur møte» ved Høgskulen i Volda plasserer seg fagleg i krysningspunktet mellom historiefaget og religionsfaget. I vår samanheng er det naturleg å trekka inn faget missiologi, som har tre aspekt ved seg: det historiske aspektet er viktig for å analysere dei utfordringane ein står overfor i misjonsarbeidet i dag; det systematiske aspektet, også kalla misjonsteologi, drøftar grunngeving og målsetting for misjonsarbeidet; og det praktisk-teologiske aspektet tar for seg misjonsmetodikk og strategiar i arbeidet.<sup>4</sup> Kultur møtet i vår samanheng skjer på mange plan: Her møtest ikkje berre to religionar, kristendom og islam. Her møtest også ulike tolkingar av desse religionane. Kristendommen er ein religion som har utgangspunkt i Midtausten, og dei norske utsendingane har tolka denne ut frå sin eigen europeiske kultur. I misjonsarbeidet møter utsendingane arabiske kristne, som har ein heilt annan bakgrunn. Desse lever i spenningsfeltet mellom vestleg, protestantisk kristendom og tradisjonelle kyrkjesamfunn i Midtausten, og saman prøver misjonæra og dei lokale kristne å formidla ein budskap til menneske med ein annan religion, men innanfor den same arabiske kulturkrinsen. Samstundes pågår det eit stadig kultur møte i det arabiske samfunnet, mellom alle dei ulike sosiale og religiøse gruppene i regionen.

### 1.1 Problemstilling

Religionsmøte i Midtausten er særleg utfordrande, av mange grunnar. Det er og har vore eit politisk konfliktfylt område, der religion spelar ei viktig rolle som identitetsbyggande faktor. Grunna dei lange historiske konfliktane, særleg mellom kristendom og islam, har kristen misjon overfor muslimar vore vanskeleg. I denne oppgåva gir eg ei historisk framstilling av NMS sitt misjonsarbeid i Midtausten og stiller følgjande hovudspørsmål: Kva har vore NMS sin motivasjon for å engasjere seg i Midtausten og i dei ulike prosjekta og samarbeidsorganisasjonane?

Delspørsmål eg ønskjer å finna svar på undervegs er følgjande:

- Kva slags val og prioriteringar låg bak det første engasjementet?
- Kva har styrt val av strategiar og samarbeidspartnarar i åra som fylgde?
- Kva har ført til at NMS no har eit mykje breiare engasjement enn ved oppstarten i 1990?
- Kva har vore dei særlege utfordringane for misjonsarbeidet i Midtausten?

---

<sup>4</sup> Berentsen, Engelsviken, & Jørgensen, 1994:17

- Kva fekk det hemmelege preget på arbeidet å seia for misjonærane og for misjonsarbeidet?
- Korleis har misjonen tilpassa seg skiftande ytre tilhøve knytt til t.d. politikk medieteknologi, og marknad?
- Korleis kan ein driva målretta misjonsarbeid retta mot muslimar i hjarta av den muslimske verda utan å auka konfliktnivået mellom religionane?
- Kva tyder menneskerettane for NMS sitt arbeid?
- Har dei missiologiske grunngevingane for NMS sitt engasjement i Midtausten endra seg dei siste snart 30 åra?
- Har det breiare engasjementet NMS har fått i Midtausten i dag, dempa det opphavlege engasjementet for muslimmisjon?

Masteroppgåva er bygd opp av fem kapittel, der dei første to kapitla er gjennomgang av problemstilling og metodespørsmål, og kapittel 5 er ei oppsummering.

I kapittel 3 vil eg prøva å finna svar på kva slags val og prioriteringar som låg bak det første engasjementet til NMS i Midtausten. Det vil eg gjera ved å presentera Midtausten som region, særleg med tanke på kva som samlar og splittar regionen. Deretter vil eg gå gjennom nokre få hovudtrekk ved den politiske utviklinga sidan 1990 i nokre utvalde land, før eg gir eit overblikk over kristne kyrkjesamfunn i Midtausten. For å plassera NMS i ein større samanheng, vil eg gi eit overblikk over viktige fasar i misjonshistoria for Midtausten. Vidare ser eg på dei indre prosessane i NMS som førte til at organisasjonen retta blikket mot Midtausten, og på nokre ytre føresetnader som gjorde at ein såg på mediarbeid som ein god strategi for muslimmisjon i regionen. Til slutt i dette bakgrunnskapittelet vil eg reflektera litt rundt kor NMS plasserer seg i det misjonsteologiske landskapet, og presentera eit dokument som gav eit teologisk grunnlag for NMS sin praksis med tanke på muslimmisjon.

I kapittel 4 gir eg ei kronologisk oversikt over NMS sitt engasjement i Midtausten, frå det første samarbeidet med Middle East Media med stor grad av hemmelegald, via den openlyse mediasatsinga i den kristne satelitt-TV-kanalen SAT-7 til ulike prosjekt i samarbeid med lokale kyrkjer og organisasjonar. I dette kapittelet brukar eg også ein del plass på å drøfta viktige problemstillingar som har tilknytning til dei ulike prosjekta.

## 1.2 Avgrensingar og definisjonar

«Midtausten» i denne samanhengen blir definert svært vidt, og femner om alle dei arabisktalande fokegruppene i landa frå Marokko i vest til Irak i aust, og dessutan Tyrkia, Iran

og farsitalande i Afghanistan. Dette samsvarar i stor grad med det som ofte blir omtalt som MENA-regionen.<sup>5</sup> Det vil likevel vera ei større vektlegging av Egypt i oppgåva enn av resten av området, fordi dette er landet der NMS har konsentrert mykje av arbeidet sitt. Det jødiske og hebraisktalande Israel fell utanfor vårt fokus, fordi NMS ikkje har noko målretta arbeid her. I NMS-samanheng er også Pakistan ofte nemnt saman med Midtausten, men eg held det utanfor i denne framstillinga. Eg vil også ta med litt om arbeidet mellom arabisktalande innvandrara i Barcelona, fordi det har utgangspunkt i lokale samarbeidspartnarar for NMS i Egypt.

Den historiske hovudframstillinga avgrensar seg til dei første 25 åra av NMS sitt engasjement i Midtausten, frå dei første gong drøfta støtte til MEM hausten 1990 og fram til 2015, som var året før NMS byrja si siste omorganisering, med etableringa av NMS Global. For å setta denne perioden inn i ein større samanheng, vil eg også ta med noko generell historie og misjonshistorie i eit større tidsperspektiv. Det er også naturleg å seia litt om den konkrete utviklinga i NMS som førte fram til engasjementet i Midtausten.

Eg har ikkje gått inn på det økonomiske aspektet og sett på storleiken på støtta til dei ulike prosjekta. Det ville ha vore eit svært omfattande analysearbeid som ville sprengt grensene for masteroppgåva.

Eg vil ikkje gi mykje plass til presentasjon av SAT-7, sjølv om denne er ein viktig del av NMS sitt arbeid i Midtausten, men viser her først og fremst til Leif Ørjan Thingbø si masteroppgåve frå 2016, som tar for seg denne organisasjonen spesielt.<sup>6</sup>

I arbeidet med oppgåva har eg gjort visse avgrensingar med tanke på tryggleiken for lokale medarbeidarar. Ikkje alt kan skrivast for konkret, og ein del informasjon blir anonymisert eller gjort generell. Underteikna har signert ein teieavtale med Generalsekretariatet i NMS, der eg bind meg sjølv til å ikkje offentleggjera informasjon som eg får tilgang til i denne prosessen, utan å ha avklart dette med generalsekretariatet i NMS.

---

<sup>5</sup> MENA er akronym for «Middle East and North Africa». I den seinare tida er NMS begynt å bruka denne forkortinga. Sjå *Misjonstidende* 04/19 s.14-15.

<sup>6</sup> Thingbø 2016

Av ulike årsaker er ikkje alle utsendingane NMS har hatt til Midtausten nemnde med namn. Det er heller ikkje ei målsetting med denne oppgåva å skildra livet til utsendingane, og eg går ikkje i detalj om arbeidsoppgåvene deira.

Alle årstal er etter vår tidsrekning, basert på Kristi fødsel.

Når det gjeld transkribering av arabisk, har eg tatt utgangspunkt i krava frå International Journal of Middle East Studies (IJMES)<sup>7</sup>, men i ein del tilfelle brukar eg ei forenkla transkribering. Det gjeld t.d. der det arabiske ordet er blitt ein del av det norske språket – slik som i «shia-islam».

Koran-sitat refererer seg til versinndelinga som er brukt i Yusuf Ali-versjonen (sjå litteraturlista).

## 2 Kjelder og metode

Denne oppgåva er i hovudsak eit dokumentstudium, der eg gjer bruk av relevant litteratur og uformelle intervju for å kasta lys over det eg finn i dei dokumenta eg bruker som primærkjelder. Denne vekslinga mellom dokumentstudium, samtalar og lesing av litteratur har gitt meg ei gradvis breiare og djupare forståing av emnet.

Arbeidet med temaet til oppgåva byrja hausten 2017. Prosjektskissa var ferdig i januar 2018, og i februar 2018 og februar 2019 har eg vore i Stavanger for å samla inn arkivmateriale. Generalsekretariatet til NMS gav meg tilgang til deira arkiv og løyve til å intervju relevante kjelder. Arkivmaterialet fann eg dels i misjons- og diakoniarkivet (MDA) på VID Stavanger (tidlegare Misjonshøgskolen) og dels i kjellaren i NMS sitt administrasjonsbygg. I løpet av skriveprosessen har misjons- og diakoniarkivet overtatt ansvaret for også dette arkivet. Eg sit også sjølv på noko korrespondanse, dokument og dagboksnotat.

For å kasta lys over arkivmaterialet og for å få rettleiing i kva spørsmål som kunne vera aktuelt å stilla seg, har eg hatt kontakt med personar i NMS som har hatt ansvar for misjonsarbeidet i Midtausten tidlegare, og hatt samtalar og korrespondanse med nokre tidlegare misjonærar på feltet.

---

<sup>7</sup> Sjå «IJMES Translation and Transliteration Guide»,

[https://ijmes.chass.ncsu.edu/IJMES\\_Translation\\_and\\_Transliteration\\_Guide.htm](https://ijmes.chass.ncsu.edu/IJMES_Translation_and_Transliteration_Guide.htm) (funne 02.07.19).

## 2.1 Primærkjelder

Primærkjeldene mine er for det første referat og protokollar frå ulike NMS-organ: Landsstyret (LS) og LS sitt arbeidsutval (AU); leiarmøtet (LM), som er eit organ mellom leiarar i hovudadministrasjonen; og islamutvalet (IU). Dette siste utvalet vart oppnemnt i 1986 i samband med at NMS blei slått saman med Norsk Kristen Muslimmisjon.<sup>8</sup> Det eg har leita etter i desse kjeldene, er først og fremst formelle vedtak for å få sikre kjelder på den kronologiske oversikta.

Vidare har eg funne ein del stoff i korrespondanse og rapportar frå misjonsfeltet: Det eldste papirarkivet for Midtausten på hovudadministrasjonen var lite systematisk, men her fann eg ein del korrespondanse og nokre rapportar frå 1990-talet som var av interesse, og som eg viser til seinare i teksten. Det var først i byrjinga av 2000-talet at rapporteringa frå Midtausten blei systematisk, med grundige rapportar for dei ulike programma i NMS.<sup>9</sup> Dei fleste av dei rapportane eg refererer til i oppgåva, er rapportar frå representant i Midtausten/Pakistan, som inngår som bidrag til samlerapportar for dei tre programma Budskap, Bistand og Bygging.

Diverse strategi- og visjonsdokument presentert av styret i forkant av kvar generalforsamling kvart tredje år har også vore til hjelp for å få oversikt over kronologien, og for å sjå utviklinga i den strategiske tenkinga. Desse har opp gjennom åra hatt ulike namn som «langtidsplan», «strategidokument», «strategiplan», og «NMS strategi».

For å få innsyn i utviklinga i NMS si grunnleggande misjonsforståing generelt i perioden, har eg lagt til grunn to viktige dokument: Det første er visjonsdokumentet *Troskap mot kallet*,<sup>10</sup> som vart vedtatt av LS i juni 1981. Eit tilsvarande dokument er grunnlagsdokumentet *Verdensvid glede*,<sup>11</sup> vedtatt av LS juni 2004.

---

<sup>8</sup> Sjå punkt 3.6.1 «Samanslåing med Norsk Kristen Muslimmisjon»

<sup>9</sup> Sjå punkt 4.4 «Organisering i program»

<sup>10</sup> NMS 1982

<sup>11</sup> NMS 2004

Når det gjeld den særlege tenkinga rundt muslimmisjon, er den viktigaste kjelda «Policydokument om muslimmisjon for Det Norske Misjonsselskap», vedtatt av LS desember 1994.<sup>12</sup>

Eg har også i stor grad brukt NMS sitt hovudorgan *Misjonstidende* som kjelde, særleg dei årlege rapportane frå årbøkene, men også andre artiklar som kastar lys over misjonsarbeidet. I dei tilfella forfattar ikkje er oppgitt, blir artiklar frå årbøkene berre referert til med «*MT Årbok*, årstal og sidetal». Noko stoff har eg også funne på NMS sine nettsider. Faren med å bruka slike artiklar som kjelde, er at dei ofte er skrivne for å få fram dei positive sidene ved misjonsarbeidet, for å oppmuntra givarane. Dei kan skjula eller glatta over underliggande problem som kjem tydelegare fram i rapportar som ikkje er meint for eit større publikum.

Dei andre dokumenta i primærkjeldene er også frå «innsida» av NMS. Men når målet er å kasta lys over kva som har vore NMS sin interne argumentasjon for å engasjera seg i Midtausten og i dei ulike prosjekta og samarbeidsorganisasjonane, er det akkurat desse interne dokumenta som må vera dei viktigaste kjeldene.

## 2.2 Uformelle intervju

I noko grad har eg intervjuja eller hatt kontakt med einskildpersonar for å kasta lys over dei skriftlege kjeldene. Dette er tidlegare misjonærar, andre tilsette i NMS eller tidlegare lokale medarbeidarar. Desse intervjuja har ikkje hatt formell karakter, og er ikkje blitt tatt opp eller transkriberte, men eg har tatt notatar frå samtalan. Nokre samtalar har funne stad ansikt til ansikt; andre har vore gjennom munnleg eller skriftleg chat på Messenger.

## 2.3 Mi eiga rolle som deltakar i nokre av prosessane.

Eg var sjølv direkte involvert i prosessen med NMS sitt engasjement i Midtausten. Saman med ektefelle og etter kvart tre born var eg utsending for NMS i til saman sju år over to periodar, først frå 1993 til 1997 og deretter frå 1998 til 2001. Ein fare med å skriva om eit arbeid ein sjølv har deltatt i, er at det kan farga oppgåva, alt etter kva slags type erfaringar ein sjølv har hatt. Men slik er det jo også alltid med feltstudiar. Det har no (2019) gått 18 år sidan me som familie flytta tilbake til Noreg, og eg vurderer det slik at eg har fått ein såpass stor

---

<sup>12</sup> LS 87/94. Sjå elles punkt 3.5.2 «Policy-dokumentet om muslimmisjon».

avstand til mi eiga rolle i arbeidet, at eg kan sjå tilbake på det utan uheldige bindingar. I denne oppgåva har eg elles prøvd i så stor grad som mogleg å kasta lys over emnet med andre kjelder enn mine eigne minne eller dagboksnotat. Men på eitt område var det naturleg å bruka meg sjølv (og andre misjonærar) som primærkjelde: Når det gjeld identitetsproblem for utsendingane og spørsmålet om hemmeleghald av misjonsarbeidet.<sup>13</sup>

Elles har eg i stor grad nytta meg av publiserte kjelder, både trykte bøker og nettbaserte artiklar for å drøfta emnet i eit vidare perspektiv og for å gi lesaren nødvendig bakgrunnsinformasjon om regionen og om det som særpregar misjonsarbeid i denne delen av verda.

### 3 Bakgrunn

NMS presenterte det nye arbeidet i Midtausten i eit temanummer om muslimmisjon i *Misjonstidende* i april 1993 slik: «Det store området mellom Nordvest-Afrika og Irak og Iran i øst er med få unntak lukket for tradisjonelt misjonsarbeid. Dette området er dominert av islam i mange ulike avskygninger. I de fleste av landene finnes det kristne minoriteter, og deres kår varierer».<sup>14</sup> I dette kapitlet vil eg difor presentera den konteksten som NMS gjekk inn i den gongen dei byrja arbeidet i Midtausten. Det er naturleg å sjå litt nærare på demografi og religionsstatistikk, og sjå korleis den generelle historia i området har forma levekåra til dei kristne og tilhøvet deira til det muslimske fleirtalet. Her vil eg også gi ei kort oppsummering av misjonsarbeid i Midtausten gjennom historia, og sjå på den konkrete utviklinga i NMS som førte fram til at ein byrja arbeid på dette nye misjonsfeltet.

#### 3.1 Einskap og mangfald i Midtausten

«Golfkrigen brakte Midtøsten i fokus for verdens interesse nok en gang».<sup>15</sup> Slik byrjar islamkonsulent Jan Opsal<sup>16</sup> sin presentasjon av NMS sitt arbeid i Midtausten for lesarane av *Misjonstidende*, eitt år etter oppstarten. I dette innleiingsavsnittet vil eg ta utgangspunkt i

---

<sup>13</sup> Sjå punkt 4.1.3 «Hemmeleghald og identitetsproblem».

<sup>14</sup> Aano 1993

<sup>15</sup> Opsal 1992.

<sup>16</sup> Jan Opsal var islamkonsulent i NMS frå 1985. Sjå kap. 3.5

denne artikkelen for å gi eit overblikk over regionen og sjå nærare på nokre faktorar som samlar og splittar landa og folkegruppene i området. I denne oppgåva blir det ikkje rom for å gi eit detaljert bilete av den politiske utviklinga i regionen, men eg vil peika på nokre viktige trekk som ligg til grunn for situasjonen tidleg på 90-talet og skissera dei viktigaste utviklingstrekk fram mot notida.

Kva er det som gjer at me kan snakka om dette området som ein region? Kva er dei viktigaste faktorane som samlar regionen, og kva er det som splittar? «Much of Arab history can be seen as an interplay between the unifiers and the diversifiers», seier Nicholas S. Hopkins og Saad Eddin Ibrahim.<sup>17</sup>

Det er to hovudfaktorar som samlar den arabiske verda og Midtausten som region, men som samtidig ber i seg sprengkraft som verkar splittande. Det eine er språk og det andre er religion. I tillegg til dei ulike ikkje-arabiske språka, som t.d. tyrkisk og farsi, er det også mange språklege dialektar innan arabisk. Islam er heller ingen monolittisk religion, men framstår i dag ikkje berre med dei to hovudgreinene sunni og shia, men også med mange ulike sekter, tradisjonar og tolkingar. Midtausten har også religiøse minoritetar som spelar ei viktig rolle i samfunnslivet, og for meg har det vore naturleg å sjå nærare på dei kristne kyrkjene i området. Dette kjem eg tilbake til i punkt 3.3.

### 3.1.1 Den arabiske verda

I den omtalte artikkelen i *Misjonstidende* brukar Opsal uttrykket «Den arabiske verden». Kva vil det seia? Hopkins og Ibrahim gir følgjande definisjon på arabarar: «Arabarane», skriv dei, er folk som snakkar arabisk, som identifiserer seg sjølve som «arabarar» og som er borgarar av eller busett i medlemsland av Den arabiske liga (League of Arab States).<sup>18</sup> Vidare heiter det at i dette området er islam religionen til meir enn 90 % av folketalet. Språket og religionen har gjennom hundreåra bidratt til å skapa denne eininga som arabarane sjølve kallar «det arabiske heimlandet» (al-waṭan al-ʿarabi). Sjølv om me dermed kan snakka om den arabiske verda som ein einskap, er dette også eit område med store forskjellar. På den måten kan ein seia at «den arabiske verda» er eit «forestilt fellesskap» slik Benedict Anderson definerer nasjonen.<sup>19</sup> Den politiske einskapen som ein gong var, er der ikkje lenger, men draumen har

---

<sup>17</sup> Hopkins & Ibrahim 1997:6

<sup>18</sup> Hopkins & Ibrahim 1997:1

<sup>19</sup> Anderson 1996:19



levd vidare i ulike former, først og fremst i ulike strøymingar som tar utgangspunkt anten i språket, eller i islam. Pan-arabismen<sup>20</sup> prøver å bygga politisk einskap mellom alle dei arabisk-talande landa, medan pan-islamismen søker einskap i det verdsvide fellesskapet av muslimar.

Arabarane som folkegruppe hadde utgangspunktet sitt på den arabiske halvøya. Det islamske herreveldet over den arabiske halvøya som profeten Muhammad hadde etablert før han døydde, blei ganske raskt til eit arabisk imperium som strekte seg heilt frå Atlanterhavet i vest til Indusdalen i aust. Etter som hundreåra gjekk, blei dette arabiske imperiet avløyst av ulike ikkje-arabiske, men islamske imperium. Det siste av desse var det osmanske<sup>21</sup> riket. Store delar av den arabiske verda var ein del av det osmanske riket fram til langt inn på 1800-talet – delvis også 1900-talet – og arven etter osmanane pregar framleis lovgivinga i mange arabiske land. Etter kvart som det osmanske riket byrja å minka, fekk europeiske makter overtaket og koloniserte den arabiske verda. Særleg markerer den første verdskrigen eit tidsskilje i så måte. Det osmanske riket blei avløyst av ein sekulær, tyrkisk nasjonalstat. Mellom 1920 og 1960 blei mesteparten av dei nye arabiske nasjonalstatane uavhengige av kolonimaktene, men politisk einskap har vore mykje vanskelegare å oppnå.<sup>22</sup>

Då Saddam Hussein invaderte Kuwait i august 1990, vekte det sterke reaksjonar blant arabarane. Invasjonen fekk mykje folkeleg støtte, men det splitta den arabiske verda politisk. Den palestinske frigjeringsorganisasjonen PLO håpte Saddam<sup>23</sup> kunne forhandla fram ei løysing for palestinarane. Mange såg på Saddam som ein ny Nasser, ein som kunne overta rolla etter den populære egyptiske presidenten Gamal abd-el-Nasser som arabarane sin forsvarar mot vestlege kolonistar.<sup>24</sup> Dette gav glød til den gamle pan-arabismen frå nokre tiår tidlegare (sjå nedanfor). Andre arabiske leiarar såg på Saddam som ein trussel, og invasjonen av Kuwait sette ein stoppar for eit av dei siste forsøka på å sameina delar av den arabiske verda i politisk samarbeid. Det arabiske samarbeidsrådet (ACC – Arab Cooperation Council)

---

<sup>20</sup> Sjå t.d. Karsh, Efraim (2006) *Islamic Imperialism. A history*, kap. 8 og 9 for ei innføring i pan-arabismen.

<sup>21</sup> På norsk skriv ein både «osmansk» og «ottomansk». Eg vel å bruka «osmansk», som samsvarar med den norske skrivemåten av grunnleggaren av dynastiet, Osman I.

<sup>22</sup> Hopkins & Ibrahim, 1997:3

<sup>23</sup> Det er fornarnet til den tidlegare irakiske presidenten som er det mest kjende. Eg brukar dette for å ikkje forveksla han med den jordanske kong Hussein.

<sup>24</sup> The Economist 2007

hadde blitt stifta året før, i februar 1989, av Egypt, Jordan, Irak og Yemen, men overlevde ikkje invasjonen.<sup>25</sup>

På 1950- og 60-talet hadde Nasser vore den viktigaste eksponenten for moderne, sekulær pan-arabisme. Han var ein av dei såkalla «frie offiserane» som tok makta i 1952 og avsette kong Farouk, og framstod snart som leiaren, ikkje berre for Egypt, men for dei store massane i Midtausten. Den sekulære pan-arabismen har røter som rekk tilbake til 1800-talet. Kristne grupper i Libanon spelte den gongen ei viktig rolle for arabisk litteratur og historie. Dei håpa at ei lausriving frå det osmanske imperiet og det islamske kalifatet skulle bana veg for ei sekulær arabisk statsmakt med likeverd for ulike religiøse grupper.<sup>26</sup> Med utgangspunkt i ein pan-arabisk ideologi, såg den arabiske verda fleire forsøk på politiske unionar på 1950- 60- og 70-talet. Den mest langvarige av desse var Egypt og Syria 1958-61, men ingen av forsøka var vellukka.<sup>27</sup>

Sjølv om forsøka på politiske unionar ikkje førte fram, er det mange grunnar til å sjå på den arabiske verda som eitt sosio-kulturelt område, ifølge Hopkins og Ibrahim. For det første: Eit viktig formelt uttrykk for arabisk einskap er at alle dei 22 medlemsstatane av Den arabiske liga ser statane som ein del av ein større, arabisk nasjon. Tanken er at den noverande situasjonen, med den arabiske verda oppdelt i mange sjølvstendige statar, berre er «midlertidig». Målet – i teorien om ikkje i praksis – er at desse arabiske statane skal finna saman i ein nasjonalstat.

For det andre er tanken om ein arabisk nasjon delt av fleirtalet av innbyggjarane i alle dei arabisktalande landa. Ifølge ei undersøking publisert i 1980, svarte 80% at dei identifiserte seg som arabarar som høyrde til i ein arabisk nasjon. Eit døme på at denne tanken framleis gjer seg sterkt gjeldande som ein draum i folkedjupet, er songen «al-ḥilm al-ʿarabi» («Den arabiske draumen»), som kom ut i 1998 og vart ein farsott i 2000 i samband med den palestinske intifadaen. Dette er ei gruppeframføring med fleire artistar, tydeleg inspirert av den vestlege «We are the world» frå 1985.<sup>28</sup> «Slektledd etter slektledd skal leva på draumen vår». Slik byrjar songen, og i refrenget, som blir gjentatt 10 gonger, heiter det at «Kanskje kan nattemørket halda oss borte ein dag, men lysstråla kan nå til den høgaste himmel. Det er

---

<sup>25</sup> The Economist 2009

<sup>26</sup> Butenschön 2008:60

<sup>27</sup> Holter, 1976:115-118

<sup>28</sup> Najib 2018

draumen vår, så lenge me lever: eit fang som femner oss alle». Litt lenger ute i teksten syng ein om einskapen mellom alle som snakkar «lisān al-ḍād», som er ei omskriving av «det arabiske språket», fordi arabisk visstnok skal vera det einaste språket som har bokstaven ض (ḍād) i alfabetet. Det var tydeleg at songen vekte kjensler som samla arabarar over landegrensene, sjølv om det knapt kan samanliknast med song-ikona frå tidlegare på nittenhundretalet, som legendariske Umm Kulthum, Abdel Halim Hafez og andre.

For det tredje er det nettopp fordi tanken om ein arabisk nasjon er så sterk både i dei offisielle konstitusjonane og i dei folkelege kjenslene, at me har sett dei mange pan-arabiske organisasjonane som har blitt danna sidan 1945. For det fjerde har regionen i tiåra etter andre verdskrigen sett ei stor auke i menneskeleg kommunikasjon over landegrensene, både med tanke på turisme og studiar, arbeidsmigrasjon og forretningsliv.<sup>29</sup>

Samstundes som språk er ein samlande faktor i den arabiske verda, skapar det også skiljeliner. Det finst t.d. store dialektforskjellar og regionale forskjellar mellom egyptisk dagligtale og dialektar i dei tidlegare franske koloniane i Nord-Afrika, men dei største skilja går mellom arabarar og dei som snakkar andre språk, som t.d. tyrkisk, farsi, eller kurdisk. Der språket skapar skilje, kan likevel religionen fungera samlande.

### 3.1.2 Religion som samlande og splittande faktor

Islam oppstod på den arabiske halvøya tidleg på 600-talet. Etter at profeten Muhammad døydde, erobra det nye islamske riket snart store delar av Midtausten, og etter hundre år strekte det seg frå Marokko og den iberiske halvøya i vest til Indusdalen i aust.<sup>30</sup> Gjennom mange hundre år har islam påverka kulturen i desse områda, og er i dag den dominerande religiøse krafta over heile Midtausten og Nord-Afrika. Her finn me islam i alle sine varierte former og utgåver, med dei velkjende religiøse lærestadene som det sunni-muslimske al-Azhar-universitetet i Kairo, eller den shia-muslimske heilage byen Qom i Iran. Alle dei ulike tradisjonelle lovskulane er representerte i dagens Midtausten, men her finst også ei mengde andre religiøse uttrykk som t.d. sufismen, dvs. den islamske mystikken, og ei stor og variert folkeleg fromheit.<sup>31</sup> Islam har påverka lovgjevinga i heile regionen, men me finn ei stor

---

<sup>29</sup> Hopkins & Ibrahim 1997:4

<sup>30</sup> Lewis 1992:10

<sup>31</sup> Sjå t.d. kapittel 10-12 i Opsal 1994a

spennvidde i kva rolle folk meiner religionen skal ha i samfunnet i dag. Noko av dette skal me komma nærare inn på etter kvart, i den grad det er relevant for denne oppgåva.

Islam er ein samlande faktor som geografisk og talmessig femner om mange fleire enn berre arabarane, men religion fungerer også splittande. Det gjeld både mellom sunni- og shia-muslimar, mellom ulike politiske tolkingar av islam og med tanke på religiøse minoritetar. Jan Opsal skriv i *Misjonstidende* si Årbok i 1992 at Golfkrigen førte til «at frustrasjonen økte i store grupper i den arabiske verden. Dette gir igjen vind i seilene til ytterliggående fundamentalistiske retningar.» Han skildrar så korleis dette hadde ført til at kristne i Egypt hadde blitt trakasserte på ulike måtar. Noko ny utvikling var dette likevel ikkje. Heilt sidan nederlaget mot Israel i 1967 hadde religion blitt viktigare for folk flest. Mange søkte etter løysinga på dei politiske problema i islam. Religiøse organisasjonar hadde gradvis begynt å ytra kritikk mot regimet, og fekk stadig større makt i samfunnet, fram til den dagen president Sadat vart skoten i oktober 1981.<sup>32</sup> Seinare hadde etterfølgjaren hans, Muhammad Hosny Mubarak, ei restriktiv linje overfor islamistiske organisasjonar, og det same har noverande president Abdel Fattah al-Sisi i endå sterkare grad.

Politisk islam har mange namn: t.d. islamsk fundamentalisme, muslimsk ekstremisme, militant islam eller salafi-jihadisme. I ramma av denne oppgåva kan eg berre streifa emnet, og nøyer meg med å bruka omgrepet «islamisme».<sup>33</sup> Islamismen er ein politisk ideologi med mange avskyggingar og grupper, men felles for dei er at dei har dei ideologiske røtene sine langt tilbake i tid. Ibn Taymiyya er ofte nemnd som ein inspirator for den moderne islamismen. Han var ein jurist frå 1300-talet innan den strenge hanbali-skulen, og har inspirert mange nyare retningar. På den arabiske halvøya fekk Muhammad Ibn abd-al-Wahhab<sup>34</sup> stor påverknad på 1700-talet.<sup>35</sup> På 1800-talet spreidde den omreisande ideologen Jamal al-Din al-Afghani ein revolusjonær pan-islamisme som ville gjenreisa det gamle kalifatet.<sup>36</sup> Kalifatet har bakgrunn i den første tida til islam. Då profeten Muhammed døydde skulle det veljast ein

---

<sup>32</sup> Marsot, 1985:138-140

<sup>33</sup> Kari Vogt har ei grundigare drøfting av omgrepet. Sjå Vogt 2005:230.

<sup>34</sup> Rørsla han skapte er mest kjend under namnet «wahhabisme», men sjølve kallar dei seg helst «muwahhidun», eit namn som er ein variant av ordet for «einskap», dvs. ein streng monoteisme. Det namnet var også brukt tidlegare, av ei anna rørsla med tilsvarande ideologi, nemleg almohade-kalifatet i Nord-Afrika og det islamske al-Andalus på 11-1200-talet. Sjå elles Bennison 2010:145.

<sup>35</sup> Vogt 2005:234-239

<sup>36</sup> Hourani 1983:108

etterfølgjar (arabisk *khalīfa*) som skulle vera både religiøs og politisk leiar for muslimane. Det er usemje om kven som skulle vera kalif som er bakgrunn for striden mellom sunni- og shia-islam. Dei osmanske herskarane hadde også brukt «kalif» som ein ærestittel om seg sjølv, men etter at det moderne, sekulære Tyrkia vart oppretta, blei kalifatet oppløyst.<sup>37</sup> Dette var ei medverkande årsak til at egyptaren Hasan al-Banna oppretta Muslimbrørne i 1928.

Muslimbrørne var den viktigaste maktbasen til «dei frie offiserane» som avsette den egyptiske kong Faruk i 1952, men president Nasser undertrykte rørsla.<sup>38</sup> Både Nasser og Sadat hadde vore medlemmer av Muslimbrørne i tida før revolusjonen.

Vår definisjon av Midtausten omfattar meir enn den arabiske verda. Tyrkisk, farsi og kurdiske språk blir også tala av store grupper. Tyrkia og Iran er dei største ikkje-arabiske landa i Midtausten, med folketal på høvesvis 80 og 82 millionar.<sup>39</sup> Då NMS byrja arbeidet sitt i Midtausten i 1990, var Tyrkia framleis sterkt prega av den sekulære arven etter Mustafa Kemal Atatürk, som ville ha eit tydeleg skilje mellom stat og religion. Dette skiljet er mindre tydeleg i dag, med president Erdogan ved makta.<sup>40</sup> Utviklinga i Iran har hatt både ein samlande og ein splittande effekt. Den islamske revolusjonen i 1978/79 fekk store ringverknader: «I hele den muslimske verden, enten det dreiet seg om sunni- eller shia-områder, ble revolusjonen hilst med begeistring og inspirerte islamistiske grupper og partier», skriv Kari Vogt.<sup>41</sup> I seinare tid har Iran spelt ei viktig rolle i det maktpolitiske spelet i Midtausten, ikkje minst i samband med shia-muslimske folkegrupper utanfor Iran, som t.d. Irak, Syria og Yemen.<sup>42</sup>

Islam er den dominerande religionen i Midtausten. Ifølge Pew Research Center er om lag 90% av folket i Midtausten og Nord-Afrika muslimar. Dette prosenttalet har halde seg om lag likt sidan 1990, sjølv om folketalet har dobla seg.<sup>43</sup> På andre og tredje plass prosentvis kjem kristendom og jødedom. Det er også ei rekke andre religionar representerte i Midtausten, men dei er relativt fåtalige. I denne oppgåva kjem eg til å fokusera særleg på islam og

---

<sup>37</sup> Hourani 1991:221

<sup>38</sup> Vogt 2005:243

<sup>39</sup> CIA 2018a og 2018b.

<sup>40</sup> Mintner 2018

<sup>41</sup> Vogt 2005:257

<sup>42</sup> Axworthy 2018

<sup>43</sup> Pew Research Center 2015

kristendommen som hovudmålgrupper for NMS sitt misjonsarbeid i Midtausten. Som me skal sjå nærare på seinare, var det muslimmisjon som var utgangspunktet for NMS sitt engasjement i området, men etter kvart har samarbeidet med og støtten til kristne organisasjonar og kyrkjer i Midtausten fått større plass.

Før staten Israel vart oppretta i 1948 var det ein stor jødisk diaspora i Midtausten, men no bur dei aller fleste i Israel. Det israelske utanriksdepartementet reknar i dag med at om lag ni hundre tusen jødar flykta eller blei tvungne i eksil frå ulike land i MENA-regionen etter 1948.<sup>44</sup> Iran er det landet i regionen som utanom Israel har det største talet av jødar. Ifølge Jewish Virtual Library budde det 8500 jødar i Iran i 2017.<sup>45</sup>

Ein reknar med at det er mindre enn 4 % kristne i Midtausten, men desse fordeler seg svært ujamt, med dei største gruppene i Egypt, Libanon og Syria.<sup>46</sup> I artikkelen «De kristne i Midtøsten: En innføring» drøftar Berit Torbjørnsrud dette nærare, og presiserer kor vanskeleg det er å finna dei rette tala, både på grunn av usikre folketeljingar, store folkeforflyttingar og fordi det er eit politisk sensitivt spørsmål. Når ho likevel refererer til tal og prosentdelar, tar ho utgangspunkt i det amerikanske Pew Research Center sine tal.<sup>47</sup>

I neste avsnitt skal me sjå nærare på korleis dei mange spenningane i den arabiske verda har kome til uttrykk dei siste tre tiåra i nokre utvalde land.

### 3.2 Politiske tilhøve sidan 1990

Politisk har det skjedd store endringar i Midtausten sidan 1990. I vår samanheng har eg berre høve til å streifa innom nokre hovudtrekk, særleg med tanke på land med ein større kristen befolkning, og med ei hovudvekt på Egypt, der det meste av NMS sitt engasjement har vore. Palestina-konflikten, som elles har hatt ein så stor plass i det norske mediebildet, har i liten grad påverka NMS sine samarbeidspartnarar. Det som derimot har fått store følgjer, særleg for TV-produksjonen i MEM og SAT-7, men også generelt for situasjonen til dei kristne i Midtausten, er etterverknadane av Golfkrigen i 2003 og «den arabiske våren» frå 2011.

---

<sup>44</sup> Israel Ministry of Foreign Affairs 2017

<sup>45</sup> Jewish Virtual Library 2018

<sup>46</sup> Pew Research Center 2015

<sup>47</sup> Torbjørnsrud 2015:31

1990-talet var prega av ein relativt stabil politisk situasjon over store delar av MENA-området, men også av ein stadig veksande islamisme. Dette ser me særleg etter nederlaget mot Israel i 1967, som ødela den folkelege tilliten til den radikale arabiske nasjonalismen som Nasser hadde vore den største eksponenten for.<sup>48</sup> Me vil sjå nærare på dette i egyptisk samanheng, men lat meg først peika på utviklinga i nokre andre utvalde land.

### 3.2.1 Libanon

Då Libanon blei etablert som eigen stat i 1943-46 spelte dei kristne ei viktig rolle. Franske politikarar meinte det var nødvendig med ein eigen stat der dei kristne hadde demografisk fleirtal, og det politiske systemet skulle sikra maktfordeling mellom ulike religiøse grupper. Misnøye med dette, særleg frå shia-muslimsk hald, var ein del av bakgrunnen for at borgarkrigen braut ut i 1975. Sjølv om dei kristne sin posisjon i dag nok er svekka, er Libanon framleis eit annleis land i Midtausten, med dei fleste kristne konfesjonar representerte.<sup>49</sup> Dette er naturleg nok ein del av bakgrunnen for at SAT-7 etablerte seg med studio i Beirut.<sup>50</sup>

Den langvarige borgarkrigen i Libanon enda på sett og vis med Ta'if-avtalen i 1989, men dei underliggande årsakene til konflikten heldt fram med å prega landet i mange år framover, og gjorde at det blussa opp kampar igjen fleire gonger, både i interne konflikhtar og mot grensa til Israel. Syria dominerte lenge libanesisk politikk, både gjennom eigne styrkar og ved å støtta Hizbolla-militsen i Sør-Libanon.<sup>51</sup>

### 3.2.2 Irak

Irak blei styrt med sterk og hard hand av Saddam Hussein fram til han blei styrta i 2003, men krigen mot Iran hadde vore svært krevjande for folket. Invasjonen av Kuwait, med påfølgjande økonomiske sanksjonar frå FN førte til endå fleire lidingar. Den USA-ledda invasjonen av Irak i 2003 utløyste ein valdeleg sekterisme som i sin tur førte til at meir enn halvparten av dei kristne i landet var blitt fordrivne innan 2014.<sup>52</sup> Dei ulike folkegruppene er blitt drivne stadig lenger frå kvarandre. Dersom konfliktane held fram, kan me sjå ei meir eller mindre varig løysing i eit tredelt Irak, med eit kurdisk område i nord, eit sunnimuslimsk område i vest og eit shiamuslimsk område i sør og aust, skriv Truls Tønnessen. Han meiner

---

<sup>48</sup> Utvik 2018:77

<sup>49</sup> Grung 2015:157-163

<sup>50</sup> Sjå kap. 4.2.1

<sup>51</sup> Dølerud 2018

<sup>52</sup> Torbjørnsrud 2015:29

det likevel er meir sannsynleg at rivaliserande grupper vil kjempa om makta over Baghdad og samtidig kjempa for lokalt sjølvstyre i ein stat som er meir desentralisert enn den som var før den amerikanske invasjonen.<sup>53</sup>

### 3.2.3 Syria

Syria var ei trygg hamn for dei kristne flyktningane frå Irak. Både Hafez al-Assad (d.2000) og sonen Bashar har ført ein politikk som skal verna minoritetane. Familien høyrer sjølv til Alawittane, ei religiøs gruppe med røter i shia-islam, og har interesse av å bruka andre minoritetar i maktkampen mot det sunnimuslimske fleirtalet. Då opprøret mot Assad starta i kjølvatnet av den arabiske våren i 2011, var dei kristne delt i synet på dette. Mange, særleg unge, støtta aktivt opprøret i starten, men krigen har rive landet sund, i det som FN har karakterisert som den største humanitære katastrofen sidan 2. verdskrigen.<sup>54</sup> Statistikk frå 2018 viser at meir enn 5,6 millionar har flykta frå Syria sidan 2011, og at det er meir enn 6,6 internt fordrevne menneske i landet.<sup>55</sup> Sjå elles avsnittet om Den arabiske våren (kap.3.2.5).

### 3.2.4 Egypt

Muhammad Hosny Mubarak hadde vore president i ni år på den tida NMS byrja å engasjera seg i Midtausten. Han overtok etter Anwar al-Sadat, som i si presidenttid hadde latt islam få ein stadig større plass i det egyptiske samfunnet. Sidan 1970-talet hadde det egyptiske samfunnet sett ei allmenn religiøs mobilisering etter Nasser sin sekulære statssosialisme i dei to førre tiåra. Sadat sin økonomiske politikk gjorde også at dei religiøse aktørane, både frå kristent og islamsk hald, tilbød velferdsordningar der staten svikta.<sup>56</sup> Sadat blei til slutt drepen av ytterleggåande militante islamistar under 6. oktober-markeringa i 1981.<sup>57</sup>

Mubarak og den politiske og intellektuelle eliten førte sin kamp mot islamismen med både tryggleikspolitiske verkemiddel og gjennom kampanjar i massemedia, som Lila Abu-Lughod påpeikar i si analyse av egyptiske fjernsynsseriar: Desse seriane fylgde tre strategiar i kampen mot religiøs ekstremisme. To av desse strategiane hadde støtte frå styresmaktene, og gjekk ut

---

<sup>53</sup> Tønnessen 2018:109

<sup>54</sup> Torbjørnsrud, 2015:25

<sup>55</sup> United Nations High Commissioner for Refugees 2018

<sup>56</sup> Vogt 2015:121

<sup>57</sup> 6. oktober var starten på krigen mot Israel i 1973, også kalla Yom Kippur-krigen. I Egypt blir dagen feira som ein stor siger, og starten på prosessen som førte til at Israel gav Sinaihalvøya tilbake til Egypt i fredsavtalen av 1978.



på å stilla terroristar i eit dårleg lys og gi gode døme på koptisk-muslimsk einskap. Den tredje - å gi nytt liv til «tradisjonelle» kulturelle verdiar frå landsbygda – var meir tilfeldig, men ikkje mindre viktig, «because it offered up ‘authentic’ positive alternatives to Islamic identity from and for Upper Egypt, the very region most associated in the minds of the northern urban elite with Islamic militancy».<sup>58</sup>

Også andre sider ved egyptisk populærkultur på denne tida reflekterte den same kampen mot religiøs ekstremisme, som t.d. filmen «Hassan wa Marcus» (Hassan og Markus) frå 2008, med den populære egyptiske skodespelaren Adel Imam og den internasjonalt anerkjende Omar Sharif i hovudrollene. «Hassan og Markus» er ein komedie om to religiøse familiar som fekk fiktive identitar i eit vitnebeskyttelsesprogram frå politiet – men kvar av dei er utkledd som den motsette religionen, koptarane som muslimar, og muslimar som kristne. Når dei tilfeldigvis havnar i same bustadblokk, veks det fram eit vennskap mellom dei.<sup>59</sup> Filmen er ei moderne tilpassing av ein komedie frå 1954, med tittelen «Hassan, Markus og Kohan», som igjen bygger på eit populært skodespel frå tidleg i førtiåra.<sup>60</sup> Før Suezkrigen i 1956 var det endå ei stor gruppe jødar som budde i Egypt, og den gamle filmen brukar stereotypar for å karakterisera dei tre religiøse gruppene.

I kampen mot islamismen hadde Mubarak også ein alliert i den koptisk-ortodokse pave Shenouda III, som hadde hatt eit svært anstrengt forhold til president Sadat, særleg sidan fredsavtalen med Israel i 1978.<sup>61</sup> Shenouda hadde vore svært populær i store delar av folket, muslimar inkludert, fordi han hadde våga å utfordra regimet. Men i 1981 reagerte Sadat med å fengsla meir enn hundre prestar og biskopar, og paven fekk husarrest i Anba Bishoy-klosteret i Wadi Natrun. Mubarak hadde vore president i fire år før han gjeninnsette Shenouda som pave. No lovde presidenten å verna dei kristne, mot løfte om at kyrkja skulle spela ei støttande rolle overfor staten sin politikk.<sup>62</sup>

### 3.2.5 Den arabiske våren

Den arabiske våren er eit samlande namn på ei rekke folkelege opprør som starta i Tunisia i 2010, og som raskt spreidde seg til andre land i den arabiske verda. Opprøra førte til regime-

---

<sup>58</sup> Abu-Lughod 2001:163. Sjå også det eg skriv om mi eiga studie av eitt slikt TV-drama i avsnitt 4.1.3

<sup>59</sup> Malone 2015

<sup>60</sup> Bizawe 2008

<sup>61</sup> Vogt 2015:121

<sup>62</sup> Vogt 2015:122

endringar i fleire land, og til borgarkrigar som enno (juni 2018) pågår i Syria og Yemen. Eg vil her gi eit kort samandrag av dei viktigaste hendingane i samband med den arabiske våren og åra etterpå, særleg med tanke på utviklinga i Egypt og i Syria. Seinare i oppgåva vil eg sjå nærare på korleis desse hendingane har påverka arbeidet til NMS sine samarbeidsorganisasjonar.<sup>63</sup>

Dei dramatiske hendingane vinteren 2010/2011 rysta heile Midtausten. Det som var den utløysande årsaka til den arabiske våren var ei hending i Sidi Bouzid, ein provinsby i Tunisia, i desember 2010: Den unge grønsakseljaren Mohamed Bouazizi sette fyr på seg sjølv i protest mot politiet, som hadde nekta han å livnæra seg ved å selja frukt og grønsaker i vegkanten. Dette var gnisten som sette fyr på eit bål som allereie var knusktørt. Protestane i Tunisia spreidde seg raskt til andre land, og utvikla seg til det som (særleg i vestlege media) fekk namnet «den arabiske våren». Folk i mange arabiske land reagerte mot mangel på demokrati, mot politisk undertrykking, økonomiske forskjellar, utbreidd korrupsjon og mykje meir. Kari Vogt meiner det var tre viktige sider ved det som skjedde i dei ulike landa: For det første var demonstrasjonane spontane, for det andre var det breie lag av folket som deltok i demonstrasjonane, så det var ikkje mogleg for styresmaktene å identifisera og eliminera ei tydeleg leiargruppe, og for det tredje var ønsket om politisk fridom eit tydeleg krav.<sup>64</sup>

«Det går knapt an å overdrive hvilke sjokkbølger dette sendte over hele den arabiske verden», skriv Bjørn Olav Utvik om demonstrasjonane i Tunisia som førte til at diktatoren Zine al-Abidine Ben Ali gav frå seg makta og flykta til Saudi-Arabia.<sup>65</sup> «At folkelige demonstrasjoner i gatene skulle være i stand til å velte en hersker og åpne for politisk frihet og reform, virket utenkelig. Nå hadde det skjedd, og det hadde en voldsom mobiliserende effekt», skriv han vidare. Det som så hende, var som kjent at demonstrantar inntok Tahrir-plassen i Kairo den 25. januar, og knappe tre veker seinare gjekk president Mubarak av. Same året blei det halde avrøysting om grunnlovsendingar og val til parlamentet, der muslimbrørne og salafistane til saman fekk kontroll over nærare tre firedelar av seta. Sommaren 2012 blei så muslimbrørne sin kandidat, Muhammed Morsi valt til president. Dei som hadde den reelle makta i landet var likevel militæret, representert ved det som me kjenner under den engelske forkortinga SCAF – Supreme Council of the Armed Forces. Dei utnytta splittelsen i landet og

---

<sup>63</sup> Sjå kap. 4.6

<sup>64</sup> Vogt 2012

<sup>65</sup> Utvik 2018:81

støtta den sekulære opposisjonen, som kravde at Morsi skulle gå av. Etter store demonstrasjonar sommaren 2013 greip SCAF inn og avsette Morsi. Den nye sterke mannen i Egypt var general Sisi, som «lot seg hylle som president i fiktive valg der han endte med 97 prosent av stemmene.»<sup>66</sup> President Morsi sat fengsla til han døydde 17. juni 2019.<sup>67</sup>

I Syria førte opprøret gradvis til full borgarkrig. Det som starta som protestar mot politivald i den sørlege grensebyen Daraa i februar 2011, spreidde seg gradvis til andre byar i Syria. Krigen førte til store sivile lidningar og mange millionar flyktningar eller internt fordrivne. Ulike opprørsgrupper har kjempa mot regjeringsstyrkane, men har også vore innbyrdes i konflikt med kvarandre. Samstundes er konflikten ein «proxy war», eller ein «stedfortrederkrig», dvs ein krig som ulike grupper kjempar på vegne av andre. Iran og Russland har t.d. vore sterke støttespelarar for Bashar al-Assad, medan Saudi-Arabia og USA har støtta opprørsgruppene. Tyrkia er også eit land med ambisjonar om å påverka utviklinga i regionen, som me har sett så tydeleg med invasjonen av Nord-Aust-Syria hausten 2019.

Mellom 2013 og 2015 spelte den radikale jihadistgruppa Den islamske stat (IS) ei viktig rolle i konfliktane i regionen, med sitt ønske om å etablera eit nytt kalifat med utgangspunkt i Irak og Syria. Frå 2015 har IS hatt militær tilbakegang, til dei blei militært nedkjempa vinteren 2019.<sup>68</sup> Då IS okkuperte den viktige irakiske byen Mosul og landområda omkring i juni 2014, førte det til masseflukt. Etter eit halvt år blei det rapportert at 160 tusen kristne hadde flykta frå Mosul.<sup>69</sup> Endå verre var det for yezidiane, den religiøse minoriteten som blei utsett for folkemord då IS okkuperte Sinjarprovinsen nord i Irak i august 2014.<sup>70</sup>

Dei kristne i Egypt var delt i synet på revolusjonen. Pave Shenouda III hadde støtta Mubarak under demonstrasjonane våren 2011, medan andre kristne hadde vore passive tilskodarar eller engasjert seg aktivt i protestane. Den nye pave Tawadros II, som vart innsett i oktober 2012 har sagt at han ville at kyrkja først og fremst skulle forvalta dei åndelege oppgåvene sine, og

---

<sup>66</sup> Utvik 2018:89

<sup>67</sup> Aboudi 2019

<sup>68</sup> Leraand 2019

<sup>69</sup> NTB 2014

<sup>70</sup> United Nations Human Rights Council 2016

ikkje engasjera seg politisk. Seinare gav han likevel uforbeholden støtte til general Sisi då han overtok makta.<sup>71</sup>

Det er mange sterkt avvikande synspunkt på kva som førte til at president Morsi blei avsett sommaren 2013. Det er ikkje utan vidare klart at han førte eit vanstyre, eller at han ikkje heldt seg til demokratiske spelereglar, men våren 2013 begynte ei rekke sekulært orienterte politikarar å krevja at han skulle gå av. Rørsla *Tamarrud* (opprør) samla inn underskrifter og mobiliserte til store demonstrasjonar.<sup>72</sup> Også mange av dei kristne egyptarane var aktivt med på desse demonstrasjonane. Ramez Atallah i Det egyptiske bibelselskapet skreiv t.d. om dette i fleire nyhetsbrev sommaren og hausten 2013: «We all felt very proud to be Egyptians and to be among so many wonderful compatriots from Christians to conservative, Muslim, veiled women! The concern, enthusiasm, passion and love for our country which we all shared was exhilarating and made us all the more loyal to our great nation.»<sup>73</sup> Han skriv vidare i sin eigen blogg at dei kristne hadde følt seg veldig eitt med den store majoriteten av moderate muslimar, men at dei hadde frykta at egyptiske muslimar under Morsi sitt presidentskap var i ferd med å omfamna ein versjon av islam som ville vera fiendtleg mot dei kristne.<sup>74</sup>

Ikkje alle kristne var like glade for det som skjedde den gongen. Mange vart også skuffa over at Egypt blei eit endå meir autoritært samfunn under president Sisi. Ein av dei som stilte seg kritisk til pave Tawadros sin eintydige støtte til presidenten, er Ehab Kharrat, ein av leiarane i Kasr el-Dobarakyrkja. I eit intervju med Johannes Morken frå Stefanus-alliansen erkjenner han at mange såg på Sisi som ein redningsmann, men han er også sterk kritisk til delar av politikken hans.<sup>75</sup>

I Syria har me sett noko av den same dynamikken som gjorde at mange kristne støtta diktatoren fordi dei meinte han ville beskytta minoritetane, sidan Assad-familien høyrer til Alawittane, ein religiøs minoritet med røter i shia-islam. T.d deltok kristne leiarar i demonstrasjonar til støtte for styresmaktene i den tidlege fasen av opprøret.<sup>76</sup> Sameleis advarte den maronittiske patriarken i Libanon, Bechara Al-Rai mot opprøret, og meinte det

---

<sup>71</sup> Vogt 2015:123-124

<sup>72</sup> Utvik 2018:86

<sup>73</sup> Atallah 2013a

<sup>74</sup> Atallah 2013b

<sup>75</sup> Morken 2017

<sup>76</sup> BBC Monitoring 2011

ville anten føra til borgarkrig, oppløysing av Syria i mange småstatar eller til eit fundamentalistisk Sunni-regime.<sup>77</sup> Mange unge kristne, derimot, «støttet også aktivt opprøret. De hevdet at opprøret var politisk og ikke sekterisk», skriv Berit Torbjørnsrud.<sup>78</sup>

Etter den arabiske våren er dei same kreftene som styrte landet under Mubarak tilbake i kontroll, men i Midtausten elles har det skjedd store endringar som gjer at Egypt ikkje lenger spelar den leiande rolla landet hadde for nokre tiår sidan. Nye regionale makter har tatt over leiinga, først og fremst Iran, Saudi-Arabia og Tyrkia.<sup>79</sup> Men den arabiske verda framstår minst like splitta som før, trass i alle faktorane som bind regionen saman.

Seinare skal me sjå på korleis NMS sine samarbeidsorganisasjonar reagerte på og tilpassa seg til den nye situasjonen som den arabiske våren skapte for arbeidet.<sup>80</sup>

### 3.3 Kristne i det muslimske Midtausten

Eg vil no gi eit overblikk over dei ulike kristne kyrkjesamfunna som me finn i Midtausten i dag, først og fremst dei som er organisert innan Middle East Council of Churches (MECC). Deretter vil eg seia litt om dei kristne som minoritetar i land som er dominert av islam.

Bildet blir lett svært uoversiktleg, fordi kyrkjene i Midtausten er delt både langs konfesjonelle og språkleg/etniske skilje, som ofte glir over i kvarandre.<sup>81</sup> Eg fokuserer her på dei konfesjonelle skilja.

#### 3.3.1 Fire kyrkjefamiliar

Dei fleste kristne i Midtausten i dag høyrer til i ein av dei fire «kyrkjefamiliane» som har funne saman i Middle East Council of Churches. Med «kyrkjefamilie» meiner ein ei gruppe med kyrkjer som er i full kommunion med kvarandre.<sup>82</sup> Desse er den gresk-ortodokse kyrkjefamilien, den orientalske ortodokse kyrkjefamilien (syrisk, armensk og koptisk), dei protestantiske / evangeliske kyrkjene og dei ulike katolske kyrkjene som er i union med paven

---

<sup>77</sup> Khoury 2011

<sup>78</sup> Torbjørnsrud 2015:25

<sup>79</sup> Utvik 2018:91

<sup>80</sup> Sjø punkt 4.6

<sup>81</sup> Sjø t.d. Kloster 2017:119ff

<sup>82</sup> Med «full kommunion» meiner ein vanlegvis at kyrkjesamfunna gjensidig anerkjenner kvarandre sine sakrament som gyldige, og at medlemmer av eitt av kyrkjesamfunna kan ta imot sakramenta i eit anna samfunn.

i Roma.<sup>83</sup> Utanom desse kjem dei assyriske («nestorianske») kristne, og ein del nyare, uavhengige evangeliske grupper. Dei ulike kyrkjefamiliane er resultatet av tidlegare tiders teologiske splittingar og katolske og protestantiske misjonsframstøyt.

Dei historiske skilja fekk konsekvensar heilt fram til våre dagar. Det første store skiljet gjekk mellom dei kyrkjene som aksepterte dei økumeniske konsila i Efesos (431) og Khalkedon (451) på den eine sida, og dei såkalla «ikkje-khalkedonensiske» kyrkjene på den andre sida. Undertrykking og forfølgning frå keisarane i Konstantinopel forsterka desse splittingane, som varte heilt fram til våre dagar. Konkurransforholdet mellom patriarkane av Konstantinopel og Roma førte seinare til det andre store skismaet, mellom den ortodokse kyrkja og den romersk-katolske kyrkja. I 1054 lyste kyrkjeleiarane i aust og vest kvarandre i bann, ei bannlysing som skulle vara i meir enn 900 år.

Det har gjennom tidene vore mykje strid dei kristne imellom, men med den økumeniske rørsla i siste del av 1900-talet har dei funne saman på nye måtar. Middle East Council of Churches vart danna i 1974 av tre av dei fire store kyrkjefamiliane, med unntak av dei katolske kyrkjene, som vart med i MECC i 1990.<sup>84</sup> Dette praktiske samarbeidet ser me også i vår samanheng, gjennom dei ulike organisasjonane som NMS har samarbeidd med i Midtausten. Det gjeld t.d. både Bibelselskapet og SAT-7, som begge er organisasjonar som famnar vidt økumenisk.

Dei ulike ortodokse kyrkjene har tradisjonelt sine eigne landområde der dei har budd og utbreidd seg. Det er også ein stor diaspora i andre delar av verda. Når det gjeld dei tre orientalske ortodokse kyrkjene, bur dei fleste koptiske ortodokse kristne i Egypt, Etiopia og Eritrea, men dei armenske og dei syriske kristne har spreidd seg til fleire land. Dei armenske kristne har vore spreidde over heile Midtausten og har opplevd mykje forfølgning, ikkje minst gjennom folkemordet for om lag hundre år sidan, men har no eitt av to hovudsete i Libanon (det andre er i Armenia), og dei fleste som høyrer til «katolikosatet i Kilikia» bur no i Libanon eller Syria.<sup>85</sup> Dei syriske ortodokse kristne har tradisjonelt budd i Syria, Irak, Det heilage landet (Israel/Palestina), Libanon, Tyrkia, og India. Denne kyrkja har no hovudsetet sitt i

---

<sup>83</sup> Middle East Council of Churches 2018b

<sup>84</sup> Middle East Council of Churches 2018a

<sup>85</sup> Armenian Church Catholicosate of Cilicia, Antelias - Lebanon 2013

Damaskus, men opphavleg var det i Antiokia.<sup>86</sup> Antiokia, som no ligg i Tyrkia, var ifølge Bibelen den byen der «læresveinane først gjekk under namnet ‘kristne’».<sup>87</sup>

Den assyriske ortodokse kyrkja braut med Antiokia i år 410, og har vore uavhengig sidan. Med utgangspunkt i dei kristologiske stridane om Kristi natur, vart kyrkja kalla «nestoriansk». Det offisielle engelske namnet er «Holy Apostolic Catholic Assyrian Church of the East», og kyrkja vart etablert i Edessa<sup>88</sup> i det første hundreåret etter Kristus. Språket er aramaisk. Kyrkja er medlem i Kyrkjeverdrådet (KV eller World Council of Churches - WCC), men ikkje i MECC, og har medlemmer i Syria, Libanon og Iran, og er elles spreidd rundt i andre delar av verda.<sup>89</sup>

Den gresk-ortodokse kyrkjefamilien har fire patriarkat i Midtausten: på Kypros, i Alexandria, Antiokia og Jerusalem.<sup>90</sup> I tillegg kjem det økumeniske patriarkatet i Istanbul. Dei er også kalla «dei austlege ortodokse», og må altså ikkje forvekslast med «dei orientalske ortodokse». Det var desse kyrkjene som var lojale mot kyrkjemøtet i Khalkedon i år 451, og mot den austromerske keisaren i Konstantinopel, og har historisk vore spreidde ut over i alle landa rundt den austlege delen av Middelhavet. Kjerneområdet var i Anatolia, eller Vesleasia, der kristendommen vart etablert svært tidleg. Her budde det mange kristne i fleire hundre år etter den tyrkiske invasjonen frå slutten av 1000-talet. Etter at Konstantinopel blei erobra av tyrkarane i 1453 var byen framleis eit senter for ortodoks kristendom heilt fram til den greske fridomskrigen (1821-1832). Det var i maktkampene i og etter den første verdskrigen at dei største kristne folkegruppene forsvann frå Tyrkia. Mustafa Kemal, med kallenamnet Atatürk, vann den tyrkiske frigjeringskrigen, og med fredsavtalen i Lausanne i 1923 blei det bestemt at dei gresk-ortodokse kristne i Anatolia skulle utvekslast med muslimar i Hellas, og 1,5 millionar ortodokse måtte flytta.<sup>91</sup>

Det finst katolske kyrkjer over heile MENA-området, men det er i dag seks provinsar som er assosiert medlem i MECC: Det er Den armenske katolske kyrkja i Kilikia, Den kaldeiske katolske kyrkja i Babylon, Det greske melkittiske patriarkatet i Antiokia, Alexandria og

---

<sup>86</sup> Rabo 2005

<sup>87</sup> Apg. 11,26

<sup>88</sup> Dagens Urfa i sør-aust-Tyrkia. Sjå <https://www.ancient.eu/edessa/> (funnen 25.02.2019)

<sup>89</sup> World Council of Churches 2019c

<sup>90</sup> Middle East Council of Churches 2018b

<sup>91</sup> Brendemoen 2015:75f

Jerusalem, Det latinske patriarkatet i Jerusalem, Maronittkyrkja i Antiokia og Den syriske katolske kyrkja i Antiokia.<sup>92</sup> Alle desse ulike provinsane har sin eigen historie og særpreg, både med tanke på språk og liturgi, men felles for dei er at dei har paven i Rom som overhovud.

Det maronittiske patriarkatet er den eldste og sterkaste av dei katolske gruppene i området, og hevdar sjølve at dei har vore i kommunion med Rom heilt sidan før det store skismaet (i 1054).<sup>93</sup> Maronittane har opphavet sitt i fjella i Syria og Libanon, og er i dag ein sterk eksponent for kristen, libanesisk nasjonalisme.<sup>94</sup> Det latinske patriarkatet er det einaste av dei gamle katolske kyrkjene i Midtausten med latin som kyrkjespråk. Patriarkatet vart etablert av korsfararane då dei erobra Jerusalem i 1099 og den ortodokse patriarken flykta. Etter korstogstida har kyrkjeprovinsen hatt titulære patriarkar som har residert først på Kypros og seinare i Roma, til det i 1848 igjen blei ein residerande latinsk patriark i Jerusalem.<sup>95</sup> Dei andre fem austlege katolske patriarkata har, påverka av katolsk misjon, på ulike tidspunkt mellom 1522 og 1824 brote ut av sine respektive ortodokse kyrkjer, og anerkjent paven i Roma sin autoritet.<sup>96</sup>

Sidan 1900-talet har det vakse fram store migrantkyrkjer på den arabiske halvøya. Her er mange ulike kyrkjesamfunn representerte, men mange av immigrantane her høyrer til i den katolske kyrkja, som er organisert i to apostoliske vikariat i Arabia.<sup>97</sup> Då Pave Frans var på besøk til Dubai, den største byen i Emirata, i februar 2019, samla han 135 000 katolikkar til messe i det som blir kalla det største kristne møtet nokonsinne på den arabiske halvøya.<sup>98</sup> Berit Thorbjørnsrud diskuterer nærare situasjonen til dei kristne migrantkyrkjene på den arabiske halvøya, og skriv at dei kjenner seg trygge, sjølv om dei har visse restriksjonar.

---

<sup>92</sup> World Council of Churches 2019c

<sup>93</sup> Teague 2016:33

<sup>94</sup> Grung 2015:162

<sup>95</sup> Latin Patriarchate of Jerusalem, 2018

<sup>96</sup> Middle East Council of Churches, 2016

<sup>97</sup> Sjå t.d. denne nettsida om det apostoliske vikariatet i Nord-Arabia:

[http://www.avona.org/vicariate/vicariate\\_introduction.htm#.XHVi3\\_IKg2w](http://www.avona.org/vicariate/vicariate_introduction.htm#.XHVi3_IKg2w) (funne 26.02.19).

<sup>98</sup> Casper 2019



Spørsmålet er likevel om dette er ein kristendom som vil ha høve til å slå rot her, for kva skjer med gjestearbeidarane når olja tar slutt og behovet for gjestearbeidarar blir mindre?<sup>99</sup>

Den protestantiske kyrkjefamilien, som er resultatet av nordamerikansk og europeisk misjon på attenhundretalet, er relativt liten, men har vore med i MECC sidan stiftinga i 1974, og denne kyrkjefamilien har vore ein pådrivar i det økumeniske arbeidet i regionen.

Kyrkjefamilien omfattar fleire nasjonale kyrkjer av ulik konfesjon: Den episkopale (anglikanske kyrkja) har eit bispesete i Jerusalem og eitt i Sudan; Den evangelisk lutherske kyrkja i Jordan og Det heilage landet har medlemmer i Jordan og Dei palestinske områda; mange nasjonale evangeliske kyrkjer har presbyteriansk eller reformert tilknytning. For ei fullstendig liste over medlemskyrkjer i MECC referer eg til World Council of Churches sine heimesider.<sup>100</sup>

### 3.3.2 Kristne under islam

Då islam oppstod på 600-talet som religion og politisk maktfaktor, var kristendommen den dominerande religionen i landa rundt Middelhavet. Etter kvart som dei ulike muslimske rika ekspanderte, blei store grupper av kristne underlagt islamsk overherredøme. Dei blei då anerkjende som *dhimmi*, ei beskytta folkegruppe med visse rettar og plikter, og det innebar at dei kristne som ikkje konverterte til islam skulle betala ein eigen minoritetsskatt (*jizyah*) og elles underkasta seg dei muslimske styresmaktene. Dette var ikkje eit nytt system som blei oppfunne av muslimane, men noko som var vanleg både mellom arabiske stammar og i dei omkringliggande rika i tida før islam oppstod, både i det bysantinske riket og i det sasanidiske (persiske) riket. Den spesifikke islamske *dhimma*-institusjonen tok det fleire hundre år å utvikla, og den var aldri einsarta overalt i den islamske verda.<sup>101</sup>

Når det gjeld bakgrunnen for *dhimma*-systemet, viser eg til David Grafton si grundige drøfting, der han viser til ulike kjelder, både frå tidleg islamsk historie og frå arabisk stammekultur før islam.<sup>102</sup> Mest kjend er kanskje den såkalla «Omar-pakta» som regulerer tilhøvet mellom muslimar og *dhimmi*. «Ifølge ein tekst som er skriven av den andalusiske juristen al-Turtushi (d.1126), vart pakta inngått mellom den andre kalifen, ‘Omar ibn al-

---

<sup>99</sup> Thorbjørnsrud 2015:234f

<sup>100</sup> World Council of Churches 2019c

<sup>101</sup> Sjå t.d. Koranen, Sure 9,29

<sup>102</sup> Grafton 2003:19ff

Khattāb og dei kristne i Syria, men mange meiner avtalen skriv seg frå umayyade-kalifen ʿOmar II (d.720).»<sup>103</sup>

Seinare utvikla dhimma-institusjonen seg vidare til det som vert kalla millet-systemet innan det osmanske riket.<sup>104</sup> Dette var eit system for å administrera ikkje-muslimske undersåttar. Ordet “millet” er eit arabisk ord som me finn fleire stader i Koranen. Uttrykket “millat Ibrahim”, kan omsetjast med “Abrahams religion”.<sup>105</sup> Dei religiøse gruppene i riket blei såleis delte inn i ulike millet, som til ein viss grad var sjølvstyrte, særleg med tanke på familierett. Systemet påførte også dei ikkje-muslimske gruppene ein del restriksjonar i tråd med den gamle dhimma-institusjonen.<sup>106</sup> I kapittel 4.3.1 kjem eg tilbake til korleis millet-systemet framleis påverkar moderne lovgjeving.

Etter mange hundre år med islamsk styre, er dei store kristne folkegruppene talmessig reduserte, og lever i spenningsfeltet mellom å vera ein integrert del av samfunnet og å vera religiøse minoritetar utan same rettar som fleirtalet. I oktober 2018 rapporterte t.d. den kristne menneskerettsorganisasjonen Middle East Concern (MEC) på nettsidene sine at fire algeriske kristne må møta i retten, skulda for å ha oppmoda ein muslim til å skifta religion og for å ha utført religiøs tilbeding på ein uautorisert plass.<sup>107</sup>

Dette er berre eitt av fleire døme som viser at i mange av landa i Midtausten har ikkje kristne dei same rettane som muslimar. Samstundes er ikkje dette heile bildet. Me kunne trekt fram mange døme frå både historia og samtida som viser korleis kristne har spelt ei viktig rolle i mange delar av samfunnslivet, slik Stephan Guth viser i artikkelen «Kristnes bidrag til islamsk kultur og arabisk identitet».<sup>108</sup> Sameleis påviser Sven Thore Kloster at narrativet om kristne i Midtausten som ei forfylgd og undertrykt gruppe har vakse i styrke dei siste åra. Han forklarar korleis den norske oppfatninga av kristne i denne delen av verda har skifta frå byrjinga av 1980-talet og fram til i dag: «De har blitt portrettert som alt fra kommunister,

---

<sup>103</sup> Sakseid 2017 (Sitat frå eksamensoppgåve i KUM304: Al-Andalus, kap.3), der eg viser til Constable 2012:43

<sup>104</sup> Sjø Sakseid 2016 (Her har eg parafrasert litt frå eksamensoppgåve i KUM305 Brennpunkt Midtausten, kap.1.1.

<sup>105</sup> Sjø til dømes Sure 2,135. I det følgjande brukar eg ordet «millet» både i eintal og fleirtalsform.

<sup>106</sup> Sjø elles Boogert (2012) for ei grundig innføring i millet-systemet.

<sup>107</sup> Middle East Concern 2018

<sup>108</sup> Guth 2005

nasjonalister, fascister, antisemitter, sionister, propalestinske aksjonister og demokratiske frihetselskere til undertrykte eller forfulgte ofre for islam eller islamister»<sup>109</sup>.

Seinare skal me sjå nærare på korleis NMS gjennom ulike samarbeidsorganisasjonar har engasjert seg for menneskerettane til dei kristne, både gjennom å støtta deira rett til ytringsfridom når denne blir avgrensa, og på andre område.<sup>110</sup>

#### 3.4 Misjonshistorie i Midtausten.

Religionsmøtet mellom kristne og muslimar har i stor grad vore prega av konflikt og militære konfrontasjonar, men det er ikkje temaet i denne framstillinga. I dette kapittelet vil eg gi ei kort oppsummering av hovudlinjer i kristen misjon retta mot muslimar.

Den aller første gongen me høyrer om ein muslim som blir kristen, er når ei gruppe muslimar flyktar frå Mekka til det kristne Abyssinia rundt år 615. Dette er nokre år før det såkalla «*hijra*» i år 622, medan muslimane endå vart undertrykte av dei som sat ved makta i Mekka. Abyssinia låg omtrent der Eritrea og Etiopia ligg i dag. Den kristne fyrsten i Abyssinia ville høyra kva budskap Muhammed kom med, og då han fekk høyra Sure 19, der det står om Jesu fødsel, meinte han at dette var så likt den kristne trua at han let dei få bli verande i landet. Ein av flyktningane blei ein kristen, og sa til dei muslimske flyktningane at no kunne han sjå klart. Muslimane kunne samanliknast med nyfødde kvalpar som enno prøvde å opna auga, meinte han.<sup>111</sup>

Eit anna møte mellom kristne og muslimar skjedde mot slutten av Muhammed sitt liv. Han hadde då emigrert frå Mekka og slått seg ned i Yatrib, som seinare fekk tilnamnet Medinat al-Nabi, «profetens by», mest kjent med kortformen Medina. Kampen mot Mekka var vunnen, og Muhammed var den sterkaste på den arabiske halvøya. Då kjem ein kristen delegasjon frå Najran i Sør-Arabia til Muhammed for å få ein avtale med han. Dei har religiøse samtalar med Muhammed om islam og kristendommen. Dei tar ikkje imot tilbodet om å ta imot islam, men dei får ein avtale med Muhammad som inneber at dei skal vera beskytta og få lov til å praktisera religionen sin i fred, så sant dei ikkje prøver å evangelisera for å vinna muslimar

---

<sup>109</sup> Kloster 2005:255

<sup>110</sup> Sjå punkt 4.3.1

<sup>111</sup> Opsal 1994b:373

over for si eiga tru. Seinare måtte dei likevel flykta. Islam skulle vera den einaste religionen på den arabiske halvøya, og dei kristne i Najran emigrerte til Mesopotamia og Syria. «Disse tidlige møtene mellom islam og kristendom viser et tydelig slektskap dem imellom. Men religionsmøtet fører til en konfrontasjon der det fra begge sider krevdes et valg,» reflekterer Jan Opsal.<sup>112</sup>

Gjennom heile mellomalderen var relasjonen mellom islam og kristendommen prega av polemikk. Islam var den store fienden som skulle nedkjempast, såvel med ord og argument som med politisk makt. Døme på apologetar innan denne tradisjonen er den syriske munken Johannes av Damaskus; Peter Venerabilis, abbed i Cluny; fransiskanarmunken Ramon Llull, som tre gonger reiste til Tunis for å overtyda muslimar, og som siste gongen blei drepent; kardinalen Nicolai Cusanus, som var i dialog med den tyrkiske sultanen, og Martin Luther, som oppfordra kristne soldatar til å gå i kamp mot tyrkarane.

På 1600-talet var det osmanske imperiet på sitt største og mektigaste, men etter kvart som dei europeiske maktene blei sterkare, og handel med Europa auka, opna imperiet seg for vestlege tankar. Frå tidleg 1800-tal byrja også protestantiske misjonærar å komma til riket. Tidleg protestantisk misjon til Midtausten oppnådde likevel ikkje mange omvende muslimar, og dei fleste konvertittane kom frå dei tradisjonelle kyrkjesamfunna. Amerikanske kongregasjonalistiske og presbyterianske misjonærar starta arbeid i Syria og Libanon i 1823, i Tyrkia i 1831 og i Egypt i 1854. Dei kom snart i konflikt med dei lokale kyrkjene og starta etter kvart eigne evangeliske kyrkjesamfunn.<sup>113</sup> Seinare ser me at mange misjonsframstøyt som byrja med eit evangeliserande sikte, etter kvart endra fokuset over mot humanitært hjelpearbeid.<sup>114</sup>

Etter at den moderne misjonstanken slo gjennom på attenhundretalet, er det store spørsmålet for dei som heldt fram med evangelisering, ikkje lenger korleis ein skal nedkjempa islam, men korleis muslimar skal vinnast for evangeliet. Framleis ligg hovudvekta på apologetikk, men no blir kristendommen framstilt som eit tiltrekkande alternativ. Døme på misjonærar

---

<sup>112</sup> Opsal 1994b: 374

<sup>113</sup> Neill 1972:203f

<sup>114</sup> Sjå t.d. Jalagin, Okkenhaug & Småberg 2015

innan denne tradisjonen er Henry Martyn i India, C.G. Pfander, som skreiv boka *Mizan-al-Haqq*<sup>115</sup>, og Samuel Zwemer.

Samuel Zwemer (1867-1952) ville forkynna evangeliet der islam sto sterkast, og var misjonær i Arabia i 24 år. På verdsmisjonsmøtet i Edinburgh i 1910 var han ein sterk pådrivar for muslimmisjon. Han stifta tidsskriftet *The Moslem World* og var redaktør for dette i ein mannsalder, var leiar for eit økumenisk studiesenter for muslimmisjon, og professor i missiologi ved Princeton i USA. Zwemer utvidar det apologetiske perspektivet frå systemkritikk og til ei antropologisk og kristosentrisk orientering. Han hadde studert både folkeleg islam og islamsk mystikk, og stiller seg spørsmålet om korleis muslimen som søker Gud kan få eit møte med Jesus Kristus. Det kan vera verd å merka seg at Zwemer også påverka norsk muslimmisjon. Otto Torvik, som stifta Den Norske Muhammedanermisjon i 1940 hadde studert Zwemer sine skrifter under studiane sine i USA, og som me seinare skal sjå, fekk dette også ringverknader til NMS.<sup>116</sup> Men sjølv om Zwemer hadde fokusert på islam sine kjerneområde, vart hovudtendensen for misjon utover på nittenhundretalet likevel å konsentrera seg om område der islam enno ikkje sto sterkt.

Etter det viktige verdsmisjonsmøtet i Edinburgh i 1910 vart hovudstrategien til kristen misjon å stoppa framgangen til islam sørover i Afrika ved å etablere ei «branngate» tvers over kontinentet frå aust til vest, den såkalla «apostelgatestrategien». Her var det ikkje muslimane som var målgruppa for misjonsarbeidet, men folkegrupper med tradisjonelle afrikanske religionar. Ein ville nå dei med evangeliet før dei vart islamiserte. Berre eit lite mindretal av protestantiske misjonærar arbeidde blant muslimar, medan muslimane blei ein stadig større del av folketalet i verda.<sup>117</sup> I artikkelen «En ny tid for norsk misjon blant muslimer?» argumenterte Opsal mot apostelgatestrategien og viste korleis fleire av dei største norske misjonsorganisasjonane dei siste åra var begynt å orientera seg meir i retning av misjon blant muslimar, men han etterlyste ein endå sterkare vilje til å satsa endå sterkare på denne målgruppa.<sup>118</sup> Nedanfor kjem eg tilbake til utviklinga innan NMS.

---

<sup>115</sup> «Balance of Truth» på engelsk. Eg meiner det best kan omsetjast med «Sanninga si skålvekt» på norsk. Boka frå 1835 er ein kristen apologetikk i møte med islam.

<sup>116</sup> Opsal 1994b:377f

<sup>117</sup> Opsal 1994b:378f

<sup>118</sup> Opsal 1986

I tillegg til desse døma frå den apologetisk-evangeliserande tradisjonen som Opsal har trekt fram, kunne me nemnt fleire andre, som t.d. Kenneth Cragg<sup>119</sup>, som budde og arbeidde både i Beirut, Jerusalem og Kairo; eller J. Dudley Woodberry,<sup>120</sup> mangeårig misjonær i Pakistan og Saudi-Arabia.

Som ein tidleg forløpar til NMS sitt arbeid i Egypt, lat meg her berre særskilt trekka fram Temple Gairdner, som var misjonær i Kairo for det engelske Church Missionary Society frå 1899 til han døydde i 1928. Amerikanaren Michael T. Shelley<sup>121</sup> fortel at etter to år med arabisk-studiar byrja Temple Gairdner og misjonærkollegaen Douglas Thornton med regelmessige samtalar med velutdanna muslimar. Dei hadde ei gruppe for vestleg utdanna menn, der samtalan dreidde seg om generelle, sekulære spørsmål. Den andre gruppa var for dei som hadde ei tradisjonell utdanning frå koranskular eller frå Azhar-universitetet. Her tok dei opp religiøse tema, gjerne kontroversielle emne som spørsmålet om skriftene i Bibelen er ekte og til å stola på, eller korsfestinga av Jesus. For å nå eit større publikum tok dei også massemedia i bruk. Vekebladet *Al-sharq wa al-gharb* («Austen og Vesten» på norsk) kom ut første gong i januar 1905, og hadde rundt 1500 abonnentar dei første åra. Rundt ein tredel av desse var muslimar. Thornton døydde dessverre allereie i 1907, og Gairdner prøvde å driva arbeidet vidare ei tid. Seinare skreiv Temple Gairdner fleire bøker for å vekka interessa for islam i kyrkja. Gairdner, særleg i dei første åra før Edinburgh-møtet, såg på islam først og fremst som kristendommen sin store motstandar, men for han var det viktig at kampen mot denne motstandaren berre skulle kjempast med åndelege virkemiddel. Seinare såg han element i islamsk tru og åndeleg liv som han meinte kunne brukast som ein *preparatio evangelica*, ei førebuing for evangeliet.<sup>122</sup>

Temple Gairdner var også den viktigaste drivkrafta bak etableringa av ei arabisktalande anglikansk kyrkje i Egypt i 1923. Den anglikanske kyrkja hadde vore til stades i landet sidan engelske forretningsmenn byrja å komma dit på 1800-talet, først og fremst som ei kyrkje for britar i utlandet, og Gairdner hadde i det lengste håpa at den koptiske ortodokse kyrkja kunne opna seg for misjon overfor muslimar. Men han opplevde at denne kyrkja vegra seg mot å ta

---

<sup>119</sup> Sjå t.d. Kerr 1998 for ein kort biografi om Kenneth Cragg.

<sup>120</sup> Fuller studio 2019

<sup>121</sup> Michael T. Shelley var misjonær i Kairo frå 1979 til 2003, ifølge heimesida til Lutheran School of Theology at Chicago, <https://www.lstc.edu/academics/faculty/michael-shelley>

<sup>122</sup> Shelley 1999

imot muslimske konvertittar, og hadde ein tendens til å senda dei vidare til anglikanarane. I utkastet til grunnreglane for den nye kyrkja skreiv han at det viktigaste formålet skulle vera å evangelisera den ikkje-kristne delen av folket, og ikkje prøva å vinna medlemmer frå kirkje den koptiske ortodokse kyrkja eller frå den evangeliske kyrkja. Det skulle likevel visa seg at omvendingar frå islam etter kvart stoppa opp, skriv den anglikanske presten Matthew Rhodes.<sup>123</sup> Han fortel også at det i mange år var tydelege skilje mellom den engelske og den arabiske delen av kyrkja, og at kyrkjeleiinga som regel støtta britisk offisiell politikk, noko som skapte problem overfor veksande egyptisk nasjonalisme. Misjonærane frå Church Missionary Society (CMS) var ofte i opposisjon både til dei engelske biskopane og til det britiske kolonistyret. Dei hadde håpa at kolonistyret skulle gi misjonærane større fridom til misjonsarbeidet og gi større fridom for religiøse minoritetar, men kolonistyret vegra seg mot dette. Egyptiske nasjonalistar skulda ofte britiske misjonærer for å vera agentar for kolonistyret. Med revolusjonen i 1952 blei situasjonen verre, og etter Suez-krigen i 1956 vart misjonærane deporterte i lag med meir enn fjorten hundre engelske og franske borgarar.

Når tradisjonelle misjonsmetodar viste seg å vera vanskelege, kunne radio opna nye dører.<sup>124</sup> Ei tid etter 2. verdskrigen byrja fleire organisasjonar etter kvart å kringkasta kristne radioprogram til den arabiske verda. Trans World Radio gjekk på lufta i 1954 i Tangier i Marokko, men den gongen var målgruppa Spania, på nordsida av Gibraltarstredet. Ganske snart måtte dei flytta frå Marokko, men starta seinare sendingar frå Europa til Nord-Afrika og Midtausten.<sup>125</sup> Arab World Media byrja i 1959 med radiosendingar til Nord-Afrika, og brukar i våre dagar digitale media for å nå heile den arabiske verda med ein kristen bodskap.<sup>126</sup> Seinare skal me sjå korleis NMS sitt engasjement i Midtausten byrja med samarbeid med ein kristen medieorganisasjon som hadde tatt utgangspunkt i litteraturspreiing og som etter kvart utvikla sitt eige konsept for kommunikasjon av evangeliet.<sup>127</sup>

---

<sup>123</sup> Rhodes 2003

<sup>124</sup> NMS var også tidleg ute med radioarbeid. Sjå punkt 3.6.2

<sup>125</sup> Trans World Radio 2019

<sup>126</sup> Arab World Media, 2019

<sup>127</sup> Sjå kapittel 4.1.1

### 3.5 Aukande interesse for muslimmisjon i NMS

Fram til no har eg presentert det generelle historiske, kulturelle og religiøse bakteppet for NMS sitt misjonsarbeid i Midtausten. Den umiddelbare bakgrunnen for at NMS gjekk inn med arbeid i Midtausten, var at dei ville satsa målretta på misjon «i hjertet av den muslimske verden», som Opsal uttrykker det,<sup>128</sup> men som hadde vore stengt for tradisjonelle misjonsmetodar.

Som nemnt ovanfor (3.4) dokumenterte Jan Opsal ei ny interesse for muslimmisjon i fleire av dei store norske misjonsorganisasjonane, inkludert NMS. Dette heng saman med ei tilsvarande utvikling internasjonalt, særleg etter Glen Eyrie-konferansen i Colorado Springs i USA i 1978. Denne viktige konferansen om muslimmisjon var i regi av den nordamerikanske Lausannekomiteen, og hadde nokre sentrale kristne leiarar frå Midtausten, Asia og Afrika som deltakarar.<sup>129</sup> To år seinare, i 1980, vart det halde ein minikonferanse om muslimmisjon, som ein del av den større konsultasjonen om verdsevangelisering i Pattaya i Thailand.<sup>130</sup> Desse internasjonale konferansane påverka også norske misjonsorganisasjonar, og utover 1980-talet hadde det såleis gradvis vakse fram ei større interesse for muslimmisjon innan NMS. Det nye fokuset kulminerte i NMS sitt policydokument om muslimmisjon i 1994.<sup>131</sup>

Landsstyret handsama spørsmålet om muslimmisjon i 1983. Dei gjorde då eit vedtak i tre punkt: For det første «å fokusere og utvide NMS engasjement blant muslimer», for det andre å gi «fullmakt til eventuelle undersøkelser i Vest-Afrika» og for det tredje at dei «er positivt innstilt til forhandlinger med Norsk Kristen Muslimmisjon».<sup>132</sup>

I langtidsplanen vedtatt på rådsmøtet i 1986 heiter det at «det er vel kjent at misjon blant muslimer har vært en forsømt oppgave i norsk sammenheng. I de siste 3-4 år har vi i NMS satt denne sak på dagsordenen i sterkere grad enn tidligere». I Mali i Vest-Afrika startar ein nytt arbeid overfor dei muslimske fulaniane i 1986. Same året gjekk Norsk Kristen Muslimmisjon (NKM) saman med NMS, og NMS overtok arbeidet deira i Pakistan.<sup>133</sup> NMS

---

<sup>128</sup> Opsal 1992

<sup>129</sup> Rapporten frå Glen Eyrie er tilgjengeleg på Lausannerørsla sine heimesider: <https://www.lausanne.org/content/lop/lop-4> (henta 01.09.2019)

<sup>130</sup> Sjå rapporten frå Pattaya her: <https://www.lausanne.org/content/lop/lop-13> (henta 01.09.2019).

<sup>131</sup> Sjå kapittel 3.5.2

<sup>132</sup> LS 9/83

<sup>133</sup> LTP 1987-2000, punkt 3.3.1



tilsette også ein konsulent som skulle ha eit «spesielt ansvar for misjonsarbeid blant muslimer».<sup>134</sup> Jan Opsal hadde vore dagleg leiar for Den Norske Muhammedanermisjon og seinare styreleiar for NKM før han vart tilsett som islamkonsulent i NMS.<sup>135</sup>

### 3.5.1 Samanslåing med Norsk Kristen Muslimmisjon

Etter eit par år med forhandlingar gjorde NMS vedtak om å gå saman med Norsk Kristen Muslimmisjon i 1985.<sup>136</sup> NKM hadde allereie frå 1964 hatt samarbeid med NMS i Kamerun, den gongen som Den norske Muhammedanermisjon (NMM). NMM vart stifta i 1940, og det var Otto Torvik frå Romsdal som var initiativtakaren. Som nemnt ovanfor, var Torvik påverka av Samuel Zwemer, og han kjende eit sterkt personleg kall til misjonsarbeid i Sentral-Asia. Han la dette fram for Kinamisjonsforbundet (som i dag heiter Norsk Luthersk Misjonssamband), men då han ikkje fekk dei med på å starta eit nytt arbeid, grunnla Torvik NMM. Den første tida sende NMM misjonærar til India, og i 1958 reiste Päivi og Arne Rudvin til Pakistan. Men på 1970-talet førte teologiske endringar i lågkyrkjeleg retning i NMM til at misjonen braut med samarbeidskyrkja i Pakistan. Arbeidet i Pakistan heldt då fram under namnet Norsk Kristen Muslimmisjon.<sup>137</sup>

Landsstyret skriv i treårsrapporten sin i 1990 om korleis samanslåinga mellom NMS og NKM førte til større fokus på muslimmisjon og tilførte NMS nye ressursar. Ein hadde overtatt ansvaret for NKM sine misjonærar i Pakistan og fått ei stor gruppe engasjerte støttespelarar i Norge.<sup>138</sup>

I 1990 var ein brått kommen i den situasjonen at ein stod utan misjonærar i Pakistan. Året før hadde familien Valle avslutta arbeidet sitt i Peshawar bispedøme, og Päivi, Arne og Lise Rudvin braut samarbeidet med NMS etter vedtaket om å opna for bruk av kvinnelege prestar.<sup>139</sup> Familien Rudvin hadde vore i Pakistan i meir enn 25 år då NMS overtok ansvaret for dei i 1986, og Arne Rudvin var biskop i Karachi i samarbeidskyrkja Church of Pakistan. Sigrid og Geir Valle kom til Pakistan rundt 1980 og arbeidde i Peshawar bispedøme.<sup>140</sup> NMS

---

<sup>134</sup> LS 6/85

<sup>135</sup> Brix 2015

<sup>136</sup> LS 9/83; LS 6/85 og LS 44/85

<sup>137</sup> Bloch-Hoell 1990

<sup>138</sup> *MT Årbok* 1990, s.9

<sup>139</sup> Opsal, i *MT Årbok* 1990:65

<sup>140</sup> Valle, i *MT Årbok* 1986:78

hadde på denne tida fleire misjonærkandidatar til Pakistan, men av ulike grunnar kom ingen av dei til landet. Helga og Geir Sakseid var blitt plasserte til Pakistan, og etter misjonærvigsla i januar 1992 vart dei buande i Norge i påvente av visum. Samstundes hadde NMS begynt eit samarbeid med ein kristen organisasjon som dreiv misjon i Midtausten gjennom massemedia. Det skal me sjå nærare på i kapittel 3.6. men først vil eg greia ut om det dokumentet som vart skriva som ein førebels slutt på prosessen med å slå saman NMS og NKM.

### 3.5.2 Policydokumentet om muslimmisjon

I desember 1994 vedtok Landsstyret eit «Policydokumentet om muslimmisjon for Det Norske Misjonsselskap»<sup>141</sup> (heretter kalla *Policydokumentet*). Islamutvalet med islamkonsulenten hadde ansvar for å utarbeida dokumentet, og trekte inn administrasjonen i prosessen. Det vart gjennomført ein strategidag, og teksten vart diskutert i stabsmøte i misjonssekretariatet. Dokumentet skulle gi uttrykk for grunnleggande haldningar til dei spørsmåla og utfordringane ein blei stilt overfor i møtet med muslimane.<sup>142</sup>

*Policydokumentet* byrjar med å skildra korleis tilhøvet mellom kristne og muslimar gjennom historia har vore sterkt prega av konflikt og mistru, men også av godt naboskap og fredeleg sameksistens. Det er derfor viktig å få førstehands kjennskap til islam gjennom møte med menneske.

Det andre emnet dokumentet tar opp, er at islam inneber ei særleg utfordring for den kristne trua, og her nemner dokumentet tre område spesielt: 1) Sjølv om ein har eit felles utgangspunkt i trua på éin Skapar, er gudsbildet forskjellig i dei to religionane. 2) Forskjellen i gudsbilde kjem særleg til uttrykk i synet på kven Jesus er, og Jesus som Gud og Frelsar er ukjent for muslimane. 3) Den kristne trua på Den heilage ande som bur i hjarta til den truande og gir dei ein tryggleik på at dei er Guds born, er ukjend for muslimane.

For det tredje tar *Policydokumentet* opp nokre utfordringar til kristen misjon overfor muslimar. Ein stadfestar at muslimane treng evangeliet og at misjonsinnsatsen overfor muslimar må aukast, men det er nokre faktorar ein må ta særleg omsyn til: 1) Tradisjonell misjon er ofte forbode, og ein treng å ta nye metodar i bruk. 2) Misjonærar og lokale kristne treng å forstå korleis ein kan møta dei nye, sjølvmedvitne islamske rørslene. 3) NMS må arbeida for å styrka menneskerettane til minoritetar i muslimske land. 4) Muslimsk migrasjon

---

<sup>141</sup> Sidan eg ikkje har funne dokumentet publisert, har eg lagt det til i vedlegg 2 til slutt i oppgåva.

<sup>142</sup> LS 87/94

utfordrar kristne i Vesten til å møta muslimane med vennskap og dela evangeliet med dei.

5) Mange muslimar er opne for evangeliet. Det krev at ein går fram med klokskap og sensitivitet. 6) Dialog er ein ekte samtale der ein lyttar og snakkar med den andre parten, men der også begge partar kan utfordra kvarandre til omvending.

Det fjerde punktet i *Policydokumentet* handlar om NMS sine prioriteringar i tida framover. I tillegg til å auka innsatsen overfor muslimske grupper i fleire land, vil ein også engasjera seg i kristent mediarbeid i Midtausten: «Gjennom samarbeidet med Middle East Media og utsendelse av personell til området ønsker vi å gjøre en innsats i et av misjonens aller mest forsømte områder, samt å være med på utviklingen av alternative strategier for å nå muslimer med evangeliet».

Når det gjeld misjonsmetodar, heiter det at NMS i hovudsak arbeider saman med nasjonale kyrkjer, men i ein del samanhengar er det ikkje mogleg å senda tradisjonelle misjonærar eller samarbeida med ei lokal kyrkje. Derfor treng NMS å vinna erfaringar med ulike former for medie-arbeid, teltnakarteneste og andre utradisjonelle metodar. Til slutt i dokumentet blir det understreka at misjonsarbeidet må understøttast med eit planmessig bønearbeid.

Det er no (juni 2019) 25 år sidan *Policydokumentet* var ferdig, og det er naturleg å stilla seg spørsmålet om dokumentet framleis er aktuelt: Når det gjeld det prinsipielle synet på islam, kan eg ikkje spora noko endring i offisielle NMS-dokument. Islam er ikkje nemnt spesifikt i grunnlagsdokumentet *Verdensvid glede*, frå 2004, men det gjeld jo heller ikkje det tilsvarande dokumentet *Troskap mot kallet* frå 1982. Begge desse dokumenta er generelle i karakter, og nemner ingen religionar særskilt. Ein kan likevel seia det slik at *Verdensvid glede* framleis er i tråd med det prinsipielle standpunktet til policydokumentet når det blir sagt at «Skriften framhever og understreker Jesu enestående posisjon. Han alene er veien til frelse, og alle kan bli frelst ved ham.»<sup>143</sup> Det som er nytt, er altså ikkje den prinsipielle haldninga til islam som religion, men at misjonsarbeidet i Midtausten ikkje lenger er eit reindyrka muslimmisjonsarbeid, som eg viser nedanfor i kapittel 4.

Avsnittet om dialog ville kanskje blitt skrive annleis i dag, meinte tidlegare generalsekretær Kjetil Aano, då han drøfta det i ei epost-utveksling med Jon Aalborg i februar og mars 2006. Utgangspunktet for korrespondansen var ein reaksjon på dei negative haldningane til islam og muslimar hos ein skilde personar i MEM. I svaret sitt viser Aano til det som står om dialog i

---

<sup>143</sup> NMS 2004 *Verdensvid glede*, punkt 4 s.15

*Verdensvid glede*,<sup>144</sup> og skriv at NMS har arbeidd mykje «med både fenomenet og ordet i den siste tida.»<sup>145</sup>

Dei seks punkta i *Policydokumentet* med særlege utfordringar for muslimmisjon, er framleis like aktuelle. T.d. har nye misjonsmetodar blitt utvikla i takt med utviklinga innan massemedia der tradisjonell misjon er forbode, og menneskerettsproblematikken er stadig like alvorleg over heile Midtausten. Den siste delen av *Policydokumentet* handlar om konkrete prioriteringar i åra framover, og det er sjølvsagt her det er mest rom for å vurdere eventuelle endringar.

Eit internasjonalt dokument som er av særleg interesse for oss med tanke på *Policydokumentet*, er ein uttale frå Lausannerørsla, nemlig *Accra Statement and Working Document on Islam* (heretter *Accra Statement*). Dokumentet vart produsert i samband med ein konsultasjon i Accra i Ghana i april 2014, og tar utgangspunkt i det meir generelle dokumentet *Cape Town-erklæringa* frå den tredje store Lausannekonferansen i Cape Town i 2010, spesielt del II.C, som tar for seg dei praktiske sidene ved «Å leve Kristi kjærlighet blant mennesker med en annen tro», som det heiter i den norske teksten.<sup>146</sup> Ein stadfestar først heile *Cape Town-erklæringa* og framhevar at misjon må skje på ein etisk måte utan noko form for lureri, løgn, vald eller hevsn. På same måte som *Policydokumentet*, tar *Accra Statement* utgangspunkt i sider ved islam som kristne kan vera samde i, men peikar også på viktige forskjellar mellom dei to religionane. Deretter kjem ei liste på ti punkt med viktige praktiske prioriteringar i åra som kjem. Akkurat som i *Policydokumentet*, tar *Accra Statement* utgangspunkt i kyrkja som det viktigaste området for eit kristent vitnesbyrd mellom muslimar. Det nemner ikkje mediarbeid som eit prioritert område, men nemner andre viktige tema som er aktuelle også for NMS, t.d. arbeid for rettferd og forsoning, og holistisk misjon.

Sidan NMS no har sett i gang arbeid med endå eit nytt grunnlagsdokument<sup>147</sup> for misjon på generelt grunnlag, femten år etter *Verdensvid glede*, ville det ikkje vera unaturleg om NMS byrja arbeidet med å formulera eit nytt policydokument om muslimmisjon også.

---

<sup>144</sup> NMS 2004 *Verdensvid glede*, punkt 7.

<sup>145</sup> Epost frå Kjetil Aano, februar 2006.

<sup>146</sup> Azumah 2014

<sup>147</sup> LS 43/19

### 3.6 Massemedia i Midtausten

I land over heile Midtausten praktiserer staten utstrakt kontroll med alle former for massemedia. I ein rapport frå Freedom House heiter det at «The Middle East and North Africa continues to be the world's second-worst region for press freedom.<sup>148</sup> Religiøse minoritetar har heller ikkje fridom til å driva påverknad overfor den muslimske majoriteten. Det betyr at dei lokale kristne ikkje har fått koma til i massemedia på ein slik måte dei skulle ønskja. Til dømes blir kristen litteratur ikkje tilgjengeleg i vanlege bokhandlar, men må seljast inne på kyrkjene sine egne område, og i nasjonal kringkasting har det vore vanskeleg for kristne å koma til orde med budskapen sin.

Middle East Media (MEM) har tilpassa seg denne situasjonen på sin eigen måte. MEM er ein organisasjon som brukar kreative måtar for å komma til på sekulære kanalar for å kommunisera eit kristent budskap til menneske over heile Midtausten gjennom ulike former for massemedia. Med «sekulær» i denne samanhengen meiner eg noko som ikkje er spesifikt kristent eller muslimsk. Heile den kulturelle settingen er i utgangspunktet religiøs.

Organisasjonen blir grundig presentert seinare i oppgåva, men la meg her kort nemna at dei hadde tre hovudgreiner då NMS byrja samarbeidet med dei: Eit litteraturarbeid som distribuerte kristen litteratur til den arabiske verda, eit arabisk ungdomsblad og ei avdeling som produserte TV-program for arabiske kanalar.

#### 3.6.1 Arabiske statskanalar

Tidleg på nittitalet, då NMS byrja å engasjera seg i mediarbeid i Midtausten, var situasjonen framleis slik at fjernsyn var tilnærma monopolisert av staten. I boka *A short History of Arab Television*,<sup>149</sup> som eg brukar som hovudkjelde for dette avsnittet, skriv Marwan M. Kraidy og Joe F. Khalil at nasjonal kringkasting var eit symbol på sjølvstende og ein viktig del av nasjonsbygginga. Marokko var først ute med ein privat kanal i 1954, men den første statskanalen var i Irak, Bagdad i 1956. I løpet av 1960- og 70-talet fekk dei fleste arabiske landa sine egne statskanalar på fjernsyn.

Dei fleste nasjonale arabiske fjernsynskanalane var bygde på ein autoritær modell. Det var viktig for styresmaktene å kontrollera media. Ikkje berre fjernsyn, men også kunst, teater, radio. Då Baath-partiet tok makta i Irak i 1968, tok informasjonsdepartementet raskt kontroll

---

<sup>148</sup> Freedom House 2017:17

<sup>149</sup> Kraidy & Khalil 2009

over media. Lojale journalistar vart opplærte i sovjetiske propagandametodar, og då Saddam Hussein tok over makta i 1979 var den nasjonale kringkastinga i Irak blitt eit fullt utvikla propagandainstrument for regimet.

Egypt utvikla raskt det mest omfattande nasjonale TV-systemet i den arabiske verda frå 1960, og var tidleg ute med tre statlege kanalar. Nasser brukte TV aktivt til å mobilisera massene, men etter nederlaget i 1967 mista egyptisk TV truverdet på grunn av den propaganderande måten dei hadde dekkja krigen på. Frå 1973 byrja Egypt å bli meir vestleg orientert, salet av egyptiske dramaseriar til den arabiske verda auka, og i 1974 fekk dei sitt første studio for farge-TV.

Egyptisk TV var framfor alt rekna som ein institusjon som skulle bygga nasjonal identitet og fremja nasjonal utvikling, slik det også var i mange andre land på denne tida. All kringkasting vart sentralisert under ERTU (Egyptian Radio and Television Union), og underlagt informasjonsdepartementet.

Etter at Egypt opna opp for ein økonomisk marknadsøkonomi (den såkalla *infitah* = opning), er egyptiske sjåarar i mindre grad blitt utdanna som borgarar, og i større grad blitt opplærte til å vera konsumentar av alt det som no vart tilgjengeleg for den vanlege middelklasse-egyptaren.

Egypt spelte også ei viktig rolle i etableringa av pan-arabiske kringkastingsorganisasjonar. I 1969 vart ASBU (Arab States Broadcasting Union) etablert i Kairo. Saudi-Arabia, som rivaliserte med Egypt om leiarskapen i den arabiske verda, tok seinare initiativet til etableringa av ARABSAT, (Arab Satellite Organization). Begge organisasjonane vart danna for å dela infrastruktur og kunnskap mellom statane, men vart etter kvart ein reiskap for etableringa av ein transnasjonal satellitt-TV-industri som for det meste består av private samanslutningar.

Eg kjem til å skriva meir om utvikling innan satellitt-TV seinare, når eg presenterer SAT-7 (kapittel 4.2). Lat oss først sjå på Lausannerørsla, ein organisasjon som var særleg opptatt av å bruka massemedia i nye misjonsmetodar i land som hadde vore lukka for tradisjonelt misjonsarbeid.

### 3.6.2 Lausannerørsla og nye misjonsmetodar

Lausannerørsla er ei internasjonal, evangelisk og økumenisk misjonsrørsla med utgangspunkt i den store evangeliseringskongressen i Lausanne i 1974, som vart organisert av den

amerikanske evangelisten Billy Graham. Heilt sidan starten har massemedia vore viktig for Lausannerørsla.<sup>150</sup> Det var gjennom Lausannerørsla at NMS først fekk kontaktar med Middle East Media (MEM). I eit referat frå NMS sitt arbeidsutval i 1990 blir Ramez Atallah frå Bibelselskapet i Egypt presentert som «hovedtaler på Danvik-møtet høsten 1988 og sentral i Lausannebevegelsen».<sup>151</sup> I foredraget sitt på Danvik nemnde Ramez Atallah fleire MEM-tiltak «som eksempler på nye metoder som gir løfterike muligheter» for misjonsarbeid i Midtausten, heiter det vidare i referatet.

NMS hadde i mange år brukt radio i misjonsarbeidet. Til dømes hadde radiostasjonen Sawtu Linjila i Kamerun hatt sendingar sidan 1966.<sup>152</sup> No skulle NMS bruka massemedia på nye måtar i ein del av verda der dei ikkje hadde noko arbeid frå før. NMS hadde fått ein konkret førespurnad om støtte frå Terence Ascott, internasjonal direktør i Middle East Media. Våren 1990 besøkte han Stavanger og hadde eit møte med NMS, og i september same året sende han eit brev med forslag til ulike måtar å støtta MEM på. I vedtaket frå NMS sitt arbeidsutval heiter det m.a.: «AU vedtar å knytte seg til Middle East Media som støtteorganisasjon (support centre) i Norge og med representasjon i styret».<sup>153</sup> Sjå elles punkt 4.1.2 der eg presenterer MEM sin mediestrategi nærare.

### 3.6.3 NMS mellom allianseøkumenikk og kyrkjeøkumenikk

Sidan eg no har nemnt Lausannerørsla si tilknytning til misjonsarbeidet i Midtausten, er det naturleg å sjå på korleis NMS har plassert seg i det økumeniske landskapet, før eg presenterer dei konkrete samarbeidsorganisasjonane til NMS nærare.

NMS sitt engasjement i Midtausten har skjedd innanfor to hovudstrøymingar av økumenisk samarbeid: den allianseøkumeniske og den kyrkjeøkumeniske. Med «allianseøkumenikk» meiner eg eit praktisk samarbeid om misjonsarbeidet på tvers av tradisjonelle konfesjonsgrenser, på eit evangelikalt grunnlag.<sup>154</sup> Ordet «kyrkjeøkumenikk» brukar eg om den økumeniske rørsla som no er organisert innanfor Kyrkjeverdsrådet (KV). Arbeidet med mediemisjon byrja innan allianseøkumenikken, med utgangspunkt i Lausannerørsla, i ei tid

---

<sup>150</sup> Dahle 2014

<sup>151</sup> AU 141/90

<sup>152</sup> NMS Info 2016

<sup>153</sup> AU 141/90

<sup>154</sup> Dvs. ei konservativ-evangelisk strøyming innan kristendomen, særleg representert av Den Evangeliske Alliance, World Evangelical Fellowship eller Lausanne-rørsla. Sjå Engelsviken 19po94:136f.

då det var nokså stor skepsis til KV innan delar av NMS. Seinare har kyrkjeøkumenikken fått ein større plass i NMS, både i sentrale dokument og i det praktiske samarbeidet på lokalplan i Midtausten.

Då NMS starta misjonsarbeidet i Midtausten i 1990, bygde ein arbeidet på prinsipperklæringa «Troskap mot kallet», frå 1981. Berre tre år tidlegare (1978) hadde NMS sitt sentralstyre tilrådd at Den norske kyrkja skulle melda seg ut av KV, fordi «KV i helt sentrale spørsmål har hevdet teologiske oppfatningar som bryter med det felles kristne grunnlag som rådet skulle være forpliktet på ifølge sin basisparagraf».<sup>155</sup> Her nemner dei t.d. studieopplegget «Frelse i dag», som vart sendt ut i forkant av KV-møtet i Bangkok i 1972. I tilrådinga frå sentralstyret kan eg ana eit ekko av Gunnar Stålsett sine kommentarar til studieopplegget, der han ser at det kan medføra ein viss «fare for å distansere seg fra misjonsavdelingens egen målsetting og Kirkenes Verdensråds basis». Men Stålsett kom den gongen til ein annan konklusjon enn den Landsstyret i NMS landa på nokre år seinare: Han ville heller at Den norske kyrkja skulle engasjera seg i KV, for å «delta aktivt i utforminga av Bangkok-møtets misjonsprofil».<sup>156</sup>

I norsk kristenliv hadde det i mange år vore sterk skepsis til KV, og då Det Internasjonale Misjonsråd (IMR) blei medlem av KV på generalforsamlinga i New Delhi i 1961, valde Norsk Misjonsråd å bli ståande utanfor. Den norske skepsisen reflekterer ei teologisk usemje som lenge hadde gjort seg gjeldande innan IMR, heilt sidan stiftinga i 1921. Dette var jo også like etter det såkalla Calmeyergatemøtet i 1920, som samla alle dei frivillige kristne organisasjonane i kampen mot den liberale teologien, der ein vedtok at ein skulle avstå frå frivillig samarbeid med liberale teologar. Innan IMR hadde det også vore sterke teologiske spenningar, særleg på møtet i Jerusalem i 1928, men ti år seinare, på konferansen i Tambaram i India, var den liberale teologien slått tilbake av den dialektiske teologien til Hendrik Kraemer, ikkje minst gjennom boka han skreiv i forkant av møtet, *The Christian Message in a Non-Christian World*.<sup>157</sup> Kraemer sitt syn på openberringa og dei ikkje-kristne religionane fekk også mykje å seia for protestantisk misjonteologi i møtet med islam, særleg med den vekta han la på at muslimen skulle møte personen Jesus Kristus gjennom misjonæren, og ikkje gjennom ulike metodiske tilnærmingar.<sup>158</sup>

---

<sup>155</sup> NMS 1982 *Troskap mot kallet*, kapittel V s.60

<sup>156</sup> Stålsett 1972

<sup>157</sup> Engelsviken 1994:140f

<sup>158</sup> Opsal 1994b:380



NMS har ikkje vore eintydig avvisande til kyrkjeøkumenikken. Sjølv om det vart fleirtal i Landsstyret for å anbefala at Den norske kyrkja skulle melda seg ut av KV, står det i prinsippklæringa frå 1981 at «også innen våre egne rekker fins folk som har et annet syn på KV-medlemskap enn det LS ga uttrykk for.» Utviklinga har vist at kyrkjeøkumenikken har fått ein sterkare plass i NMS dei seinare åra (sjå nedanfor).

«Allianseøkumenikk» er eit uttrykk som har si rot i Den Evangeliske Alliance, eit samarbeidsorgan mellom kristne frå ulike kyrkjesamfunn med ein felles konservativ-evangelisk kristendomsforståing, også kalla evangelikal, etter den engelske termen «evangelical». Den Evangeliske Alliance blei stifta i 1846, og i 1951 ble den avløyst av World Evangelical Fellowship, som er den største økumeniske organisasjonen av denne typen.<sup>159</sup> NMS har gjennom åra samarbeidd med mange ulike evangelikalske økumeniske organisasjonar. Lausannepakta, som vart vedteken på Lausannemøtet i 1974, har lege til grunn for mykje evangelikalsk samarbeid i seinare tid. T.d. har dei ulike kyrkjene og organisasjonane som samarbeider om SAT-7 lagt Lausannepakta og Den nikenske truvedkjenninga som sitt felles grunnlag.<sup>160</sup>

Som nemnt i kapittel 3.6.2, var det gjennom Lausannemøtet på Danvik at NMS blei gjort merksam på MEM. Eitt år etter Danvikmøtet, i juli 1989, var det ein stor, internasjonal misjonskonferanse i Manila i regi av Lausannerørsla. På konferansen blei det utvikla eit dokument som fekk namnet *Manila-manifestet* og var meint som ein oppfølgjar til Lausannepakta frå 1974. Ifølge Tormod Engelsviken er teksten meint å reflektera ikkje berre det som skjedde på sjølve konferansen i Manila, men også den misjonsteologiske utviklinga innan Lausannerørsla i åra mellom 1974 og 1989.<sup>161</sup>

I avsnittet som handlar om å nå den moderne verda med evangeliet, heiter det: «Mange land gir ikke visum til misjonærer som ikke har andre kvalifikasjoner å framby. Slike områder er likevel ikke fullstendig utilgjengelige. Våre bønner kan gå gjennom ethvert teppe, gjennom enhver dør og over enhver grense. Kristen kringkasting, radio og fjernsyn, audio- og videokassetter, film og litteratur kan også nå de ellers utilgjengelige.»<sup>162</sup>

---

<sup>159</sup> Engelsviken 1994:137

<sup>160</sup> SAT-7 (u.d.) <https://sat7.org/mission-and-values>

<sup>161</sup> Engelsviken 1989:265

<sup>162</sup> Lausanne 1989 punkt C.11, sitert i NTM 1989 nr 4, s. 261

Tjuetre år etter den forrige prinsipperklæringa om misjon, *Troskap mot kallet* (1981), vedtok landsstyret eit nytt grunnlagsdokument i juni 2004, med tittelen *Verdensvid glede*. Her ser me ei heilt anna haldning til kyrkjeøkumenikken enn tidlegare. No heiter det at «NMS deltar aktivt både i kyrkjeøkumeniske fora og i allianseøkumenisk samanheng, både nasjonalt, internasjonalt og regionalt». Ikkje berre allianseøkumenikken, men også kyrkjeøkumenikken gir NMS «vesentlige impulser som vi ønsker å lytte til, lære av og være en aktiv bidragsyter til». NMS er både direkte og indirekte engasjert i kyrkjeøkumeniske fora som Norges Kristne Råd (NKR), Det Lutherske Verdensforbund (LVF) og KV.<sup>163</sup> I tråd med denne opnare haldninga til det kyrkjeøkumeniske, er det difor naturleg at NMS har arbeidd aktivt med å få på plass samarbeidsavtalar med lokale kyrkjer i Midtausten.

Dette heng også saman med ei anna endring som me kan sjå i *Verdensvid glede*: No snakkar ein ikkje lenger berre om «nye folkegrupper» eller «unådde folkeslag». Dokumentet *Troskap mot kallet* hadde framheva at misjon ikkje er identisk med kyrkja sitt totaloppdrag. NMS er først og fremst kalla til å grunnlegga kyrkjer på nye stader og nå ut til nye folkegrupper. Ifølge *Verdensvid glede* er det ikkje lenger enkelt å skilja mellom den kristne og den ikkje-kristne verda. Her er NMS heilt på linje med det som også blir slått fast på Edinburgh-konferansen i 2010, hundre år etter den første på same staden. Kirsteen Kim, professor i teologi og verdskristendom ved Fuller teologiske seminar, skriv i analysen ho gjer av denne konferansen at den var prega av to viktige paradigme som har vore sentrale for misjon sidan 1960-talet, ikkje minst innan den økumeniske rørsle: For det første tanken om Guds misjon – *missio dei* – og for det andre tanken om verdskristendom, at verda ikkje lenger er delt mellom den kristne og den ikkje-kristne verda.<sup>164</sup>

I *Verdensvid glede* blir dette drøfta nærare i punkt 8: «Godt nytt til alle og ‘unådde folkeslag’». Der gjer ein nokre viktige avgrensingar når det gjeld omgrepet ‘unådde folkeslag’. For det første skal misjon skje over alt der det finst menneske, ikkje berre der ei folkegruppe blir definert som «unådd». For det andre er det vanskeleg å definera tydelege kriteria på kva det vil seia å vera «unådd». For det tredje representerer uttrykket eit kommunikativt problem: Kven vil lika å bli omtalt som «unådd»? Her ligg det ein fare for objekt-tenking og eit sentrum-periferi-perspektiv. For det fjerde er dette eit teologisk problem: Unådd av kven? Ingen er unådd av Gud, men dersom ein skal bruka omgrepet, så må det vera

---

<sup>163</sup> NMS 2004 *Verdensvid glede*, punkt 10, s.27

<sup>164</sup> Kim 2011:56

klart at ein er unådd av menneske, og av kyrkja. Konklusjonen blir at ein for så vidt er enig om saka, at evangeliet stadig skal vidare til nye grupper og område. Men i staden for omgrepet «unådd» introduserer ein omgrepet «no-choice peoples», det vil seia «folkegrupper som ikke har noe reelt valg fordi kirken er marginal eller totalt fraværende blant dem. Dette uttrykket ivaretar samme strategiske anliggende».<sup>165</sup>

Det spørsmålet me då kan stilla oss, er då om muslimske folkegrupper i Midtausten kan kallast «no-choice people». Er det slik at det sosiale presset i den muslimske majoriteten, kombinert med at den kristne kyrkja har relativt lite høve til å driva aktivt misjonsarbeid utanfor eigne grupper, gjer at det store fleirtalet av menneske i Midtausten ikkje eigentleg har noko reellt val? Dersom det er slik, skulle NMS ha gode grunnar til å halda fram med eit breiddt engasjement i regionen.

Parallellt med at NMS har nærma seg den kyrkjeøkumeniske rørsle, har misjon fått ein større og tydelegare plass innan kyrkjene dei siste åra, slik ein også understrekar i *Verdensvid glede*: Misjon er ein *dimensjon* ved det å vera kyrkje, og dermed blir perspektivet utvida til å gjelda meir enn det geografiske: «Kirken har alltid og på alle steder en misjonsdimensjon», blir det sagt.<sup>166</sup> Utgangspunktet for dette er at misjon grunnleggande sett er Guds misjon. Plassen strekk ikkje til for å gå i detaljar om korleis dette gir seg konkrete utslag, men la meg kort nemna nokre døme:

Samarbeid for menighet og misjon (SMM) har sidan starten i 1994 gitt misjon ein naturleg plass i norske kyrkjelydar.<sup>167</sup> I grunnlagsdokumentet for SMM heiter det at «Den lokale menighet har som del av det globale kirkefellesskap det primære ansvar for å utbre evangeliet. Levende lokalmenigheter er en grunnleggende forutsetning for all misjon og evangelisering.»<sup>168</sup>

Også internasjonalt er det blitt ei tilnærming mellom allianseøkumenikken og kyrkjeøkumenikken, som generalsekretæren i KV, Olav Fykse Tveit skriv i ein artikkel i boka

---

<sup>165</sup> NMS 2004 *Verdensvid glede*, punkt 8, s.23-24.

<sup>166</sup> NMS 2004 *Verdensvid glede* s.8

<sup>167</sup> Mellomkirkelig råd for Den norske kirke 2019

<sup>168</sup> Samarbeidsråd for menighet og misjon 1993

om NMS sitt 175-årsjubileum i 2017: «Ein deltek på kvarandre sine møter, og evangelisering står på dagsorden i alle kyrkjer, om enn med litt ulik profil og metodikk.<sup>169</sup>

Knut Hallen, dagleg leiar i SMM skriv i ein avisartikkel frå 2017 korleis denne tilnærminga mellom ulike kristne miljø og trussamfunn har ført til ein felles plattform for kyrkja sitt oppdrag i det ein kallar «Holistic Mission». Her viser han først til tre konkrete dokument: Lausanne III – *Cape Town Commitment* (2010), KV sitt *Together towards life* (2012) og Pave Frans sitt *Evangelium Gaudii* (2013), før han gir eit par døme på kva Holistic Mission kan bety, mellom anna i eitt av NMS sine kyrkjeplantingsprosjekt i Frankrike.<sup>170</sup> Til dette kan ein likevel påpeika at ein del evangeliske misjonleiarar ikkje er samde i at desse misjonsdokumenta er heilt på linje, slik Jon Olav Hjelde påviser i sin mastergradsavhandling om *Together Towards Life*.<sup>171</sup>

Den store misjonskonferansen i Arusha i Kenya i 2018 viser også korleis ulike miljø no kjem saman på ein annan måte enn tidlegare. Konferansen samla 1000 deltakarar frå KV-kyrkjer, frå evangelikale kristne, katolikkar og frå «African-instituted churches» fortel Bård Mæland og Knut Hallen i ein uttale i etterkant av konferansen. «Konferansen ville være misjonsorientert, økumenisk, afrikansk og med et sterkt innslag av unge teologer – alt på samme tid. Det var sterkt å oppleve et så sterkt og bredt kirkelig fellesskap», skriv dei.<sup>172</sup>

Me har no sett på korleis NMS på det generelle planet har samarbeidd både med allianseøkumeniske og kyrkjeøkumeniske strøymingar, og at desse ulike retningane dei siste åra har funne meir saman i ein felles holistisk misjonstenking med utgangspunkt i lokalkyrkjelyden.

### 3.7 Førebels oppsummering

I dette kapitlet har eg prøvd å finna ut kva slags val og prioriteringar som låg bak NMS sitt første engasjement i Midtausten. Den arabiske verda er ein region med mange fellestrekk, både i språk og religion og med ein felles historie som skapar ein felles identitet, men MENA-regionen er også ein svært mangfaldig del av verda. Politisk har det alltid vore uroleg, og dei

---

<sup>169</sup> Tveit 2017:239

<sup>170</sup> Hallen 2017

<sup>171</sup> Hjelde 2016

<sup>172</sup> Hallen & Mæland 2018

siste 25-30 åra har ikkje vore noko unntak i så måte. Dei kristne i regionen lever under eit stadig press, med ulik grad av sjølvstende og fridom til religionsutøving, men misjon overfor den muslimske delen av folket har alltid vore kontroversielt.

Me har sett at det utover på 1980-talet var ei aukande interesse for muslimmisjon, ikkje berre i NMS, men også i andre misjonsorganisasjonar. For NMS sin del vart dette særleg aktuelt etter samanslåinga med Norsk Kristen Muslimmisjon. Dette førte til eit ønske innad i NMS om å satsa målretta på misjon i sentrale muslimske område. Gjennom engasjementet i Lausannerørsla kom NMS i kontakt med Middle East Media, som dreiv misjon gjennom kreativ bruk av massemedia i land som er stengde for tradisjonelle misjonsmetodar. Me har vidare sett summarisk på korleis NMS har plassert seg misjonsteologisk i relasjon til allianseøkumenikken og kyrkjeøkumenikken, og presentert policydokumentet om muslimmisjon, som blei slutført i 1994. I neste kapittel skal me sjå konkret på arbeidet i Midtausten og dei ulike organisasjonane og prosjekta som NMS har vore engasjert i.

#### 4 NMS i Midtausten

I dette kapitlet vil eg først oppsummera nokre hovudtrekk ved NMS sitt engasjement i Midtausten frå starten i 1990 og fram til i dag. Deretter vil eg presentera dei ulike organisasjonane NMS samarbeider med. Nokre av problemstillingane eg finn i denne gjennomgangen vil bli drøfta undervegs.

Eg har her valt ei hovudsakleg kronologisk framstilling, der eg presenterer NMS sine ulike samarbeidspartnarar i den rekkefølga dei kjem i. Dette er for å få fram prosessen som skjedde, både internt og i dei ytre rammene for misjonsarbeidet, som t.d. politiske tilhøve, teknologisk utvikling og marknadstilhøve. Eg presenterer likevel dei ulike samarbeidspartnarane kvar for seg, og det fører til at eg i nokon grad hoppar fram og tilbake i tid undervegs.

I løpet av desse snart 30 åra har NMS som organisasjon gjennomgått store endringar, såvel i visjon og målsetting som i organisering av arbeidet. Den første store omorganiseringa kom i 2002. Då delte ein alt misjonsarbeidet, både ytre misjonen og «heimearbeidet» inn i tre program, med slagorda «bistand, budskap og bygging». Eg skriv meir om programstrukturen

nedanfor.<sup>173</sup> I arbeidet med denne framstillinga har eg hatt god nytte av dei strukturerte og detaljerte programrapportane frå denne tida.

Den siste store omorganiseringa av NMS kom så seint som i 2016/2017. Misjonsarbeidet over heile verda ligg no under «NMS Global», som er delt inn i fire fagseksjonar og fire geografiske område. Dei fire fagseksjonane er «Menighet, diakoni, migrasjon og ledelse». Seksjonsleiar for migrasjon, Klaus-Christian Küsbert har også ansvaret for det geografiske området «engelskspråkleg Afrika og Midtøsten» (inkludert Pakistan). Det nye i forhold til den gamle strukturen, er seksjonen for «migrasjon». Migrasjon var eit viktig tema på den store misjonskonferansen i Edinburgh i 2010 og på Lausannerørsla sin konferanse i Cape Town same året,<sup>174</sup> og er også reflektert i fleire av rapportane frå Midtøsten dei siste åra.<sup>175</sup> Eg skriv meir om den siste omorganiseringa i kapittel 4.7.

NMS sitt engasjement i Midtøsten kan grovt sett delast i to periodar, med litt overlapping. Den første perioden gjekk frå byrjinga i 1990 til 2007. I denne tida låg hovudfokuset på mediemisjon, først i samarbeid med MEM og frå 1995 også gjennom SAT-7. Frå 1993 til 2007 hadde NMS utsendingar frå Noreg i området. I den første tida er ein også svært forsiktig med kva informasjon ein gir om misjonsarbeidet.

Den andre perioden går frå 2007 til i dag. I denne perioden har ikkje NMS hatt nokon faste utsendingar i området, utanom korttidsteam gjennom utvekslingsprogrammet Ucrew,<sup>176</sup> men gradvis har engasjementet blitt utvida til nye samarbeidsorganisasjonar og kyrkjer, samstundes som ein har blitt meir og meir open med informasjon om arbeidet.

For oversikta sin del gir eg her ei kort presentasjon over NMS sine ulike samarbeidsorganisasjonar, og året ein byrja samarbeidet eller kontakten: Middle East Media (1990); SAT-7 (1995); Middle East Concern (1999); Det evangeliske teologiske seminaret i Kairo (gradvis utover 2000-talet); «Great Flood Society» (2006); Bibelselskapet i Egypt (2008); Den evangeliske presbyterianske kyrkja i Egypt og Brødrekyrkja i Egypt

---

<sup>173</sup> Sjå kap. 4.4

<sup>174</sup> Lausanne Movement 2010: Cape Town-erklæring, II-3-A.

<sup>175</sup> T.d. Programrapport EM 2015, punkt 524 000 Midtøsten.

<sup>176</sup> Ucrew er NMS sitt utvekslingsprogram for unge, der ein kan bu og arbeida eitt år i eit land i Europa, ifølgje NMS Global Årsrapport 2018, s.23.

(tidsavgrensa stønad, 2008); Den koptiske ortodokse kyrkja (2012); Innvandrararbeid i Spania ved ein egyptisk kyrkjelyd (2012). Kvar av desse samarbeidsorganisasjonane blir nærare presenterte i det følgjande.

#### 4.1 Hemmeleg mediemisjon

Det som særpregar dei første fem-seks åra av NMS sitt engasjement i Midtausten, er ein svært lav profil når det gjeld informasjon om arbeidet, noko eg kjem til å gå nærare inn på i punkt 4.1.3. Ein gjekk i første omgang inn med økonomisk støtte til ein internasjonal evangelikal medieorganisasjon som hadde stor grad av hemmelegghald rundt arbeidet sitt, og som påå NMS ein del restriksjonar i så måte.

##### 4.1.1 Middle East Media

Middle East Media (MEM) er ein internasjonal kristen medieorganisasjon som vart grunnlagt i Libanon i 1975, men som flytta hovudarbeidet sitt til Egypt då borgarkrigen braut ut. Organisasjonen har røter til kristent litteraturarbeid som vart drive av amerikanske misjonærar i Aust-Jerusalem før 1967. MEM har sidan starten brukt ulike former for massemedia for å nå ut til eit så stort arabisk publikum som mogleg med ein kristen bodskap. Det som særpregar organisasjonen, er at arbeidet lokalt har ein sekulær profil – og at ein der ikkje marknadsfører seg som ein kristen organisasjon. Dermed får ein også tilgang til ein mykje større marknad. Samstundes skjer alt i ein vidare religiøs kontekst, der trua på Gud heile tida er underforstått. Lokalt unngår ein også å visa til samanhengen mellom dei ulike greinene av organisasjonen. Internasjonalt, derimot, marknadsfører ein seg som ein kristen misjonsorganisasjon som «use creative media to introduce the people of the Middle East to the truth of God's love.»<sup>177</sup>

Hausten 1990 drøfta Leiarmøtet om NMS skulle gå inn med støtte til MEM.<sup>178</sup> Det vart då vist til at MEM hadde korrespondert med NMS dei siste par åra, og at Ramez Atallah hadde argumentert sterkt for at NMS burde støtta dette mediearbeidet, då han talte på Danvik-konferansen i 1998. Det var Jan Opsal som la fram saka på LM, og han hadde fem hovudargument til støtte for å byrja eit nytt arbeid i Midtausten: 1) Den arabiske verda er forsømt av misjonsorganisasjonane. 2) Sidan arbeidet i Pakistan blir redusert, bør NMS styrka muslimmisjonsarbeidet på andre område. 3) MEM gir NMS nærkontakt med nye misjonsmetodar, der tradisjonell misjon ikkje er mogleg. 4) Gjennom kontakt med MEM kan

---

<sup>177</sup> Middle East Media (u.d.) «What we do»

<sup>178</sup> LM 326/90

NMS lettare følgja opp menneske frå Midtausten som ein møter i Norge. 5) Erfaringar frå dei sentrale delane av den arabiske verda vil vera nyttige for muslimmisjonsarbeidet i andre land. LM vedtok å senda forslaget over til AU, som seinare vedtok å gi ei støtte på US\$ 10.000 for 1991.<sup>179</sup>

MEM hadde tre hovudgreiner då NMS starta samarbeidet: 1) Middle East Literature (MEL). 2) Ungdomsbladet Magalla<sup>180</sup> og 3) Middle East Video (MEV). Arbeidet var svært omfattande og nådde langt, meinte ein i NMS. Litteraturarbeidet markedsførte den gongen over 3000 kristne boktitlar; Magalla blei lest av ein halv million arabiske tenåringar og vaksne, og dei kristne barnprogramma for fjernsyn «vil nå ut til millioner arabiske barn som ikke kan lese».<sup>181</sup>

Leiinga i Stavanger meinte det nye arbeidet i Midtausten var ein spennande samanheng å delta i for NMS, i ein del av verda der tradisjonell misjon ikkje er mogleg. «MEM driver etter en original strategi som går ut på å formidle et kristent budskap gjennom sekulære kanaler i muslimske land i Midtøsten.»<sup>182</sup> Magalla var marknadsført som eit blad «for all ungdom», og ikkje spesielt for kristne, og vart distribuert gjennom vanlege aviskioskar på gata.

NMS plasserte dei første misjonærene, Helga og Geir Sakseid, til å arbeida i MEM i 1993.<sup>183</sup> Dei hadde ei tid venta på visum til Pakistan, men då dette ikkje førte fram, byrja prosessen med omplassering i januar 1993. Eitt av alternativa var å plassera dei i Midtausten for å arbeida med MEM, som NMS allereie hadde ein samarbeidsavtale med.<sup>184</sup> Islamkonsulent Jan Opsal tok då kontakt med personalsjef Hilary Harvey i MEM for å undersøka om dei hadde behov for personar med deira bakgrunn og utdanning.<sup>185</sup> I april var ein arbeidsbeskrivelse for Geir Sakseid klar, og ekteparet reiste til Egypt saman med Jan Opsal for å avklara om dei skulle gå inn i dette arbeidet, der Geir skulle vera tilknytta MEM sin litteraturavdeling som teologisk konsulent. Endeleg utreise skjedde i august same året.<sup>186</sup>

---

<sup>179</sup> AU 150/92

<sup>180</sup> Magalla er ikkje det eigentlege namnet, men eit dekknamn som tyder «Magasin / blad»

<sup>181</sup> *MT Årbok* 1992, s.71

<sup>182</sup> *MT Årbok* 1993, s.76

<sup>183</sup> Aano1993

<sup>184</sup> AU 32/93

<sup>185</sup> Harvey og Opsal: kopiar av telefaksar frå januar til april 1993, privat arkiv

<sup>186</sup> NMS: «Foreløpig kontrakt om tjenesteperiode for fast tilsatt misjonær» datert 03.08.1993, privat arkiv.



Dei norske utsendingane skulle samarbeida med eit team av andre utlendingar. Desse var sende ut frå ulike land, hovudsakleg frå USA, Storbritannia og Australia. Dei hadde også forskjellige evangelikale sendeorganisasjonar bak seg, som t.d. MECO (Middle East Christian Outreach) eller Interserve. Utsendingane arbeidde i ulike lokale verksemder som var ulike delar av MEM. Teamet møttest eit par gonger i månaden eller oftare til bøn, sosialt fellesskap og utveksling av informasjon. I tida fram til 2005 hadde to av dei norske utsendingane rolla som «Field Personnel Officer», som innebar eit pastoralt ansvar for teamet, ansvar for å leggja til rette for nytt personell og å gi kulturell opplæring og oppfølging av teamet.

Magalla vart utgitt første gong i 1976.<sup>187</sup> «Foreløpig er ungdomsbladet det mest bemerkelsesverdige tiltaket» står det å lesa i *Årboka* i 1993. «Det er det mest solgte månedlige ungdomsblad i flere arabiske land og kan bli lest av opp mot en halv million arabiske unge mellom 14 og 30 hver måned.» Filosofien bak Magalla var preevangelisering etter «minus 10-strategien». «Terry [den britiske grunnleggaren] sin visjon for bladet var at det skulle føra lesaren frå eit stadium der ein er svært negativ til kristendommen (minus 10, fram til 0, der ein byrjar å bli positivt innstilt), sa Youssef, ein tidligare egyptisk medarbeidar til meg då eg snakka med han om hans tid i bladet.<sup>188</sup>

Ein av dei lokale medarbeidarane i Magalla som var med frå starten, hadde ei fast spalte i bladet. Slik blir han presentert i *Misjonstidende*:

Han er opptatt av at vår kommunikasjon må ta utgangspunkt i mottakaren sin situasjon, dei behova han eller ho føler, og dei kvardagsproblema dei opplever. Inn i denne situasjonen kan me komma med ein bodskap om ein Gud som elsker dei slik som ein god far elsker borna sine. Eller når ein tar opp eit etisk problem, kan ein gå vidare til å snakka om mennesket sin syndige natur. Me kan peika på at me har behov for Guds Heilage Ande i våre liv, for utan han kan ingen overvinna synd. Er temaet tilgjeving, er det naturleg at ein tar for seg tilgjeving mellom menneske og vårt behov for å bli tilgjevne av Gud for å bli frelste. Utan å nemna verken Jesus eller Muhammed, kan ein på denne måten formidla sentrale kristne sanningar til målgruppa.<sup>189</sup>

Det må også seiast at det var først og fremst denne skribenten og den kvinnelege redaktøren som var bærarar av Magalla sin visjon gjennom alle åra bladet eksisterte. Her var det dei lokale medarbeidarane som representerte kontinuiteten i arbeidet, medan dei utanlandske

---

<sup>187</sup> Middle East Media «History»

<sup>188</sup> Samtale på Messenger med tidligare medarbeidar, 07.02.19

<sup>189</sup> Sakseid 1997b s.72

misjonærane hadde ulike støttefunksjonar og administrative leiarstillingar. Magalla sin metode for indirekte kommunikasjon av den kristne budskapen blir nærare drøfta i kapittel 4.1.2.

Middle East Literature (MEL) var ein av tre arbeidsgreiner i MEM då NMS starta samarbeidet. MEL hadde arbeid i Egypt og Tyrkia. Dei første misjonærane var tilknytta MEL under språkstudiet dei to første åra, men i 1985 braut den egyptiske delen ut av MEM og etablerte seg som eit eige arbeid, medan arbeidet heldt fram som før i Tyrkia. Då vart det avgjort at Geir Sakseid skulle flytta hovuddelen av arbeidet sitt til Magalla.

Det papirbaserte arbeidet, både i MEL og i Magalla, var alltid avgrensa av sensur og avhengig av tilgang til marknaden. Nokre bøker vart sensurerte. Ein muslimsk sensor sa at «problemet med desse bøkene ligg ikkje i spesielle avsnitt, men i at alle som les dei, ønskjer å bli kristne.»<sup>190</sup> Ytre politiske tilhøve kunne avgjera om ein fekk tilgang til eit land eller ikkje. Eit år etter den amerikanske invasjonen av Irak i 2003, blir det rapportert at «til krigsherjede Irak har MEM sendt mange bibelbaserte hefter, lydbånd og magasiner, særlig til barn og unge, bl.a. 10 000 eksemplarer av bladet 'Magalla'».<sup>191</sup>

I 1985 fekk MEM ei TV-avdeling, (MEV) som fokuserte på animasjon for born, og i 1993 fullførte dei sin første store eigenproduksjon.<sup>192</sup> Dette var ein barne-TV-serie på 26 episodar som arabiske TV-stasjonar i fleire land fekk tilbod om å kringkasta. Året etter var det eitt stort TV-selskap som hadde akseptert serien.<sup>193</sup> I 1995 byrja MEM arbeidet med å etablere SAT-7, som vart ein eigen organisasjon året etter, og som hadde ein heilt annan profil på både målgruppe og informasjon om arbeidet.<sup>194</sup> Sjå eige avsnitt om SAT-7 nedanfor.

MEV fekk etter kvart distribuert meir og meir av eigenprodusert materiale. I 1999 vart fleire program «kringkasta over fleire satelitt-kanalar, inkludert den største kanalen i området. Fleire nasjonale TV-kanalar sende også program som var originalproduserte eller 'dubba' (tilrettelagt med nye stemmer) av video-teamet.»<sup>195</sup> Dei byrja no også med radioprogram som

---

<sup>190</sup> *MT Årbok* 1997, s.42. (Årboka 1997 er feildatert. Eigentleg er det årboka for 1998, som inneheld årsrapportar for året før.)

<sup>191</sup> *MT Årbok* 2005, s.44

<sup>192</sup> Middle East Media (u.d.). *History*. Henta 21.05 2019 frå mem.org: <https://www.mem.org/history>

<sup>193</sup> Sakseid 1995

<sup>194</sup> Middle East Media (u.d.). *History*.

<sup>195</sup> *MT Årbok* 2000, s.53

var retta mot kvinner, noko som vart ein suksess og førte til at ein utvikla ein tilsvarande TV-serie. «Konseptet byggjer på erfaringar Magalla-redaksjonen har samla gjennom dei siste 25 åra i deira kommunikasjon med arabisk ungdom».<sup>196</sup>

Eg skulle gjerne ha skrive meir om kva desse ulike seriane handla om, men det at eg ikkje kan gjera det, reflekterer at MEV var svært tilbakehalden med informasjon til misjonsorganisasjonane om kva dei produserte for den sekulære marknaden. Denne hemmelege sida ved arbeidet skal me sjå nærare på om litt, men lat meg først presentera nærare den indirekte måten MEM brukte for å formidla ein kristen bodskap:

#### 4.1.2 Indirekte kommunikasjon

Indirekte kommunikasjon av den kristne bodskapen er ein arbeidsmetode som særpregar alle arbeidsgreinene til MEM, og her vil eg drøfta dette med hovudvekt på Magalla sin måte å kommunisera på.

MEM sin hovudstrategi er å formidla kristne tankar og verdiar på ein indirekte måte, slik at det kan formidlast til eit breidt publikum på den sekulære marknaden. I eit upublisert internt arbeidsdokument frå 1997, prøver eg å samanfatta prinsippa for denne måten å kommunisera på.<sup>197</sup> Dei tar utgangspunkt i trua på Gud, som er felles for kristne og muslimar, men at menneskesynet ikkje er det same i islam som i kristendommen. Slik dei lokale medarbeidarane såg det, var det viktige forskjellar knytt til synet på synd og på behovet for forsoning; dei meinte å sjå ein tydeleg forskjell mellom Koranen og Bibelen i synet på Guds nåde og kjærleik, og dei ville gjerne formidla at det gjekk an å kjenna ei frelsesvisse. Dei la stor vekt på at det går an å få eit personleg forhold til Gud, og at mennesket treng kraft frå Den heilage ande for å klara å leva rettferdig. I det redaksjonelle arbeidet hadde dei fire prinsipp som dei stadig prøvde å formidla på ulike måtar: 1) Guds nåde, 2) frelsesvisse, 3) personleg forhold til Gud og 4) kraft frå Den heilage ande.

Som eit døme kan eg nemna ein artikkel i Magalla, med tittelen: «Om me vil overvinna fiendskapens og valdens ånd, må me leita etter å bli berørt av Guds Ande, for dette er vegen til frelse».<sup>198</sup> Inne i teksten heiter det m.a. at mennesket er ein åndeleg skapning som treng

---

<sup>196</sup> *MT Årbok* 2001, s.46

<sup>197</sup> Sakseid 1997a

<sup>198</sup> Av tryggleiksgrunnar kan eg ikkje referera nærare til årstal og månad for utgjeving. Tittel og sitat frå artikkelen er omsett frå arabisk av underteikna.

forsoning og fred med Gud, om ein skal kunna overvinna dei motstridande kreftene i seg sjølv. Mennesket treng «ei guddommeleg berøring så ein kan bli lækt for krafta som kjøtet har over oss»; mennesket treng «ein guddommeleg fred som kan overstrøyma hjartet med glede»; ein treng «guddommeleg visse om å vera godtatt av Gud»; ein treng å oppnå «ei guddommeleg forsoning som gir verdi, glede og kjærleik, så ein kan forsonast med seg sjølv og med andre».

Tanken var at dette og liknande artiklar – eller berre einskildavsnitt eller setningar i ulike artiklar av allmenn karakter – var «åndelege såkorn» som ville føra til at lesaren byrja å stilla spørsmål som ein ikkje fann svar på i islam. Etter kvart ville det veksa fram eit ønske om å vita meir, og då kunne ein søka svar i meir eksplisitt kristne kjelder. Dei kristne skribentane meinte at måten å uttrykka seg på var så ulikt den vanlege uttrykksmåten i islamske publikasjonar, at ein ganske raskt ville skjønna at det ikkje var muslimar som skreiv. Og om det ikkje var muslimar, så var det sannsynlegvis kristne. Samstundes var det viktig å ikkje bruka så eksplisitt kristent vokabular at det ville bli sett på som uakseptabelt for ein muslim å lesa bladet. Det var med andre ord ein balansegang på ein knivsegg for å formidla ein så tydeleg bodskap som råd, til eit størst mogleg publikum.

Om eg skal gi mi eiga vurdering av Magalla sine prinsipp for kommunikasjon, tenkjer eg at me ikkje utan vidare kan gå ut frå at lesaren vil forstå at det er kristne tankar som blir formidla i bladet, berre ved t.d. å bruka termar som «å ha eit personleg kjennskap til Gud». Det kan like så godt tenkast at lesaren vil tenka på sufismen, sidan dette er ein sentral tanke i den islamske mystikken. Filosofen og mystikaren al-Ghazali (1059–1111) skriv t.d. at det er stor forskjell på vanleg kunnskap (*ilm*) om Gud og den personlege kjennskapen (*ma`arifa*) som kjem frå erfaring.<sup>199</sup> Med andre ord, utsegner som «personleg kjennskap til Gud» og andre liknande termer blir ikkje forståelege for lesaren utan at det blir sett inn i ein større samanheng.

«Guds kjærleik» er eit tema me ofte ser i tekstane til Magalla. Då er det Guds vilkårslause kjærleik ein vil framheva, i motsetnad til den kjærleik ein meiner å finna i islam, som er ein kjærleik på vilkår, til dei som gjer godt. Innan sufi-tradisjonane kan ein t.d. lesa om visse teikn som viser om nokon er ein av Guds kjære.<sup>200</sup>

---

<sup>199</sup> Shah 1968:55

<sup>200</sup> Sjø t.d. den persiske sufi-forfattaren Abu al-Hasan al-Dailami (f. ca 951), i boka *atf al-alif al-ma`luf `ala al-lam al-ma` tuf*, på engelsk *Al-Dailami's treatise on mystical love* (Al-Dailami e.a. 2005)

Her må eg berre skyta inn at det kan lett framstå nokså ubeskytta å prøva å framstilla «islam» og «kristendommen» som to monolittiske storleikar. Det er på ingen måte meininga mi. Men ein avsendar som skal kommunisera ein kristen bodskap til muslimske lesarar, må gjennom forståing av eige samfunn, og gjennom kontakten med lesargruppa gjera seg opp ei meining om kva slags islamske idear som er dominerande hos lesaren.

At det ikkje er problemfritt å forestilla seg at lesaren utan vidare må forstå at det er ein spesifikk kristen tanke at Gud elsker vilkårslaut, kan ein sjå t.d. ved å lesa eit av dei mange koranversa som nemner kven Gud elsker, t.d. Sure 3, vers 134 og 135: Der står det rett nok at Gud elsker dei som gjer godt, men også at han elsker dei som omvender seg og ber om tilgjeving for syndene sine.<sup>201</sup> Likevel er det altså eit vilkår for Guds kjærleik her: At syndaren vender om.

I ei tydeleg kristen forkynning kan ein peika på at «Gud viser sin kjærleik til oss ved at Kristus døydde for oss medan vi endå var syndarar»,<sup>202</sup> men så tydeleg kunne ein ikkje vera i Magalla. Men det ein då gjorde, var å fortelja denne bodskapen på andre måtar, slik Jesus brukte likningar.

Redaksjonen av Magalla opplevde at mediestrategien deira gav resultat. Ein gong tidleg på 2000-talet siterer t.d. Hilde Fjeldstad frå eit lesarbrev: ”Gjennom magasinet har jeg fått oppleve Gud på en annen måte. Jeg kan føle at Gud er nær meg, bryr seg om meg, elsker meg. ... Magasinet er blitt en kilde for meg til å kjenne Gud.” Mange slike brev i måneden gjør inntrykk!»<sup>203</sup> Om strategien gav resultat i form av omvending til den kristne trua, seier likevel eit slikt lesarbrev ingenting om.

Som me skal sjå i neste kapittel, er det etiske problemstillingar til denne formen for indirekte kommunikasjon. Men det hovudintrykket som sit igjen hos meg, etter fem år med større eller mindre tilknytning til redaksjonen i Magalla, er at kommunikasjonen var prega av ein ektefølt varme og eit ønske om å røra ved hjartet til lesaren. Dei la stor vekt på å prøva å forstå dei problema ungdommane hadde å slita med, og dei vendte seg til lesarane utan å gi dei ein religiøs merkelapp. Det lærte også meg at dei me kommuniserte med, var først og fremst menneske, med dei same behov som meg.

---

<sup>201</sup> Sjå t.d. den engelske omsetjinga og kommentaren til Abdullah Yusuf Ali (1989)

<sup>202</sup> Rom 5,8

<sup>203</sup> Fjeldstad, Hilde (udatert notat) «Magalla-magasinetts mediestrategi», privat arkiv.

Me ser altså at det var ein kombinasjon av prinsipielle vurderingar og praktiske, strategiske val som gjorde at NMS valde å engasjera seg i MEM og senda misjonærar til Midtausten. Leiarmøtet støtta Jan Opsal sine vurderingar om at den arabiske verda var eit forsømt område for misjonen, og at det var naturleg for NMS å styrka muslimmisjonsarbeidet her når arbeidet i Pakistan ikkje kunne vidareførast som før. MEM kunne gi NMS viktig lærdom om nye misjonsmetodar som kunne ha overføringsverdi til andre delar av verda, også i Norge. Når det gjeld valet om å senda misjonærar til Midtausten, hadde det sin heilt konkrete bakgrunn i at eit misjonærpar måtte omplasserast til eit område med muslimmisjon.

Det viste seg snart at det nye misjonsarbeidet også hadde sine heilt spesielle utfordringar. Den viktigaste utfordringa var at sider ved arbeidet skulle haldast hemmeleg.

#### 4.1.3 Hemmelegald og identitetsproblem

Då NMS byrja misjonsarbeid i Midtausten, var det på fleire måtar annleis enn dei fleste andre misjonsfelt til NMS. Det var ikkje eit land, men ein region. I så måte hadde det mest til felles med arbeidet i Europa, der dei hadde starta på 1980-talet. Men ulikt arbeidet i Europa kunne ikkje misjonsarbeidet foregå ope, særleg fordi det var retta mot ei muslimsk målgruppe. På andre misjonsfelt, som t.d. Pakistan, hadde NMS tett samarbeid med lokale kyrkjer, men i Midtausten skulle arbeidet skje gjennom massemedia, i samarbeid med ein organisasjon som offisielt ikkje eksisterte på misjonsfeltet. Dette var heller ikkje ein situasjon dei første misjonærane på feltet var førebudde på gjennom utdanninga på Misjonshøgskulen. I dette avsnittet vil eg presentera korleis NMS som organisasjon og misjonærane på feltet prøvde å manøvrera i eit landskap som var nokså ukjent for dei.

MEM kravde frå starten at NMS skulle ha ein restriktiv informasjons-policy i Norge. Sjølv om dei sende misjonærar til Egypt, var namnet på misjonsfeltet det meir generelle «Midtausten», og postadressa var til MEM sitt hovudkontor på Kypros. All post som ikkje var av heilt privat karakter skulle sendast dit og fraktast med kurer til Egypt ein gong i månaden. Ein kunne skriva i t.d. *Misjonstidende* om religion og kristenliv i Egypt og andre land i Midtausten, men aldri gi informasjon som kunne knyta utsendingane direkte opp mot dette. Slik skreiv me t.d. i det første informasjonsbrevet me sende heim til givarar og forbedarar i september 1993, ein månad etter at me hadde landa:

For ein del av dykk som les dette brevet, kan det virka rart at me ikkje skriv kva land me er i. Det er uvant i NMS-samanheng, men her er det naudsynt, for at me ikkje skal

risikera at arbeidet skal bli stoppa. Midt-Austen er ein del av verda der ein må driva misjon på ein måte som ikkje provoserar.<sup>204</sup>

Lokalt hadde utsendingane restriksjonar på kva dei fortalde utanforståande. Ein presenterte seg aldri som misjonær, og var forsiktig med å dela informasjon om ting som kunne knyta dei ulike arbeidsgreinene i MEM saman med kvarandre. MEM, til liks med andre misjonsorganisasjonar i området, opererte med heilt andre namn på det lokale arbeidet enn på det som blei kommunisert til givarar i vestlege land. Dette var gjort for å verna lokale medarbeidarar mot å bli assosierte med vestleg misjonsarbeid. Ein rekna nok heile tida med at styresmaktene heldt seg orientert om kven som var misjonærer, for dei hadde sine informantar både i kyrkjene og i dei lokale verksemdene, men ein heldt ein så låg profil som mogleg.

Dei to første åra var begge misjonærane språkstudentar. Underteikna var student på heiltid, for det meste ved AUC, Det amerikanske universitetet i Kairo. Det første året fekk me turistvisum; det var enklast fordi eg endå ikkje var begynt å studera då me kom til Egypt. Året etter hadde eg tenkt å søka studentvisum, men fordi eg det semesteret var student ein stad som ikkje hadde dei formelle godkjenningane for dette, fekk eg beskjed på visumkontoret om å berre ta turistvisum eitt år til. Då språkstudiet var ferdig, ønskte eg å få i stand ein arbeidstillatelse gjennom Magalla, der eg hadde arbeidsplassen min, men det viste seg å vera komplisert, og tida gjekk utan at arbeidsgjevar fekk gjort noko med saka. Og då første fireårsperiode var over, hadde eg vore «turist» i like mange år.

I utgangspunktet var me som utsendingar innforstått med at me ikkje kunne fortelja folk at me var misjonærer. Men heilt frå byrjinga opplevde me det som eit stort problem at leiinga i MEM ville at me også skulle halda hemmeleg min identitet som prest og teolog, ikkje minst overfor nordmenn og andre skandinavar i Egypt. Her var nok det vesle, norske miljøet mykje meir gjennomsiktig enn det store amerikanske miljøet. Allereie etter ein månad i landet møtte me nordmenn som stilte så direkte spørsmål at me valde å vera opne med dei, og då nemnde dei at dei hadde venner som hadde fått barn, og som leita etter ein prest som kunne ha barsedåpen.<sup>205</sup> Me innsåg etter kvart at det var nærast umogleg å halda det skjult for den norske kolonien, og etter ei tid valde me å vera meir opne med bakgrunnen vår. Men me gjorde nok eit dårleg val då me den første tida valde å ikkje avklara med den norske ambassaden kvifor me var i landet. Det kan også nemnast at den norske presten ved

---

<sup>204</sup> Sakseid, Helga og Geir, informasjonsbrev til misjonsvenner, datert september 1993.

<sup>205</sup> Eige dagboknotat 17.09.93

sjømannskyrkja i Dubai, John Grimsby, hadde enkelte gudstenester i Kairo gjennom eit samarbeid med Norsk Hydro. Han sa at han var glad for at sjømannsmisjonen hadde «fått ein fot innanfor» i Kairo. Dermed fekk eg ein god unnskyldning dersom nokon lurte på kvifor eg ikkje var prest for dei norske i Kairo – eg kunne seia at eg ikkje ville blanda meg inn i den rolla som sjømannsmisjonen spelte.<sup>206</sup>

Den svenske kyrkja hadde ein offisiell utsending til Egypt på nittitalet. Presten Gunnar Lind arrangerte mellom anna svenske gudstenester og inviterte andre skandinavar med på dei. I november 1996 arrangerte Gunnar Lind ein tur til Qusiyya ved Assiut, der den koptisk-ortodokse biskop Thomas har bispesete. Med på turen var det, utanom skandinavar i Kairo, ein norsk delegasjon frå Mellomkirkelig Råd og Tunsberg bispedøme. Det vart då nemnt at MKR kanskje kunne gi meg ein tilsvarande funksjon som den Gunnar Lind hadde. Eg ønskte velkommen ein samtale om dette, men sa at eg var litt tilbakehalden med å bruka mykje tid som representant for MKR, fordi det ville bli ei avsporing i forhold til hovudkallet mitt.<sup>207</sup>

Kjetil Aano påpeikte identitetsproblemet i ein rapport frå 1997. Han skriv om undertekna si vurdering av situasjonen at «problema er knytta til at han ikkje har identitet i landet som svarer til det han gjer. Dette må løysast annleis i samband med eventuell ny periode.»<sup>208</sup>

Hausten 1996 hadde misjonsekretær Per Ivar Farestad tatt kontakt med Jan Opsal ved Misjonshøgskolen (MHS) for å vurdera om eg kunne ha ein mogleg tilknytning til MHS eller Senter for interkulturell kommunikasjon (SIK).<sup>209</sup> Dette vart drøfta vidare i siste del av første 4-årsperiode i Egypt, og då me vart sende ut igjen etter eitt års heimeopphald, hadde eg fått med i arbeidsbeskrivelsen at eg skulle vera forskar for SIK.

Som forskar for SIK foretok eg ein studie av ein egyptisk TV-serie (arabisk *musalsal*) som vart kringkasta i den muslimske fastemånaden Ramadan vinteren 1998/99. Kvar år i Ramadan blir dei mest populære TV-seriane kringkasta, for i denne månaden ser folk mykje TV. Eg valde å studera serien «Imra'a min zaman al-ḥubb», eller «A woman from the time of love» på engelsk, skriven av den kjende egyptiske manusforfattaren Osama Anwar Okasha, som den palestinsk-amerikanske antropologen Lila Abu-Lughod presenterar i boka *Dramas of*

---

<sup>206</sup> Eige dagboknotat 12.12.94

<sup>207</sup> Eige dagboknotat 09.11.96

<sup>208</sup> AU 4/97 med vedlagt rapport frå Kjetil Aano si reise til Midtausten hausten 1996.

<sup>209</sup> Brev frå Jan Opsal til Per Ivar Farestad, datert 26.09.96, privat arkiv.



*nationhood. The politics of television in Egypt.*<sup>210</sup> Okasha hadde tidlegare skrive fleire svært populære seriar, og i denne serien held han fram tradisjonelle egyptiske verdiar som ein måte å halda fast på arabisk og egyptisk identitet utan å forneakta det som blir sett på som dei positive sidene ved «det moderne». Eg analyserte serien med god hjelp av ein lokal egyptisk medarbeidar, og saman presenterte me analysen for det lokale teamet i MEM. Eg skreiv også ein artikkel som ikkje blei publisert, men som blei nemnt kort i boka til Abu-Lughod.<sup>211</sup> Resultatet av dette arbeidet blei også lagt fram på eit forskarseminar på MHS i regi av SIK.<sup>212</sup> For min eigen del opplevde eg det veldig godt å ha denne identiteten som forskar ved SIK. Det gjorde at eg hadde ein plausibel grunn for å vera i landet, og det gjorde at eg følte eg kunne senka skuldrene litt i forhold til alt som skulle vera så hemmeleg.

Då me kom tilbake til Egypt til andre periode sommaren 1998, valde me dessutan å vera meir opne med min identitet som prest. Mellom anna vart eg godkjend for teneste i den anglikanske kyrkja og gjorde noko vikarteneste i St. John the Baptist kyrkjelyd i Maadi. Det same gjaldt Arne Fjeldstad, som også var ordinert prest, då han og kona Hilde byrja arbeid i Egypt i 2000. Hilde hadde på den tida teologisk embetseksamen og tilleggsstudiar i m.a. islam. Men i det egyptiske samfunnet var det ingen som stilte spørsmål med kva konene dreiv med, og Hilde var offisielt «husmor» utan at det opplevdest som noko problem. Etter at eg avslutta arbeidet i Egypt, overtok ho mi rolle som teologisk konsulent og «Field Personnel Officer» i MEM.<sup>213</sup> Andre NMS-misjonærar til Midtausten har uttalt til undertekna at dei også opplevde det nokså belastande at dei ikkje kunne fortelja folk i Noreg kva land dei skulle til.<sup>214</sup>

Var dei norske misjonærane i Midtausten «teltnakarar»? NMS brukar uttrykket i eit strategidokument frå 1996, der dei definerer ein teltnakar som «en utsending som ikke har en stilling knyttet direkte til misjonens eller kirkens egen virksomhet.»<sup>215</sup> Uttrykket stammar frå Apostelgjerningane, der det står at apostelen Paulus livnærte seg som teltnakar, samtidig som

---

<sup>210</sup> Abu-Lughod 2001:15

<sup>211</sup> Abu-Lughod 2001:206

<sup>212</sup> Sakseid 2000

<sup>213</sup> Kjelde: Hilde Fjeldstad, samtale i februar 2019.

<sup>214</sup> NN, samtale januar 2019.

<sup>215</sup> «Misjon i fornyelse» Strategidokument 1996-1998, kapittel 7.2.10

han var misjonær (Apg. 18,3). Lausanne-dokumentet *Manila-manifestet* skildrar teltmakarar slik:

De reiser rundt i kraft av sine yrker (f.eks. forretningsfolk, tekniske spesialister, universitets- og språklærere) og bruker enhver anledning til å snakke om Jesus Kristus. Disse får ikke adgang til land på falske premisser; deres arbeid bringer dem virkelig dit. Men vitnetjenesten er en integrert del av deres kristne livsstil uansett hvor i verden de befinner seg.<sup>216</sup>

For ein utfyllande artikkel om teltmakarteneste, sjå t.d. Torbjørn Lied sin artikkel «Lukkede land – teltmakermisjon».<sup>217</sup>

Den norske organisasjonen «Tent» har litteratur tilgjengeleg på heimesidene sine der ein opererer med fire kategoriar teltmakarar: T1: «Christian abroad»: Ein kristen som bur i utlandet, men utan å vera sendt og støtta av ein organisasjon. T2: «Unsupported missionary»: Ein kristen som er sendt av ein organisasjon eller ei kyrkje, men som lever av jobben vedkommande har. T3: «Supported missionary»: Ein kristen som er sendt av ein organisasjon eller kyrkje, som har ein ekte jobb, men som får lønna si dekt av sendeorganisasjonen. T4: «Undercover missionary»: Her har misjonæren ikkje noko ekte sekulær jobb, og får all økonomisk støtte frå sendeorganisasjonen.<sup>218</sup>

Det synest klårt at NMS-misjonærane til Midtausten kom under kategoriane T3 eller T4. Dei første som kom, hadde aldri arbeidstillatelse, men budde i landet på turistvisum heile tida, og hadde tidvis ingen plausibel grunn for å vera i landet. Det kan rett nok leggest til at styresmaktene aldri stilte noko spørsmål ved denne praksisen, men snarare la tilhøva til rette for at det skulle vera enkelt for utlendingar – utlendingar med tilgang til pengar, vel å merka – å bu og opphalda seg i landet. Seinare misjonærar kan seiast å falla under kategorien T3. Dei kom for å utføra «ekte jobbar», t.d. som TV-produsent eller «publisher».

Som ein ser, møtte NMS på mange ulike dilemma knytt til Midtausten som misjonsmark. NMS som misjonsorganisasjon fekk eit problem med informasjonen til givarane. Det var vanskeleg å skriva om konkrete prosjekt utan å setta arbeidet i fare. Men først og fremst var det eit problem for utsendingane.

---

<sup>216</sup> Lausanne 1989, punkt C 11

<sup>217</sup> Lied 1994

<sup>218</sup> The Missionary Training Service 2002

Misjonærene opplevde det vanskeleg, ikkje berre med tanke på dei praktiske problema, men også fordi det representerte fleire etiske dilemma. Reiste me inn i Egypt på falske premisser då me kom dit som misjonærar, men sa at me var språkstudentar? Var det galt at me oppheldt oss i landet på turistvisum alle dei sju åra me budde og arbeidde der? Er det noko med sjølve den indirekte kommunikasjonsformen som i utgangspunktet er problematisk? Nokre vil svara ja på alle desse tre spørsmåla, medan andre vil forsvara praksisen av to hovudgrunnar: Den eine går i hovudsak ut på at Misjonsbodet om å gå ut til alle folkeslag<sup>219</sup> overstyrer restriksjonar frå styresmakter, og den andre har med ytringsfridomen til religiøse minoritetar å gjera. Det siste punktet vil eg komma tilbake til når eg presenterer menneskerettsorganisasjonen Middle East Concern (MEC) i punkt 4.5, men elles blir det for omfattande å drøfta dei etiske perspektiva inngåande i ramma av denne oppgåva.

No skal me sjå korleis MEM brukte ny teknologi for å omgå dei restriksjonane som styresmaktene sette for tradisjonelt misjonsarbeid.

#### 4.1.4 Satsing på internett

I MEM har dei alltid vore opptatt av å følgja med på tekniske nyvinningar og leita etter nye måtar å nå ut med budskapet på, og dei var også tidleg ute med satsing på internett: «Det aller siste er eit ‘elektronisk blad’ eller såkalla ‘vevsider’ på Internett, som brukarar av datamaskin kan få fram på skjermene sine», skreiv me stolt i *Misjonstidende* i 1997.<sup>220</sup> Desse nettsidene var ein del av det meir direkte evangeliserande arbeidet til MEM, og som var tydeleg retta mot muslimar. Likevel er profilen på budskapet aldri eit angrep på islam, men den positive budskapet om ein Gud som viser sin kjærleik gjennom Jesus Kristus og som vil ha eit personleg forhold til det einskilde mennesket. Internett kjenner ikkje landegrenser. Det opnar landa for tankar utanfrå og er vanskeleg å kontrollera. Denne delen av arbeidet skulle seinare visa seg å bli viktigare enn papirbladet.

Arne H. Fjeldstad, teolog med bakgrunn frå massemedia, vart rekruttert til å ta over som leiar av Magalla, og kom til Egypt i august 2000, saman med kona Hilde. Han hadde mellom anna skrive ei doktoravhandling om evangelisering på «cyberspace».<sup>221</sup> Med den bakgrunnen var det naturleg at Arne Fjeldstad ønskte å styrka satsinga på internett. I *Årboka* for 2003 heiter

---

<sup>219</sup> Matt 28,16-20

<sup>220</sup> Sakseid 1997b

<sup>221</sup> Fjeldstad 1997

det såleis at «fokuset det siste året har vært på Internett. Flere websider har blitt utviklet eller er under utvikling. På den måten er evangeliet tilgjengelig på arabisk til barn, unge og familier hele døgnet.»<sup>222</sup>

Eit prosjekt som vart svært vellukka rundt år 2005, var arbeidet med å gjera Bibelen tilgjengeleg på mobil. Her fekk ein etter kvart mange gode rapportar, skriv Georg Tumyr, som den gong var NMS sin representant for Midtausten og Pakistan.<sup>223</sup> Arne Fjeldstad skreiv seinare om temaet i artikkelen «Stengte dører – åpne vinduer», publisert i eit temanummer av *Norsk tidsskrift for misjonsvitenskap*<sup>224</sup>. Her viser han korleis internett kan vera som eit ope vindaug til muslimske samfunn når styresmaktene stenger dørene for tradisjonell misjonsverksemd. «Internett er et halvåpent vindu» skriv han, og misjonen må samla forskingsbasert kunnskap, slik at ein kan bruka den virtuelle verda som kommunikasjonsmedium på ein god måte. Utviklinga på det teknologiske feltet går svært fort, og Jon Aalborg kommenterer at «Bibelen til mobil ble en suksess, helt til telefonene ble virkelig smarte og det ble laget helt andre typer produkter.»<sup>225</sup> Den gongen lagde dei einskildfiler av skriftene i Bibelen, som mottakaren lasta ned til sin eigen mobil; i dag er det online-løysingar som er det vanlege.

#### 4.1.5 Kvifor vart Magalla nedlagt?

Det var ei dramatisk endring for MEM at Magalla vart nedlagt i 2006, etter 28 år på marknaden. «Det var som om me skulle mista far vår», sa ein som hadde vore med i staben heilt frå byrjinga.<sup>226</sup> Ei av damene i redaksjonen hadde eit litt anna syn på det. Magalla hadde spelt ei viktig rolle som «vegryddar» tidlegare, men no hadde ny teknologi overtatt, og det var naturleg å leggja det ned.<sup>227</sup> Uansett er det naturleg å spørja seg kva som låg bak nedlegginga.

Bladet hadde lenge slite økonomisk, og i Norge var det vanskeleg å motivera til å gi til arbeidet i Midtausten. Den norske leiaren for arbeidsgreina, Arne Fjeldstad, skreiv i ein rapport for 2004 at dei prøvde å utvikla bladet ved å gjera fleire grep, både ved å styrka

---

<sup>222</sup> *MT Årbok* 2003, s.38

<sup>223</sup> Programrapport EMMA 2006, punkt 7.

<sup>224</sup> Fjeldstad 2007

<sup>225</sup> Messenger-chat 08.02.19

<sup>226</sup> NN, telefonsamtale på Messenger 07.02.19

<sup>227</sup> NN, telefonsamtale på Messenger 09.02.19

økonomien og ved å fornya bladet, både redaksjonelt og med ny lay-out. Samstundes arbeidde eit team med å vidareutvikla det nettbaserte arbeidet.<sup>228</sup>

Den norske leiaren for IT-avdelinga, Jon Aalborg, skreiv til NMS at han stiller seg undrande til om NMS brukar ressursane rett på Magalla. «Vårt arbeid preges derfor etter min foreløpige oppfatning for mye av å holde i gang noe som en gang ble startet.»<sup>229</sup> Han skulle få rett.

Arne Fjeldstad avslutta si teneste i bladet og familien flytta tilbake til Norge i 2005. I løpet av dette året blei det også tydeleg at det ikkje lenger var økonomisk forsvarleg å driva Magalla på den måten det hadde blitt drive tidlegare. I første omgang blei det bestemt å gå over til å berre publisera Magalla på nettet, og ikkje på papir.<sup>230</sup>

Året etter blei eit svært turbulent år for Magalla. Georg Tumyr skriv at prosessen med overgang frå papir til web blei vanskeleg fordi det var mykje motstand mot endringane i staben. Tumyr meiner også at manglande forståing for formålet til bladet gjorde at ein heller ikkje lukkast med nettsidene, trass iherdig innsats frå dei norske IT-arbeidarane. «Planen var altså å gå over fra papirbasert til web basert løsning. Når det etter hvert viste seg at det ikke fantes strategisk eller redaksjonell kapasitet til å gjennomføre denne endringen, ble hele prosjektet skrinlagt.»<sup>231</sup>

Jon Aalborg, som hadde ansvaret for overgangen til nettversjonen av bladet, trur det var ein kombinasjon av fleire ting som førte til at Magalla vart nedlagt. Ein viktig faktor var at «det som var det uttalte siktet med Magalla, nemlig å være et pre-evangeliserende tidsskrift som skulle kunne nå ut i det «sekulære» (med alle forbehold) markedet [...] var i ferd med å utvikle seg til noe annet.»<sup>232</sup> Det hadde fått ein så kristen profil at det var blitt svært populært i kyrkjene, og då blei det vanskeleg å nå ut til det som var den opprinnelege målgruppa. Sjå elles kapittel 5.3 «Indirekte kommunikasjon».

Ein annan viktig grunn til at Magalla ikkje lenger kunne drivast, var rett og slett at marknaden hadde endra seg, slik ein tidlegare medarbeidar kommenterte (sjå ovanfor). Ikkje berre var det større konkurranse på lesarmarknaden, med mange fleire sterkt subsidierte blad, men endå

---

<sup>228</sup> Arne Fjeldstad, Arbeidsrapport 2004

<sup>229</sup> Jon Aalborg, Arbeidsrapport 2004

<sup>230</sup> Programrapport EMMA 2005, punkt 5

<sup>231</sup> Programrapport EMMA, 2006, punkt 5

<sup>232</sup> Jon Aalborg, notat til underteikna, 08.02.19

viktigare var det at ny teknologi hadde overtatt for det trykte mediet. Eitt av delspørsmåla eg ville ha svar på i arbeidet med denne oppgåva, er korleis misjonen har tilpassa seg skiftande ytre tilhøve knytt til t.d. politikk, medieteknologi, og marknad. Det at Magalla blei lagt ned, er eit døme på at marknaden endra seg, slik at ein gjekk over til nettbasert kommunikasjon, og satsinga på satelitt-TV er det tydelegaste dømet på korleis miljøet rundt MEM tilpassa seg den nye TV-teknologien.

## 4.2 Openlys TV-satsing

Satelitt-TV-kanalen SAT-7 gjorde det mogleg for dei kristne å formidla den kristne budskapen på ein direkte måte til eit stort publikum. No kunne ein i mindre grad «kviskra i einerom» og desto meir «ropa ut frå hustaka».

### 4.2.1 Den kristne kanalen SAT-7

«Gjennom heile 1994 har MEM arbeidd, saman med andre organisasjonar og kyrkjene i Midtausten, med bakkestudier for å finna ut om det er mogleg å starta ein arabisk TV-kanal som ikkje blir sensurert av muslimske styresmakter og som kan presentera evangeliet på ein måte som passar inn i den arabiske kulturen.» Slik blir SAT-7 presentert til lesarane av *Misjonstidende* i Årboka i 1995. «Fjernsynet er det sterkaste mediet som finst, og det veit dei muslimske styresmaktene! I dei fleste landa i Midtausten slepp dei kristne sjeldan eller aldri til på TV, korkje med forkynning, undervisning eller informative program på eigne premissar [...] No ser det ut til at me skal kunna nå inn til millionar av heimar i den arabiske verda med ein direkte kristen budskap.»<sup>233</sup>

Eitt år etter er kanalen lansert: «Hausten 1995 vart satelittprosjektet SAT-7 lansert offentleg av 60 kyrkje- og medialeiarar som representerte om lag 40 ulike kristne organisasjonar: protestantar, katolikkar og ortodokse. Satelittkanalen vil ha base på Kypros og tar sikte på å yta ei fjernsynsteneste for dei kristne i Midtausten.»<sup>234</sup> Kanalen har eit tredelt sikte, heiter det: For det første å støtta og oppmuntra lokale kristne; for det andre å gi sjåarane høve til å få den kristne budskapen presentert gjennom sitt eige språk og sin eigen kultur; og for det tredje å

---

<sup>233</sup> Sakseid 1995:68

<sup>234</sup> *MT Årbok* 1996 s.73

formidla eit balansert kristent verdsbilde, som eit supplement til dei offentlege utdannings- og informasjonskanalane.

#### 4.2.2 Framveksten av satellitt-TV

Den kristne satelittkanalen var tidleg på banen samanlikna med utviklinga elles i området. SAT-7 blei lansert berre fem år etter at dei første nasjonale satelitt-TV-sendingane gjekk på lufta i 1990. Desse var sende frå Egyptian Satellite Channel (EGC), først og fremst for å nå egyptiske troppar stasjonerte i Irak i Golfkrigen. Kanalen var statleg gjennom heile nittiåra. Men det var ikkje før i 1998 at Egypt fekk sin eigen satelitt, NILESAT, for å bli uavhengige av den Saudi-kontrollerte ARABSAT.<sup>235</sup>

Kort tid etter den egyptiske nasjonale satelittkanalen, byrja The Middle East Broadcasting Centre (MBC) å kringkasta via satelitt frå London. Seinare kom fleire andre private aktørar på banen, også dei med utgangspunkt i London; fleire av desse hadde eigarar frå Saudi-Arabia. I 1996 vart to viktige kanalar med kvar sin profil etablerte: den kjende nyhetskanalen Al-Jazeera i Qatar og underhaldningskanalen LBC i Libanon. Rundt årtusenskiftet flytta fleire viktige TV-selskap «heim» til den arabiske verda. Denne utviklinga skaut fart etter 11. september-angrepet i 2001, og det var ein sterk vekst av nye satelitt-TV-kanalar.<sup>236</sup>

Sjølv om SAT-7 var tidleg ute med sendingar, kan det seiast at den kristne kanalen rettar seg mot ein nisje i marknaden, tilliks med ein del andre kristne kanalar. I ei bok om arabisk massemedia blir kristen kringkasting såvidt nemnt med eit lite avsnitt: «It is worth recalling that Christian broadcasting exists in the Arab world, both terrestrial and satellite and until recently mostly based in Beirut, and that there are currently Christian satellite channels in Egypt, Iraq and Lebanon. These channels, however, are outside the mainstream of the Arab satellite television industries».<sup>237</sup> Likevel når kanalen store sjåargrupper. Ifølge SAT-7 sine siste sjåarundersøkingar var det meir enn 21 millionar menneske i MENA-regionen som såg på den arabiske kanalen i 2018; dei fleste av desse såg kvar dag eller minst ein gong i veka. Kanalen legg også stor vekt på publikumskontakt, og hadde same året ei auke på 40% med til saman 329000 ulike kontaktpunkt, det meste av dette gjennom kommentarar på Facebook.<sup>238</sup>

---

<sup>235</sup> Kraidy & Khalil 2009:17-18

<sup>236</sup> Kraidy & Khalil 2009:19ff

<sup>237</sup> Kraidy & Khalil 2009:70

<sup>238</sup> SAT-7 2019b:18-19

Våren 2019 hadde SAT-7 sendingar kvar dag heile året på fire kanalar og tre språk – arabisk, tyrkisk og farsi – og hadde 25 millionar sjåarar fordelt på 25 land.<sup>239</sup> Sendingane starta i mai 1996 med to timar kvar fredag, og mot slutten av 1997 hadde ein auka til sendingar to dagar i veka, men framleis berre 7 ½ time i veka. Dette året fekk ein også studio både i Beirut og i Kairo.<sup>240</sup> Sjølv om SAT-7 blei lansert som ein kanal av og for dei kristne kyrkjene, presenterer NMS dette også som «en tydeligere markering av islam som misjonsutfordring.» I Landsstyret sin treårsmelding i 1999 heiter det at «profilen til SAT-7 er å sende programmer som kan kommunisere evangeliet på en troverdig måte i en muslimsk kontekst.» Det blir lagt vekt på at det er stor respons på programma «i et land som Marokko hvor det ikke er registrert noen offisiell, nasjonal kirke.»<sup>241</sup> Den muslimske konteksten og potensialet for å nå muslimar med ein kristen bodskap er altså ein viktig motivasjon for NMS i oppstartsfasen av SAT-7.

Dette står i motsetnad til det Leif Ørjan Thingbø har skrivne i si masteroppgåve om SAT-7. Her gjer han m.a. greie for det åndelege narrativet til organisasjonen.<sup>242</sup> Han viser at dei er svært tydelege på at det ikkje skal vera eit mål for SAT-7 å omvende muslimar til kristendommen, og han siterer frå dokumentet «Partnerships kit», som seier at «We will refrain from any coercive attempts at changing people's faith» (Partnerships kit:9). Partnerar skal heller ikkje snakka om SAT-7 som ein reiskap for evangelisering, forklarar han, og viser til punkt 38 i same dokumentet. Dette er ikkje så overraskande, skriv han:

SAT-7 would probably not be able to broadcast if they publically stated this as their goal. It is a matter of distinguishing conversion from witnessing. It is not the goal to convert, but rather a goal to present what the Christians believe, what they themselves have “witnessed” and experienced, and to create a greater understanding of this belief.

Likevel, når ein les nyare brosjyremateriell frå SAT-7, finn ein historiar der me kan lesa mellom linjene at menneske blir omvende til den kristne trua som eit resultat av SAT-7 sine program. I bladet «Insight» frå september 2018 finn me t.d. artikkelen «Big church growth in Algeria despite adversity». Her blir ekteparet Samia og Salah Kessai presenterte, og dei fortel at trass motstand frå styresmaktene, har dei dåp kvar tredje månad, av og til for meir enn hundre personar. Dei lagar ulike typar TV-program og seier at «many people experience a

---

<sup>239</sup> SAT-7 2019a

<sup>240</sup> *MT Årbok* 1997:43

<sup>241</sup> *MT Årbok* 1999:9

<sup>242</sup> Thingbø 2016:101



personal relationship with God through watching the programs». Her blir det ikkje sagt noko om muslimar som blir kristne, men alle som kjenner litt til den religiøse demografien i Nord-Afrika, kan tenka seg til kven det er som blir omvende.<sup>243</sup>

NMS har også tilsvarende historiar på nettsidene sine. Eit døme er artikkelen «Bilbatteriet som forvandlet liv».<sup>244</sup> Artikkelen skildrar beduinen Habib som brukar eit bilbatteri som energikjelde for å sjå TV, og som har komme til tru på Jesus gjennom programma til SAT-7. Han brukar no teltet sitt som ei kyrkje. Denne artikkelen seier heller ingenting om kva religion Habib hadde før han blei kristen, men overlèt det til lesaren sin fantasi.

Ingen av desse nyare artiklane eg har vist til ovanfor, seier likevel at SAT-7 prøver å omvenda nokon til kristendommen. Det handlar, som Thingbø presiserar, om å presentera den kristne trua for sjåaren, som så må tolka det som blir vist på sin eigen måte.

I dag (2019) er det seks norske kyrkjesamfunn og organisasjonar som støttar SAT-7, og som møtest regelmessig for å koordinera arbeidet. Dette samarbeidet har m.a. ført til at Norea Mediemisjon og Det Norske Bibelselskap hjelper NMS med eigenandelen til Digni/Norad-støtta til SAT-7.<sup>245</sup>

Mykje av NMS sine bidrag til SAT-7 er knytt opp mot utviklingsmidlar som skal gå til støtte for marginaliserte grupper, som minoritetar, kvinner og born, særleg etter at NMS blei organisert i ulike program.<sup>246</sup> Det er t.d. gitt støtte til barneprogram som skal gi publikum betre haldningar til menneske med funksjonsnedsetting.<sup>247</sup> SAT-7 er også tydeleg på å visa støtte til kristne som er i ein pressa situasjon. Etter uroen i Egypt sommaren 2013, då president Morsy var blitt avsett, viste SAT-7 gudsteneste frå ruinane av ei nedbrend kyrkje. «De brant og ødela bygningen, men de vil aldri kunne ødelegge kirken», sa pastoren i Beni Mazar.<sup>248</sup>

---

<sup>243</sup> SAT-7 2018

<sup>244</sup> NMS (u.d.) *Bilbatteriet som forandret liv*

<sup>245</sup> Ifølge Åslaug Ihle Thingnes i e-post til undertekna 17.07.19. Digni er ein paraplyorganisasjon for norske misjonsorganisasjonar, og blei etablert i 1983 som Norsk Misjonsråds Bistandsnemnd. Digni kanaliserer statleg norsk bistand ut til diverse utviklingsprosjekt. Sjå elles heimesida digni.no.

<sup>246</sup> Sjå kap. 4.4

<sup>247</sup> 2003 Sat-7 Report Norad (Upubliserte kjelder, punkt 6.1.6)

<sup>248</sup> *MT Årbok* 2013:34

#### 4.2.3 Forkynning utan å provosera

Korleis kan ein driva målretta misjonsarbeid i hjartet av den muslimske verda utan å auka konfliktnivået mellom religionane? Både MEM og SAT-7 har hatt som mål å kommunisera den kristne budskapet på ein kulturelt sensitiv måte, men SAT-7 har ein heilt annan mediestrategi enn MEM. Satelittkanalen markedsfører seg som ein tydeleg kristen kanal for og av kristne i Midtausten. Som Leif Ørjan Thingbø påpeikar, er kanalen dessutan nøye med å ikkje provosera unødige med å senda politiske budskap eller kritikk mot andre religionar.<sup>249</sup>

Til samanlikning kan det vera interessant å sjå litt på ein medieaktør som kommuniserer på ein heilt annan måte enn SAT-7: Fader Zakaria Botros er ein koptisk-ortodoks prest frå Egypt som driv islamkritiske nettsider og video-kanalar.<sup>250</sup> I eit intervju i «Catholic Online» fortel han utfyllande om bakgrunnen sin og om korleis han kritiserer islam ved å ta opp svært ømtålelege tema om profeten Muhammad, der han viser til islam sine eigne kjelder i Koranen, hadith-litteraturen og profetsiraen (biografiane om profeten).<sup>251</sup> Intervjuet vart opprinneleg gjort for den høgre-orienterte og sterkt islamkritiske organisasjonen Jihad Watch og lagt ut på nettavisa «Frontpage Mag». Som eit resultat av dette har al-qaida kalla han «ein av dei mest ettersøkte vantru i verda», og utlyst ein skuddpremie på 60 millionar dollar, ifølgje intervjuteksten.

Her er MEM også på linje med SAT-7. MEM har ikkje berre program og publikasjonar som formidlar evangeliet på ein indirekte måte. Organisasjonen har t.d. også produsert ei rekke publikasjonar med ein direkte og tydeleg kristen budskap, men desse har ein ikkje kunna publisera ope i muslimske land. Dei har blitt distribuerte i Vesten eller gitt direkte til personar i Midtausten som har etterspurt dei. Tekstane i desse publikasjonane inneheld aldri kritikk mot islam, men presenterer det som blir sett på som sentrale kristne sanningar på ein tydeleg og open måte. Desse hefta har namn som «Kitābi» («Boka mi»), eller «Al-yaum 'eid li'l-mu'min al-jadīd» («I dag er det fest for den nye truande»). Eitt av desse hefta er det tospråklege «As'ila hāma» / «Ultimate Questions». Ein lesar frå Saudi-Arabia har sendt inn eit spørsmål som bladet svarar på. Han spør kva han skal gjera for å få fred med Gud, for endå han er religiøs, kjenner han seg djupt åndeleg tom på innsida, skriv han. Redaksjonen svarar

---

<sup>249</sup> Thingbø, 2016:21

<sup>250</sup> Sjå t.d. [www.alfadytv.tv](http://www.alfadytv.tv) og <https://www.fatherzakaria.net/>, funne 15.02.19.

<sup>251</sup> Jihad Watch 2009

då med å råda han til å følgja fire steg på vegen mot fred med Gud: For det første å komma til Gud gjennom Jesus Kristus; for det andre å erkjenna at mennesket sitt store problem er å vera skilt frå Gud pga. synd; for det tredje å vedkjenna at det guddommelege svaret er krossen; for det fjerde å tru at alle menneske treng å ta imot Kristus. Deretter følgjer fleire praktiske råd, m.a. ei bøn som lesaren kan be, og ei oppfordring til å lesa Bibelen og prøva å finna fram til andre kristne.<sup>252</sup> Som me ser, følgjer dette eit klassisk vestleg, evangelikalsk mønster. Eg skal ikkje kommentera dette vidare; poenget mitt er å visa at teksten ikkje har nokon polemikk mot islam, og at dette er eit gjennomgåande trekk ved måten å kommunisera på for NMS sine samarbeidspartnarar.

Me ser altså at både MEM og SAT-7 har hatt som mål å forkynna evangeliet, men på ein kulturelt sensitiv måte, og utan å provosera unødig det muslimske fleirtalet i regionen. MEM har gjort det på to måtar: ved å tona ned den direkte kristne budskapen for å nå ut til eit stort publikum gjennom sekulære medikanalar, og ved å skriva direkte og tydeleg i målretta publikasjonar for eit mindre publikum. SAT-7 har først og fremst markedsført seg som kanalen for dei kristne, og legg vinn på å aldri kringkasta noko som kan oppfattast som fornærmande overfor islam eller muslimar.

Etter seks år i Midtausten, hadde NMS støtta to ulike medieorganisasjonar som på kvar sin måte dreiv forkynnande arbeid. Etter kvart byrja ein å sjå seg om etter prosjekt som ikkje berre handla om evangelisering.

#### 4.3 Ønske om «fleire bein å stå på»

I rapporten sin etter besøket på feltet i 1996 nemner Kjetil Aano, som den gong var redaktør i *Misjonstidende*, at NMS treng fleire typar prosjekt i Midtausten. «Det som eventuelt kan vera verd å sjå på, er om ein ved ei utviding skulle støtta eit diakonalt tiltak. Det kunne skje gjennom eitt av mange eksisterande program, enten ortodokse eller annan profil. Det ville opna for opphaldsløyve og ville kunne gi vår innsats to bein å stå på.»<sup>253</sup> Det skulle gå nesten ti år før ein gjekk i gang med å støtta eit diakonalt prosjekt. I mellomtida skjedde fleire ting:

---

<sup>252</sup> *Ultimate Questions of life* nr 14 (u.d.), s.9-11

<sup>253</sup> Aano, Kjetil (1996) Rapport vedlagt AU 4/97

For det første fekk Geir Sakseid ei offisiell tilknytning til SIK (Senter for interkulturell kommunikasjon), og ein TV-journalist blei rekruttert til eit medieprosjekt. Han og familien var i Midtausten i fire år frå 1998 til 2002. Den første tida var TV-journalisten knytt til MEM sitt TV-arbeid, men flytta seinare over til organisasjonen Arab Vision. For det andre blei NMS støtteorganisasjon for Middle East Concern (MEC). Det skjedde formelt i 1999, men organisasjonen hadde blitt omtalt positivt tidlegare. Landsstyret skriv følgjande i si treårs melding i 1996: «Ut fra miljøet rundt Middle East Media har det også vokst fram en organisasjon som følger menneskerettssituasjonen i Midtøsten, Middle East Concern. NMS har kontakt med denne organisasjonen, og den fremstår som en meget troverdig og etterrettelig organisasjon.»<sup>254</sup> For det tredje blei det knytta kontaktar til ETSC, Det evangeliske teologiske seminaret i Kairo. I det følgjande skal me sjå nærare på MEC og ETSC.

#### 4.3.1 Menneskerettsarbeid gjennom Middle East Concern

Middle East Concern (MEC) er ein liten organisasjon som NMS samarbeider med om menneskerettsarbeid i Midtausten. Organisasjonen vart starta i 1991 som svar på behov som kristne leiarar i MENA-regionen hadde gitt uttrykk for. MEC støttar menneske i MENA-regionen som er marginaliserte, diskriminerte eller forfylgde for å vera eller bli kristne. Organisasjonen skriv på heimesidene sine at dei får mandatet sitt frå Bibelen (t.d. Heb 13,3) og andre kjelder, som m.a. Den internasjonale fråsegna om Menneskerettane (1948), særleg paragraf 18; Dignitatis Humanae, 2. Vatikankonsil si erklæring om religionsfridom (1965); og Lausannepakta (1974) paragraf 13. Dei listar dessutan opp ei rekke utsegn om religionsfridom av nyare dato frå ulike kjelder.<sup>255</sup>

Sidan MEC hadde utgangspunkt i miljøet rundt MEM, var det naturleg for NMS å ha kontakt med menneskerettsorganisasjonen sidan starten, men NMS vart ikkje støtteorganisasjon for MEC før 1999. Om hausten det året foreslo dåverande misjonssekretær for Midtausten, Rune Skagestad, overfor AU at NMS skulle søka om medlemskap i MEC og støtta organisasjonen med \$1000,- i året. I forslaget er det lagt vekt på at MEC har stort truverde på grunn av det grundige arbeidet dei gjer med å finna fram til korrekt informasjon om menneskerettsbrot. MEC kan også vera til konkret hjelp for NMS sine utsendingar der dei har vore involverte i

---

<sup>254</sup> *MT Årbok* 1996:18

<sup>255</sup> Middle East Concern 2017

menneskeretts-saker, heiter det i framlegget til AU.<sup>256</sup> I *Misjonstidende* si årbok for 2000 er det kort nemnt at «nytt av året er partnerskap med menneskerettsorganisasjonen Middle East Concern.»<sup>257</sup>

I NMS sin programstruktur frå 2002 blei støtta til MEC plassert under programmet «Bygging» / Leiaropplæring og organisasjonsutvikling. Den tidlegaste årsrapporten eg har fått tilgang til, er frå 2007, ført i pennen av dåverande representant for NMS i Midtausten og Pakistan, Per Ivar Johansen, og den gir ei detaljert skildring av dei ulike sakene organisasjonen var engasjert i det året. Ifølge Johansen er MEC ein god organisasjon som gjer eit grundig og seriøst arbeid mot brot på menneskerettane. Han fortel også at det er styresmaktene som er ansvarlege for 56% av dei menneskerettsbrota dei har jobba med, noko som faktisk var ein nedgang frå 69% to år tidlegare.<sup>258</sup>

I 2011 var Per Ivar Johansen med på årsmøtet til MEC. I ein artikkel om dette møtet i *Misjonstidende* skriv han at «mesteparten av NMS' engasjement i regionen har et element av menneskerettsarbeid. Dette gjelder mange TV-program produsert av SAT-7 og Middle East Media (MEM) med fokus på rettigheter for marginaliserte grupper. Samtidig betyr støtte til minoritetskirker i seg selv en styrking av svake og til dels forfulgte grupper og dermed en styrking av demokrati og likeverd i de respektive landene.»<sup>259</sup>

Etter omorganiseringa med etableringa av NMS Global i 2017, sorterer no NMS sitt menneskerettsarbeid under fagseksjonen for migrasjon. «Målet for seksjonen er å fremme menneskerettigheter, styrke underprivilegerte grupper, forebygge konflikter og møte migrasjon internasjonalt og i Norge.»<sup>260</sup>

Det var dei mange brota på menneskerettane i MENA-regionen som var bakgrunnen for at MEC vart stifta. Dette skal me sjå nærare på i det følgjande.

Det er særleg på to område religionsfridomen blir utfordra i Midtausten, og det er forskjellsbehandling mellom muslimar og ikkje-muslimar og spørsmål knytta til fråfall frå islam, skriv Ed Brown, generalsekretær i Stefanus-alliansen. Han har vore knytt til MEC og er

---

<sup>256</sup> AU 132/99

<sup>257</sup> *MT Årbok* 2000:53

<sup>258</sup> Programrapport 2007 LOMA, kapittel 3.

<sup>259</sup> Johansen 2011

<sup>260</sup> NMS Global Årsrapport 2017 kapittel 3.3 s.11.

ein av bidragsytarane til eit kurs (på heimesida deira) om religiøs forfølgning, utvikla av MEC i 2014.<sup>261</sup> I ein artikkel om emnet drøftar han kvifor religions- og trusfridom ser ut til å vera mindre beskytta og respektert i land der islam er den dominerande religionen. Brown gjennomgår historia til nokre viktige internasjonale erklæringar om religiøs fridom og skriv t.d. at punktet om endring av religion har vore eit særskild viktig stridstema. Saudi-Arabia har vore ein særleg sterk motstandar av at prinsippet om fridom til å endra religion skulle presiserast i tekstane.<sup>262</sup>

Forskjellsbehandlinga av muslimar og ikkje-muslimar kan illustrerast med lovgjevinga rundt religiøse bygningar. Medan moskear kan byggast fritt, er det ofte vanskeleg å få bygd eller reparert kyrkjer. I avsnittet om NMS si støtte til evangeliske kyrkjer i Egypt, nemner eg at det ikkje er ukontroversielt å reparera gamle kyrkjebygningar eller bygga nye kyrkjer. Dette har samanheng med ei lovgjeving som har bakgrunn i det gamle *millet*-systemet.<sup>263</sup> Våren 2015 blussa det til dømes opp ein konflikt mellom kristne og muslimar i landsbyen el-Our i provinsen Minya i Egypt. Bakgrunnen for konflikten var at president Abdel Fattah al-Sisi hadde lova dei kristne å byggja ei kyrkje til minne om dei 21 martyrane som vart halshogne i Libya i januar same år, sidan 13 av offera var frå denne landsbyen. Sjølv om den nye grunnlova i Egypt lovar dei kristne ei ny lov som skal regulera bygging og reparasjon av kyrkjer, viser det seg at det i praksis er vanskeleg å gjennomføra dei gode intensjonane. Dette er eitt av mange døme på korleis det gamle osmanske *millet*-systemet framleis påverkar livet til menneske i Midtausten, og set avgrensingar på religionsfridomen.<sup>264</sup> I ei eksamensoppgåve undervegs i masterstudiet skreiv eg følgjande:

Den kanadiske statsvitaren Paul S. Rowe har lansert uttrykket “neo-millet” for å beskriva dynamikken mellom autoritære styresmakter i Midtausten og religiøse minoritetsgrupper når det osmanske *millet*-systemet vart erstatta av eit sekulært styresett. Rowe drøftar særleg korleis *millet*-systemet heldt fram med å regulera dei kristne sin juridiske status i den egyptiske staten. Sjølv om dei osmanske lovane<sup>265</sup> i utgangspunktet var tenkt å virka frigjerande for dei kristne gruppene i det osmanske

---

<sup>261</sup> Sjå <https://www.meconcern.org/resources/>

<sup>262</sup> Brown 2012

<sup>263</sup> Sjå kap 3.3.2

<sup>264</sup> Ghamrawi 2015

<sup>265</sup> Osmanske dekret frå reformane midt på 1800-talet, ofte referert til som *Hatt-i-Humayun*.

riket, vart dei meir og meir tolka som restriksjonar. På bakgrunn av interreligiøs uro på trettitalet, kom styresmaktene i Egypt med fleire restriksjonar for kyrkjebygging. Desse vilkåra gjorde det svært vanskeleg å byggja nye kyrkjer eller reparera gamle bygg, og restriksjonane stod ved lag under presidentane Nasser, Sadat og Mubarak.<sup>266</sup>

Etter den arabiske våren kom ein periode med mykje uro i Egypt. Den første grunnlova etter revolusjonen vart vedteken i 2012, og opna for ei streng tolking av islamsk lov, men også i den siste grunnlova av 2014 vert det slått fast at islam er statens religion og at islamsk lov er grunnlaget for lovgjevinga.<sup>267</sup> Artikkel 3 i denne grunnlova stadfestar millet-systemet som grunnlag for familieretten: “Prinsippa frå lovene til jødiske og kristne egyptarar er hovudkjelde for lovgjevinga som regulerer deira sivile status, religiøse saker og val av åndelege leiarar”.<sup>268</sup> Spørsmålet om kyrkjebygging er framleis uavklart, men i artikkel 235 i grunnlova blir Representanthuset bede om å utferda ei lov som regulerer dette på ein måte som garanterer religionsfridom for dei kristne.<sup>269</sup> Denne lova blei ferdig i 2016. Mange hadde ønska seg ei felles lov for alle religiøse bygg, men etter press frå mellom anna al-Azhar-universitetet blei det ei eiga lov om kristne bygningar.<sup>270</sup>

Ytringsfridom som ein del av religionsfridomen har minst to sider: Den eine er retten til å ytra seg om urettferd, og den andre er retten til å driva misjon.

Sjølv om MEC vart etablert som ein respons på lokale kyrkjeleiarar, er det ikkje alle som vil snakka like ope om menneskerettar. Den koptisk-ortodokse pave Shenouda III valde ein kvietistisk strategi, skreiv Arne Fjeldstad i ein artikkel om misjon i land som er stengde for tradisjonell misjon.<sup>271</sup> Då opptøyer i Alexandria ramma koptiske kristne i Alexandria, sa Shenouda at han ville vera stille, så Gud kunne tala. Andre koptiske kyrkjeleiarar har vore talsmenn for meir aktivistiske haldningar, skreiv Fjeldstad.

Kjetil Fretheim, professor i diakoni og etikk ved MF vitenskapelige høyskole, argumenterer for ein menneskerettsbasert aktivisme som ein mogeleg veg å gå med tanke på kva form

---

<sup>266</sup> Rowe 2007:331, sitert i Sakseid 2016:12

<sup>267</sup> Vogt 2015:124

<sup>268</sup> State information Service 2014 (mi omsetjing frå den arabiske teksten). Grunnlova finst også i andre omsetjingar, som t.d. engelsk her: <http://www.sis.gov.eg/Newvr/Dustor-en001.pdf>

<sup>269</sup> Ghamrawi 2015

<sup>270</sup> Roddy 2016

<sup>271</sup> Fjeldstad 2007:159

kyrkja eller misjonen sitt politiske engasjementet skal ta. Kyrkja og misjonen sitt kall og oppdrag er å forsvare menneskeverdet overalt der det blir trua, meiner Fretheim, i ein artikkel der han ser på NMS sitt menneskerettsengasjement i Kina, Kamerun og Etiopia.<sup>272</sup> Fretheim meiner å påvisa at NMS i større grad stilltiande aksepterer menneskerettsbrot enn å aktivt protestera mot dei. I alle fall finn han lite som tyder på protest i dei tre områda han har studert nærare. Til dette kan det seiast at NMS er ein aktiv forsvarar av menneskerettar i dag gjennom samarbeidet med fleire organisasjonar i Midtausten. Den fremste av desse er Middle East Concern, som har som si viktigaste oppgåve å avdekka og protestera mot brot på menneskerettane. Men også andre av NMS sine samarbeidsorganisasjonar arbeider aktivt for å styrka menneskerettane. Mette Schwartz, research-leiar i SAT-7, seier at menneskerettar er noko som skal lærast, og at kanalen er med og informerar om dette, både overfor dei kristne i regionen og for folket generelt.<sup>273</sup> Det kan også leggst til at NMS no i haust (2019) lyste ut ein stilling som rådgjevar for seksjon migrasjon<sup>274</sup> med særleg ansvar for menneskerettar.

Når det gjeld retten til å driva misjon for det ein trur på, skriv Arne Redse utfyllande om dette i ein artikkel i *Norsk tidsskrift for misjonsvitenskap*. Her analyserer han fire sentrale menneskerettsdokument<sup>275</sup> og samanfatar det dei seier om trus- og ytringsfridom i tre punkt: 1) Fridom til å konvertera, 2) fridom til å praktisera trua fritt, inkludert ytringsfridom og 3) fridom til å oppsede egne born i samsvar med si eiga tru. I vår samanheng er punktet om ytringsfridom særleg relevant når det gjeld organisasjonar som MEM, SAT-7 og Bibelselskapet, medan MEC (Middle East Concern) er opptatt av heile spekteret av religionsfridom. Redse konkluderer med at religionsfridommen heilt klart inkluderer fridom til misjonering, «offentleg og privat, gjennom massemedia, i forsamlingar og organisasjonar som for eksempel eit trussamfunn».<sup>276</sup>

---

<sup>272</sup> Fretheim 2009

<sup>273</sup> SAT-7 Middle East og Det Norske Misjonsselskap 2013 [film] <https://www.youtube.com/watch?v=d-5uvuaovMQ>

<sup>274</sup> Sjå kap. 4.6.3

<sup>275</sup> 1) Den universelle verdsfråsegna om menneskerettar, 1948; 2) FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar, 1966; 3) Den europeiske menneskerettskonvensjonen, 1950; 4) Erklæringen om eliminering av alle former for intoleranse og diskriminering på grunn av religion eller tro, 1981.

<sup>276</sup> Redse, 2011:261



Det kan dermed argumenterast for at NMS ved å støtta desse organisasjonane støttar dei lokale kristne sin rett til ytringsfridom – vel å merka så lenge det er lokale kristne som sit i førarsetet, og dei ikkje blir brukte som eit alibi for utanlandske aktørar. Dette er også reflektert i NMS sitt grunnlagsdokument *Verdensvid glede*: «Vi vil arbeide for kristnes rett til å praktisere sin religion også der de kristne representerer et historisk fremmedelement og er en minoritet.»<sup>277</sup> I dette arbeidet er Middle East Concern ein god samarbeidspartnar for NMS.

Som ein førebels konklusjon på spørsmålet om kva menneskerettane tyder for NMS sitt arbeid i Midtausten kan me seia at NMS formaliserte samarbeidet med MEC fordi dei meinte det var ein truverdig og seriøs organisasjon som dei hadde kjennskap til gjennom MEM. Eit argument for å støtta MEC var også at organisasjonen kunne vera til hjelp for misjonærane i samband med konkrete saker. Vidare har me sett at religionsfridomen i regionen blir utfordra særleg på diskriminering av ikkje-muslimar og med tanke på fråfall frå islam. Gamle osmanske lover hindrar framleis full religionsfridom, noko som t.d. viser seg i spørsmål om bygging og reparasjon av kyrkjer. Ytringsfridomen blir utfordra særleg på retten til å ytra seg om urettferd og på retten til å driva misjon. NMS aksepterer ikkje stilltiande brot på menneskerettane, men forsvarar aktivt marginaliserte grupper, både gjennom samarbeidet med MEC og gjennom program produsert av MEM og SAT-7. Gjennom å støtta lokale kristne i deira ønske om å driva misjon overfor majoritetsbefolkninga, støttar også NMS deira rett til ytringsfridom.

Omtrent samtidig med at NMS formaliserte tilhøvet sitt til MEC, utvida ein kontakten med ein annan viktig aktør for kristne i Midtausten: ETSC, Det evangeliske teologiske seminaret i Kairo.

#### 4.3.2 Det evangeliske teologiske seminaret

Underteikna skriv i ein rapport til overordna i MEM våren 1999 at NMS truleg vil byrja å støtta Det evangeliske teologiske seminaret i Kairo økonomisk, og at det i så fall vil vera ein indikasjon om at NMS ønskjer å utvida engasjementet sitt i Midtausten.<sup>278</sup>

ETSC har ein historie som går tilbake til 1863. Den første tida skjedde undervisninga på husbåten «Ibis», medan misjonærane seilte opp og ned langs Nilen mellom Aswan i sør til Kairo i nord. Dagens campus i Al-Abassiya i Kairo vart etablert i 1926.<sup>279</sup> Ein artikkel i

---

<sup>277</sup> NMS 2004 *Verdensvid glede*, punkt 4.1

<sup>278</sup> Sakseid, G. Rapport datert 30.mai 1999

<sup>279</sup> ETSC (u.d.) About us. Henta 2019 frå [etsc.org: https://etsc.org/en/about-us/](https://etsc.org/en/about-us/)

*Misjonstidende* fortel at det er Den egyptiske evangeliske kyrkja Nilsynoden<sup>280</sup> som driv seminaret, som har om lag 70 studentar, og utdannar teologar og prestar frå Egypt og andre land i Midtausten. «NMS har ingen samarbeidsavtale med seminaret, men har hatt fleire uformelle samtalar med leiinga med tanke på eit mulig framtidig samarbeid.»<sup>281</sup>

Jon Aalborg fekk ordna med godkjenning av mastergraden frå ETSC hos NOKUT før han avslutta opphaldet sitt i landet.<sup>282</sup> Allereie i 1985 fekk Gerd Marie Ådna, kontakt med ETSC, då ho var i Egypt for å studera arabisk. Seinare har ho hatt fleire opphald ved seminaret, både som student og som lærar saman med mannen sin, Jostein Ådna.<sup>283</sup> NMS har bidratt med økonomisk støtte til dette, opplyser Åslaug Ihle Thingnæs, rådgivar og misjonskonsulent i NMS.<sup>284</sup> Ifølge Jostein Ådna hadde han første gong undervisning ved ETSC i 2001, og siste gong underviste dei ei veke kvar våren 2017. MHS / VID har også hatt masterstudentar frå ETSC.<sup>285</sup> Gerd Marie og Jostein Ådna underviser til vanleg ved VID Stavanger.

I 2008 utvida MHS samarbeidet med ETSC. «Dosent Jan Opsal har hatt flere opphold og undervisningsoppdrag ved ETSC, samtidig som to MHS-studenter har hatt studieopphold ved institusjonen», rapporterer *Misjonstidende*.<sup>286</sup> Ein av masterstudentane frå MHS var Ingjerd Ropeid. Etter endt studieopphald vart ho intervjuet av *Misjonstidende*. Ho fortalde om eit spennande opphald, men merka seg visse kulturelle forskjellar mellom dei to institusjonane. «Forholdet mellom studenter og forelesere er også veldig forskjellig, og terskelen for å stille kritiske spørsmål til en professor er høy», seier ho mellom anna.<sup>287</sup>

ETSC utvida tilbodet sitt i 2012: «Selv om situasjonen i Egypt etter revolusjonen i januar i fjor har skapt mange utfordringer for kirken, har den også gjort at en nå ser mange flotte nye muligheter [...] ETSC investerer i og starter opp seminar også i Alexandria og Minya. Dette er en åpen dør og en mulighet som kirken har ventet lenge på.» Dette skriv *Misjonstidende* i eit

---

<sup>280</sup> Sjå meir om denne kyrkja i kap. 4.5.1.

<sup>281</sup> *MT Årbok* 2000, s.53

<sup>282</sup> Aalborg, notat til underteikna 08.02.19

<sup>283</sup> Samtale med Gerd Marie Ådna, 04.02.2019.

<sup>284</sup> Samtale med misjonskonsulent Åslaug Ihle Thingnæs, 04.02.2019.

<sup>285</sup> Jostein Ådna fortalde dette 06.02.19

<sup>286</sup> *MT Årbok* 2009:33

<sup>287</sup> Johansen, Å 2009:9

intervju med Gerd Marie Ådna.<sup>288</sup> Ho er svært nøgd med samarbeidet MHS (no VID Stavanger) har hatt med seminaret, og seier at studentane som har vore der på 2–4 månaders opphald har vore eintydig positive: «De har lært en kristen minoritetskirke å kjenne, og det på en helt annen måte enn bare ved å lese om den i bøker. Det er utfordrende å leve i et så muslimsk samfunn, og i en liten kirke med små økonomiske midler. Men de setter veldig pris på at noen utenfor landets grenser vet om dem, tenker på dem, ber for dem. Det er styrkende i vanskelige tider,» seier ho.

Når det gjeld kontakten med ETSC så var det altså i hovudsak personlege relasjonar til einskildpersonar ved MHS som gjorde at NMS etter kvart valde å bidra med økonomisk støtte til det samarbeidet som etter kvart utvikla seg mellom institusjonane. Støtta til ETSC ser me enkelte glimt av i rapportane frå Midtausten i *Misjonstidende Årbok*,<sup>289</sup> men det viser elles ikkje igjen i programrapportane som kom etter omorganiseringa av NMS i 2002. Denne støtta har vore knytt til undervisninga i Alexandria.<sup>290</sup>

#### 4.4 Organisering i program: nye prosjekt på bakkenivå

I forkant av generalforsamlinga i Skien i 2002 blei det arbeidd fram eit strategidokument der misjonsarbeidet blir delt inn i tre ulike program under slagorda «Budskap», «Bistand» og «Bygging». Program 1 Evangelisering og menighetsbygging (EM) har kortforma «Budskap»; program 2 Diakoni og bistand/utvikling (DB) går under namnet «Bistand»; og program 3 Ledelse og organisasjon (LO) blir kalla «Bygging».<sup>291</sup> Den viktigaste endringa med den nye programorganiseringa, i forhold til tidlegare strategi, er at det ikkje lenger er eit så tydeleg skille mellom misjonsarbeidet «ute» og «heime». No er den nye visjonen «En levende, handlende og misjonerende kirke i alle land» (mi utheving). I strategidokumentet frå 2002 heiter det at NMS vil «dele evangeliet om Jesus Kristus ved å plante og nære kirker og menigheter som kan bære budskapet vidare». Det er ikkje lenger snakk om at NMS på ein særleg måte er kalla til å arbeida «i folkegrupper og områder hvor evangeliet er ukjent eller står svakt», som det heitte nokre år tidlegare.<sup>292</sup> Dei ulike programma er like aktuelle i alle

---

<sup>288</sup> MT 10/2012:12-13

<sup>289</sup> T.d. MT Årbok 2015:36

<sup>290</sup> Åslaug Ihle Thingnæs, e-post 17. juli 2019.

<sup>291</sup> «La ditt rike komme». Strategimelding 2002-2005

<sup>292</sup> «Misjon i fornyelse» strategidokument 1996, II 4.1

delar av verda. Difor blei t.d. nyplantingar av nye, misjonale kyrkjelydar i Noreg lagt til programområdet «Budskap», i lag med fleire av prosjekta i Midtausten. Som ein balansering i forhold til den nye strategien understreka likevel generalforsamlinga i Skien at utdanning og utsending av misjonærar framleis er sentralt for å nå NMS sin visjon. Vedtaket frå GF står aller først i strategimeldinga.

I Midtausten blei dei ulike prosjekta som NMS var engasjert i, plasserte i forskjellige program. Generell støtte til MEM og SAT-7 sorterte under «Budskap», men etter kvart som tida gjekk, kom det til fleire prosjekt også under «Bistand» og «Bygging». Til dømes gav NMS støtte gjennom «bistand»-programmet til ein TV-serie om funksjonshemma born produsert av SAT-7. Dette var primært ein serie barneprogram som heiter «Wadi el Kenouz» (Skattedalen), og diverse oppfølgingsprogram til denne serien. I serien har muslimske og kristne born leika i lag, og målsettinga har vore å høyna statusen for funksjonshemma gjennom haldningsendringar. Rapporten frå «Bistand»-programmet i 2007 viser at dette har vore eit svært vellukka prosjekt.<sup>293</sup>

Middle East Concern, som blei presentert i kapittel 4.3.1, blei plassert under programmet «Bygging», dvs. leiarutvikling og organisasjon (LO).<sup>294</sup> Når det gjeld Det evangeliske teologiske seminaret,<sup>295</sup> blei den generelle støtta kanalisert gjennom «Budskap», medan eit prosjekt for seminaret si opplæring av lekfolk i Alexandria, kom inn under «Bygging».

Frå 2005 og utover begynte NMS aktivt å leita etter fleire konkrete prosjekt «på bakkenivå» i Egypt. Det første av desse var eit diakonalt grasrotprosjekt som fekk støtte gjennom «Bistand»-programmet, og det skal me sjå nærare på no:

#### 4.4.1 Great Flood Society: Eit diakonalt grasrotprosjekt

Sidan 2006 har NMS støtta det kristne diakonale prosjektet «Great Flood Society» (GFS), som held til i Helwan, ein forstad sør for Kairo. Området er prega av industri, og framstår i dag som ein nokså sliten og forurensa del av metropolten.

I artikkelen «Jeg kan se» frå 2011 skildrar Marit Rødland den mobile augeklinikken som organisasjonen driv, og skriv at NMS er den første store, utanlandske partnaren dei har. Ho fortel at arbeidet starta med ein barnehage, og at dei seinare utvida med ein snikkarverkstad,

---

<sup>293</sup> Programrapport DBMA 2007, punkt 3.

<sup>294</sup> Programrapport LOMA 2007, punkt 3.

<sup>295</sup> Sjå kap. 4.3.2

at dei driv undervisning i veving og saum, og at dei har starta klinikk og barneheim. «Alt som GFS driver er åpent både for kristne og muslimer. Noe av filosofien bak er å få de to gruppene til å leve sammen», skriv Rødland.<sup>296</sup>

Jon Aalborg fortel at det var kona hans, Torbjørg, som først kom i kontakt med GFS, men at initiativet til å finna eit diakonalt prosjekt kom frå NMS. Dei var utsendingar for NMS frå 2004. Torbjørg avslutta sitt arbeid i 2005, og Jon heldt fram til 2007. Før Jon og Torbjørg reiste ut, hadde leiinga i NMS bede dei halda auga opne for eit konkret og PR-vennlig prosjekt på bakkenivå som ein kunne flagga heilt ope. Dei hadde lenge følt det som eit problem at ein ikkje kunne skriva ope om arbeidet i Egypt, men stadig måtte skriva nokså vagt om «Midtausten». Torbjørg kom tilfeldig i prat med Beshay Halim, leiaren for GFS, på ein marknad i Maadi. Då fortalde han om prosjektet sitt og inviterte Torbjørg til forstaden Helwan så ho kunne sjå på arbeidet der. Ho såg at dette var eit brukbart prosjekt, så ho og Jon drøfta dette med dåverande misjonssekretær Georg Tumyr, og dei vart samde om å prøva dette. Sommaren 2005 sende ein dermed ein søknad om støtte til bygging av ein barneheim, og sidan har NMS halde fram med å gi støtte til Great Flood Society, spesielt til nokre byggeprosjekt.<sup>297</sup>

Når NMS to år seinare vurderer dette prosjektet, gir dåverande representant for Midtausten, Per Ivar Johansen, to hovudargument for å halda fram støtta: Det eine er at prosjektet «fyller et stort behov, og har store ringvirkninger i lokalsamfunnet». Det andre argumentet er at «prosjektet gir NMS et diakonalt engasjement på 'bakkenivå' i Egypt. Det er i seg selv avgjørende at NMS har flere føtter å stå på i sitt Midtøsten-engasjement.»<sup>298</sup> Når Johansen skal vurderer om NMS bør gi støtte til bygging av barneheim, påpeikar han at det er visse faremoment ved eit slikt arbeid, men dette er noko som leiinga ved senteret ser ut til å vera klar over. Det er eit stort og tydeleg behov for eit slikt arbeid, og senteret tar imot både neglisjerte «gatebarn» og reelle foreldreause. «Med tanke på det gateliv uten foreldreomsorg som er alternativet for disse ungdommene, vil barnehjemmet forhåpentligvis bli enda et vitnesbyrd om at kjærlighet og omsorg kan omskape ødelagte liv,» skriv han i rapporten.

---

<sup>296</sup> Rødland 2011

<sup>297</sup> Jon Aalborg ifølge telefonsamtale med undertekna 21. mars 2018

<sup>298</sup> Programrapport DBMA 2007, punkt 3.

Andre utfordringar med støtta til GFS har vore problem med praktiske ordningar for overføring av pengar direkte til prosjektet, grunna tungrodde administrative rutiner hos styresmaktene, og dei har derfor prøvd ulike alternative måtar å ordna dette på.<sup>299</sup> Per Ivar Johansen skriv i 2010 at dei største utfordringane ligg på administrasjon og rapportering, m.a. på grunn av dei dårlege engelsk-kunnskapane til leiaren, noko som gjer at han ikkje tilrår vidare prosjektstøtte.<sup>300</sup>

Likevel heldt støtta til GFS fram. I 2013 er det Åslaug Ihle Thingnæs som har overtatt som representant for NMS i Midtausten og Pakistan. I årsrapporten for «Bistand» i 2014 fortel ho at NMS med sine 320.000 kr i året er den viktigaste støttespelaren til GFS når det gjeld ekstern finansiering, og at det bidreg både til drift og til noko byggearbeid. «Senteret representerer ein oase i eit fattig område av Kairo med lite både skule- og helsetilbod».<sup>301</sup> Året etter kan ho rapportera at leiaren for GFS var kommen i gang med språkundervisning i engelsk.<sup>302</sup> Thingnæs fortel no at barneheimen vart nedlagd for eit par år sidan etter påtrykk frå NMS. Dei fem jentene som budde der, er no heime hos slektene sine, og blir følgt opp med litt økonomi og rettleiing frå GFS.<sup>303</sup>

Som ei oppsummering kan me seia at støtta til GFS byrja fordi leiinga i Stavanger bad misjonærane Aalborg om å leita etter eit passande diakonalt prosjekt, og at dei litt tilfeldig kom i kontakt med leiaren for GFS. Så har ein år for år vurdert om ein skal fortsetja støtta. Det har heile tida vore svake sider med prosjektet knytt til organisasjon og kommunikasjon, men ein har vurdert GFS som eit viktig diakonalt arbeid i ein fattig del av Egypt.

Great Flood Society var det første og einaste reindyrka diakonale prosjektet som NMS støtta i Midtausten under programmet «bistand», men også nokre av prosjekta som sorterer under «Bygging» har tydelege diakonale aspekt, som t.d. kvinneprosjektet ved det koptisk-ortodokse Anafora-senteret<sup>304</sup>, eller ulike TV-program produsert av MEM og SAT-7. Men lat oss først sjå på eit prosjekt under programmet «Budskap» som NMS byrja å støtta i 2008:

---

<sup>299</sup> Programrapport DBMA 2008, punkt 8

<sup>300</sup> Programrapport DBMA 2010

<sup>301</sup> Programrapport DBMA 2014, punkt 3.

<sup>302</sup> Programrapport LOMA 2015, punkt 1.3

<sup>303</sup> E-post frå Åslaug Ihle Thingnæs til underteikna, 17.07.2019.

<sup>304</sup> Sjå kap.4.5.2 og 4.6.1

#### 4.4.2 Bibelselskapet

Bibelselskapet i Egypt vart grunnlagt i 1883 i Alexandria, der dei fekk sitt første kontor og bokhandel. og sidan den gongen har arbeidet spreidd seg til alle delar av landet, og ei mengde bokandlar er blitt opna. I 1966 blei selskapet medlem i United Bible Societies.<sup>305</sup> På den arabiske heimesida presenterer Bibelselskapet i Egypt (BSE) seg som eitt av 120 bibelselskap rundt om i verda, og dei viser til dei gamle røtene bibelomsetjing har i landet når dei nemner den første omsetjinga til det koptiske språket frå grunnspråka hebraisk og gresk.

Bibelselskapet etablerte seg altså i Alexandria, to år etter at britane invaderte landet med utgangspunkt i denne havnebyen som den gongen hadde eit svært internasjonalt preg, med ein stor jødisk og gresk diasporabefolkning. Utover 1800-talet hadde det også komme andre europearar hit, særleg etter at Suez-kanalen vart opna i 1869.

I 2015 var det 150 år sidan den arabiske «van Dyck-omsetjinga». Dette er den mest brukte versjonen i våre dagar, brukt av arabiske bibel-lesarar over heile verda. Generalsekretær i Bibelselskapet i Egypt, Ramez Atallah fortel om jubileumsfeiringa som var i den koptiske katedralen i Kairo den 3. desember 2015, og understrekar kor samlande Bibelen er for dei ulike kyrkjene i Egypt. «Many years ago we at the Bible Society realized that the Bible was one of the most unifying factors for the churches in Egypt. Last night was an incredibly encouraging affirmation of that fact. A large part of the joyous atmosphere was to see church leaders genuinely united together through their commitment to God's word.»<sup>306</sup> La meg for ordens skuld presisera at me her snakkar om den mest brukte bibelomsetjinga i moderne tid. Arabiske omsetjingar av Bibelen har det vore mange av opp gjennom åra, heilt sidan den første tida etter at islam oppstod; og kanskje var det ein sterk munnleg tradisjon på den arabiske halvøya før dette også. Her viser eg til professor Sidney H. Griffith ved Catholic University of America sitt arbeid.<sup>307</sup> Det finst elles fleire nyare omsetjingar som er nærare moderne arabisk, men van Dyck-utgåva er framleis den autoriserte dei fleste stadene.

---

<sup>305</sup> Bible Society of Egypt (u.d.) Arabisk heimeside, henta 12.02 2019 frå <http://darelketab.org/bs3/default.aspx>

<sup>306</sup> Atallah (u.d.) Bible Society of Egypt Newsletter henta 12.02.2019  
<http://www.darelketab.org/bs3/en/default.aspx?id=3>

<sup>307</sup> Griffith 2013

NMS byrja samarbeidet med Bibelselskapet i Egypt i 2008. Etter innleiande kontakt året før, blei det gjort vedtak om å leggja inn støtte for Bibelselskapet i budsjettet for 2008.<sup>308</sup> Det er tydeleg viktig for NMS at ein no har fått ein «innsats på bakkenivå», som ein uttrykkjer det i Landsstyret si treårsmelding.<sup>309</sup> NMS forplikta seg i første omgang på å støtta eit bokutsal i Egypt med årlege driftsutgifter i tre år, står det å lesa i artikkelen «Forseglet budskap åpnes» i *Misjonstidende* same året.<sup>310</sup> Det står ingenting eksplisitt i teksten om at Bibelselskapet sel biblar også til muslimar, men fleire ting i teksten kan tolkast som at NMS her har eit høve til å spreia evangeliet til fleirtalsbefolkninga i Egypt. Ikkje minst antydar tittelen at her er det ein bodskap som når ut til folk som ikkje kjenner den frå før.

I programrapporten for 2008 legg representanten for Midtausten vekt på at Bibelselskapet når svært langt med arbeidet sitt. Ikkje berre er butikkane møteplassar der folk kan stilla spørsmål om den kristne trua. Butikkane tilbyr også heimelevering, slik at ein slepp å eksponera interessa si ved å gå inn i ein kristen butikk. I tillegg til dette er Bibelselskapet til stades utanfor dei elleve<sup>311</sup> utsalga sine. Den største eksponeringa får dei på den årlege internasjonale bokmessa i Kairo. «På fjorårets messe ble det solgt knapt 45.000 Bibler, drøyt 45.000 testamenter samt over 326.000 bibeldeler og mer enn 117.000 kassetter/CD-er/DVD-er.»<sup>312</sup> I tillegg driv Bibelselskapet eit omfattande alfabetiseringsprogram rundt om i landet. Rapporten legg også vekt på den store økumeniske rolla Bibelselskapet spelar, i ein region der det elles er store kløfter mellom ulike kyrkjesamfunn.

Med tittelen «Bokhandelen i Kairo» og tydeleg forklaring av kor ein kan finna butikken, har NMS no blitt svært konkrete med informasjonen til lesarane av *Misjonstidende*.<sup>313</sup> Dette står i sterk kontrast til måten ein informerte om arbeidet i dei første åra. Då kunne ein berre skriva i generelle vendingar om litteraturarbeidet ein var engasjert i gjennom MEM, men ein kunne ikkje eksponera den konkrete bokhandelen som NMS støtta den gongen. Også med dette

---

<sup>308</sup> Programrapport EMMA 2008, punkt 3.

<sup>309</sup> *MT Årbok* 2008:10.

<sup>310</sup> Nerhus 2008

<sup>311</sup> I dag har Bibelselskapet i Egypt 17 bokhandlar rundt om i landet; fem av dei i Kairo, ifølge Åslaug Ihle Thingnes (e-post til underteikna 17.07.19).

<sup>312</sup> Programrapport EMMA 2008.

<sup>313</sup> Solevåg 2011



prosjektet har NMS oppnådd det som ein såg etter i 2005, då ein etterlyste noko som ein kunne fortelja ope om.

#### 4.5 Samarbeid med kyrkjer i Midtausten

Samarbeidet med lokale kyrkjer i Midtausten har også kome som resultat av medvitne val frå NMS si side. Kjetil Aano tok saka opp allereie i 1996, og seinare blei det omtalt i *Misjonstidende* at Midtausten er annleis enn dei andre misjonsfelt til NMS, mellom anna fordi ein ikkje har noko direkte samarbeid med ei kyrkje.<sup>314</sup>

Det var etter at han i september 1996 hadde vore i Midtausten i samband med eit styremøte i MEM at Kjetil Aano gjorde ei vurdering om eit mogleg kyrkjesamarbeid kunne vera aktuelt for NMS sitt vedkommande. Han skreiv då ein rapport til AU, der han mellom anna vurderte utviding av arbeidet med fleire misjonærar. Kor skulle dei i så fall arbeida? Han nemner då ulike organisasjonar, men også lokale kyrkjer, både den ortodokse og den evangeliske kyrkja. «Men det ville innebera at NMS arbeidde utelukkande med den kristne delen av befolkninga.»<sup>315</sup>

Då Jon Aalborg hadde avslutta arbeidet sitt i Egypt sommaren 2007, hadde han ein artikkel i *Misjonstidende* der han argumenterte for at oppgåva for kristne i Vesten ikkje berre er å prøva å nå dei som ikkje er nådd, men også å ta vare på dei som allereie er kristne. «En bevart kristen er like verdifull som en nyomvendt! (...) Noe av det viktigste vi kan gjøre i Midtøsten akkurat nå, tror vi er å vise solidaritet med våre søsken og å vise det åpent og synlig slik at verden kan se at de ikke er alene».<sup>316</sup>

Ønsket om samarbeid med og støtte til lokale kristne vart også uttrykt i tydelege vendingar i Landsstyret sin rapport for 2006, ført i pennen av generalsekretær Kjetil Aano. Fram til no hadde NMS hovudsakleg støtta dei kristne sitt nærvær i massemedia gjennom TV-kanalen SAT-7, noko ein vil halda fram med fordi ein ser på det som viktig og strategisk, ifølge rapporten. Men no har NMS starta eit målretta arbeid med å få til eit direkte samarbeid med lokale kristne kyrkjer. «Konkrete samtalar er i gang, og truleg vil det resultera i eit praktisk

---

<sup>314</sup> *MT Årbok* 1999:54

<sup>315</sup> Aano 1996. Rapport, reise til Midtøsten 28. september - 5. oktober 1996. Vedlegg til AU 366/96.

<sup>316</sup> Aalborg 2007

samarbeid med kyrkjer i Egypt. Dette vil gi vårt Midtausten-engasjement ein breiare basis og eit tydelegare ansikt».<sup>317</sup>

Eit år etter har dette komme inn i programplanen for leiaropplæring og organisasjonsbygging (LO) for Midtausten: «Programplanen intenderer, i tråd med utviklingen innen andre programmer i NMS, å fokusere på støtte til organisasjonsutvikling av kirker og organisasjoner i Egypt i løpet av perioden (2007-2010).»<sup>318</sup>

I strategimeldinga «Guds Draum», vedtatt på generalforsamlinga i Bergen i 2008, står det at «Den kristne kirke i Midtøsten er under et sterkt press.» Derfor hadde NMS no begynt ein prosess med å få kontakt med samarbeidspartnarar og kyrkjer i regionen. Ein såg det som «noe av det viktigste vi som organisasjon kan gjøre for å styrke den verdensvide kirke i dagens situasjon».<sup>319</sup> Tre år seinare heiter det at «NMS ønsker å opprettholde sitt engasjement i Sat 7 og Middle East Media. Videre ønsker NMS å styrke samarbeidet med kirker og institusjoner i Egypt og dessuten prioritere arbeidet for kvinners rettigheter».<sup>320</sup>

Programrapporten for 2008 oppsummerer dei nye praktiske samarbeidsprosjekta i Egypt. I tillegg til Great Flood Society og Bibelselskapet, kan ei no fortelja at NMS har gitt avgrensa støtte til to evangeliske kyrkjесamfunn.<sup>321</sup>

#### 4.5.1 Evangeliske kyrkjer

Dei to evangeliske kyrkjесamfunna som fekk prosjektstøtte i 2008 var Den evangeliske presbyterianske kyrkja i Egypt Nilsynoden<sup>322</sup> og Brødrekyrkja.<sup>323</sup> Sistnemnde fekk støtte til retreat- og konferansesenteret sitt ved Suez-kanalen, og Nilsynoden fekk støtte til renovering av gamle kyrkjebygg. «De kristnes identitet er i stor grad knyttet til kirkens tilstedeværelse og framtoning på lokal plan. Det gjør det essensielt å ta vare på den arv som ligger i kirkelige

---

<sup>317</sup> Aano 2006

<sup>318</sup> Programrapport LOMA 2007, punkt 3.

<sup>319</sup> Strategimelding 2009-2011, punkt 4.6.10 Midtøsten

<sup>320</sup> Strategiplan 2012-2014: 2.1.6. Midtøsten

<sup>321</sup> Programrapport 2008 EMMA, punkt 3.

<sup>322</sup> Heretter kalla med kortforma «Nilsynoden».

<sup>323</sup> Eg har ikkje funne noko meir informasjon om Brødrekyrkja, korkje i NMS sine arkiv eller på nettet, utanom denne generelle artikkelen om brødrerørsla i Egypt: Henta 1.august 2019 frå arabwestreport.info

<https://www.arabwestreport.info/en/year-2005/week-24/58-onehundredsixty-brethren-churches-egypt-taboo-eating-ham-plymouth-and-welcoming>.

eiendommer og bygg».<sup>324</sup> Dette er ikkje ukontroversielt i Egypt. Strengt tatt gjaldt enno dei gamle lovene om restriksjonar på bygging og reparasjon av kyrkjebygg som det moderne Egypt arva etter osmanane, og som har røter heilt tilbake til den såkalla «Omar-pakta».<sup>325</sup> Støtta til Brødrekirkja var avgrensa til eitt år, medan ein arbeidde vidare med kontakt med Nilsynoden.

Nilsynoden vart grunnlagt i 1854 av amerikanske presbyterianske misjonærar. Kyrkja blei autonom i 1926 og medlem av KV i 1963.<sup>326</sup> Økumenisk arbeid har alltid vore viktig for Nilsynoden, og kyrkja er også medlem av Fellowship of Middle Eastern Evangelical Churches (FMECC) og av Middle East Council of Churches (MECC). Den økumeniske rørsla i Midtausten hadde sitt utspring i dei evangeliske kyrkjene, som arrangerte fleire internasjonale misjonskonferansar på 1920-talet.<sup>327</sup>

Den største og mest dynamiske av kyrkjelydane i Nilsynoden er Kasr el-Dobara-kyrkja.<sup>328</sup> Kyrkja ligg i bydelen Qasr ad Dobara, like i nærleiken av Tahrirplassen, som var i sentrum av hendingane rundt revolusjonen i 2011. Til dømes dreiv dei eit felthospital som kunne gi førstehjelp til menneske som vart skada under tumultane.<sup>329</sup> Kyrkja vart bygd, med tillatelse frå Kong Farouk i 1944, på tomten til eit palass. Det var personlege relasjonar som gjorde at ein fekk denne tillatelsen, noko som var – og framleis er – svært vanskeleg å oppnå.<sup>330</sup> Kyrkjelyden er svært aktiv på fleire felt. Mellom anna starta dei eit evangeliserande og diakonalt arbeid for nordafrikanske flyktningar i Spania. NMS innleia eit offisielt samarbeid med Kasr el-Dobara i 2012, etter fleire år med kontakt.

Dei siste åra er det først og fremst dette prosjektet NMS har støtta. Det er eit internasjonalt team av kristne egyptarar, amerikanarar og andre som held kontakt med immigrantmiljøet i Barcelona, særleg i dei gettoliknande forstadane, og prøver å byggja ein kyrkjelyd der.

---

<sup>324</sup> *MT Årbok* 2009 s.33-34

<sup>325</sup> Sjå punkt 3.3.2

<sup>326</sup> World Council of Churches, 2019a

<sup>327</sup> World Council of Churches 2019c

<sup>328</sup> Arabisk: الكنيسة الإنجيلية بقصر الدبارة al-kenīsa el-injilīyya beqasr al-dobara, kan omsetjast med «Den evangeliske kyrkja i Qasr ad Dobara». Som ein ser, er det fleire måtar å transkribere det arabiske namnet på.

<sup>329</sup> Jayson Casper (2011), som driv bloggen «A Sense of Belonging» gir ein fyldig rapport om dette, med lenke og engelsk forklaring til ein video lagt ut av avisa *Al-Masry al-youm*.

<sup>330</sup> Kasr el-Dobara Evangelical Church (u.d.) *About the Church*.

«Prosjektet har på ukentlig basis direkte kontakt med ca. 200 nordafrikanere, og i snitt nå ytterligere hundre personer gjennom kvartalsvise evangeliseringstiltak som gjennomføres i samarbeid med andre lokale kirker,» heiter det i ein årsrapport.<sup>331</sup> Prosjektet har namnet «Puenta» (Bru), og er ikkje lenger driven av Kasr el-Dobara, men av organisasjonen Jossour, leia av Fayez Ishak, tidlegare misjonssekretær i kyrkjelyden.<sup>332</sup>

#### 4.5.2 Den koptiske ortodokse kyrkja

NMS sin kontakt med den koptiske ortodokse kyrkja har særleg vore knytt opp mot biskop Thomas av el-Qusiya og Meir i Asyut, og Anafora-senteret som han driv i ørkenen mellom Kairo og Alexandria. Anafora er ein retreat- og kursstad som ligg nokre titals kilometer frå Kairo, like ved ørkenvegen til Alexandria, ikkje så langt frå dei historiske klostera i Wadi Natroun («Saltdalen»). Senteret vart grunnlagt på slutten av 1990-talet.<sup>333</sup> Kontakten med biskop Thomas går tilbake til midt på 1990-talet, men den offisielle avtalen blei ikkje inngått før i 2012.<sup>334</sup>

Alt stoppet opp for Ruth. Riktignok hadde hun lært fra hun var svært ung at menn hadde visse behov de hadde rett til å få utløp for fra hvem det skulle være. Men hun hadde aldri tenkt at hun skulle reagere så kraftig som hun gjorde når det en dag gjaldt henne.<sup>335</sup>

Slik byrjar historia NMS fortel om «Ruth» som kom til Anafora for å delta på kurs med samtalerapi og rådgiving for å jobba seg gjennom traumene etter seksuelt misbruk. Det siste året fekk 100 kvinner frå eit landsbyområde i Egypt gå gjennom dette kurset, der dei lærte om traumebehandling og forsoning, kjønnsforskjellar og relasjonar, helsespørsmål for kvinner, og fekk høve til å snakka og drøyma om framtida.<sup>336</sup>

Når biskop Thomas skal fortelja om kven dei koptisk-ortodokse kristne er, byrjar han ofte med å fortelja om då evangelisten Markus kom til Alexandria og grunnla kyrkja der. Dette gjer han for å understreka kor viktig dei historiske røtene er for dagens ortodokse egyptarar. Den koptisk-ortodokse patriarken Tawadros II er rekna som den 118. etterfølgjaren etter St.

---

<sup>331</sup> Programrapport EMMA 2012, punkt 3

<sup>332</sup> Thingnæs, Åslaug, e-post 17.07.2019

<sup>333</sup> Ifølge deira eiga facebook-side: <https://www.facebook.com/groups/anaforacenter/about/>, funne 18.02.19.

<sup>334</sup> *MT Årbok* 2012 s.33

<sup>335</sup> NMS (u.d.) *Alt stoppet opp*. Henta 12.02.2019 frå nms.no: <https://nms.no/historie/alt-stoppet-opp/>

<sup>336</sup> Trauma healing Annual Project Report to NMS 2018

Markus som pave av Alexandria.<sup>337</sup> Ordet «koptisk» er avleda frå det greske «aigypptos», som igjen er avleda frå «Hikaptah», eitt av namna for Memphis, den første hovudstaden i det gamle Egypt. I dag blir ordet brukt om egyptiske kristne av alle trussamfunn. Me snakkar dermed om koptiske evangeliske, katolske eller ortodokse kristne. Ordet blir også brukt om det siste stadiet av det gamle egyptiske skriftspråket og om ulike former for kunstuttrykk innan denne tradisjonen.<sup>338</sup>

Kyrkja er ein del av den orientalske ortodokse kyrkjefamilien som ikkje anerkjende kyrkjemøtet i Kalkhedon i 451, og er i dag i full kommunion med fem andre kyrkjer i same familie: den syriske, armenske, etiopiske, eritreiske og indiske (Malankara) ortodokse kyrkja.<sup>339</sup>

NMS formaliserte eit samarbeid med Den koptiske ortodokse kyrkja i 2012 med støtte til Anafora sitt oppfølgingsprogram for mishandla kvinner.<sup>340</sup> «Det er en skam at kvinner som er voldtatt også får skylden for voldtekten, mener biskop Thomas i den koptiske kirken i Egypt.»<sup>341</sup> Den siste programrapporten frå dette prosjektet som eg har tilgang til, er frå 2016. Der heiter det at «Anafora har tatt imot fleire kvinner enn planlagt til traumehelingskurs, 300 i staden for 200 på tre år! Jungeltelegrafene frå kvinne til kvinne er ein viktig årsak.»<sup>342</sup> Dei siste par åra har NMS også støtta eit prosjekt for unge gutar.<sup>343</sup>

Kontakten NMS har hatt med biskop Thomas går tilbake til 1996, då me som var NMS-utsendingar fekk vera med ei gruppe frå Tunsberg bispedøme til Qusiya sør i Egypt (sjå ovanfor, 4.1.3). Seinare hadde me sporadisk kontakt med biskopen, og hadde mellom anna retreat på Anafora for kollegar då staden var i den tidlege oppbyggingsfasen.

Det skulle likevel gå mange år før NMS fekk formalisert forholdet til Den koptiske ortodokse kyrkja. I 2005, då NMS var på aktiv utkikk etter eit konkret prosjekt som det gjekk an å informera ope om, fekk ikkje dåverande representant presentert Anafora som eit mogleg prosjekt. Norsk misjon i øst (noverande Stefanusalliansen) tok samtidig kontakt med NMS-

---

<sup>337</sup> Coptic Orthodox Church Network 1019

<sup>338</sup> Coptic Network, the 2006

<sup>339</sup> World Council of Churches 2002

<sup>340</sup> *MTÅrbok* 2012:32

<sup>341</sup> Rødland 2012

<sup>342</sup> Programrapport LOMA 2016, punkt 5.

<sup>343</sup> Ifølge Åslaug Ihle Thingnæs, i samtale med underteikna 29.07.19

misjonærer og blei sett i kontakt med biskop Thomas, og byrja det samarbeidet dei har hatt til i dag.<sup>344</sup>

Eit par år seinare skriv Per Ivar Johansen i ein rapport at «med hensyn til tettere samarbeid med den Koptisk Ortodokse Kirke, vil det være mest naturleg å bygge vidare på den sporadiske kontakt som har eksistert mellom NMS og Anafora-senteret utenfor Kairo v/ biskop Thomas. En høflighetsvisitt ble avlagt under tjenestereise høsten 2007, og mer offisielle samtaler under senere besøk i Egypt, vil være en naturleg oppfølging.»<sup>345</sup> Det går fram av seinare rapportar at det vart gjennomført samtalar med biskop Thomas i åra etter, både på Anafora og i Noreg.<sup>346</sup>

Anaforasenteret er også mykje brukt av NMS ved reiser til Egypt, og blei t.d. brukt til planleggingsdagar for seksjonen for migrasjon hausten 2017.<sup>347</sup>

Konkret kyrkjesamarbeid i Midtausten er altså relativt nytt, men innad i NMS var det lenge eit ønske om å få til eit slikt samarbeid for å støtta kristne som ein opplevde å vera under eit sterkt press. Samarbeidet byrja med tidsavgrensa støtte til eigedommar og bygg for to evangeliske kyrkjesamfunn, og det vart grunngeve med at dei krisne sin identitet i stor grad er knytt til det å vera til stades på lokalplanet. Støtta har fortsett i konkrete sosiale prosjekt: Det evangeliske prosjektet Puente mellom innvandrara i Barcelona og det ortodokse traumehelingsprosjektet ved Anafora i Egypt.

Støtta til kristne kyrkjer i Midtausten er også blitt ekstra aktuell med all turbulensen som fylgde i kjølvatnet av Den arabiske våren.

#### 4.6 Etter den arabiske våren

Tre år etter den arabiske våren skriv Terence Ascott, administrerande direktør av SAT-7, ein analyse av situasjonen. Etter ein gjennomgang av dei viktigaste politiske endringane i regionen, spør han kva dette betyr for dei kristne i Midtausten. Det at dei er ein minoritet, gjer dei ekstra sårbare, noko som har bidratt til auka fråflytting, og mange spør seg om det i

---

<sup>344</sup> Georg Tumyr, chat på Messenger, mai 2018

<sup>345</sup> Programrapport LOMA 2007, punkt 3.

<sup>346</sup> Programrapport EMMA 2009, punkt 4

<sup>347</sup> NMS Global Årsrapport 2017, punkt 3.3 s.13.

enkelte av landa i Midtausten i det heile tatt vil vera kristne igjen. På den andre sida, skriv Ascott, som har mange tiår bak seg i Midtausten, er det mange som ser løysingar. T.d. er det mange muslimar i Egypt som har måtta tenka nytt om den kristne trua etter at politisk islam mista maktgrepet sitt, «ikke minst på bakgrunn av det sterke vitnesbyrdet fra egyptiske kristne som overrasket mange ved å svare med ikke-vold og tilgivelse etter de forferdelige angrepene på lokalsamfunnene deres medio august 2013».<sup>348</sup> Ascott minner også om at urolege tider ofte har ført til stor kyrkjevekst. Han meiner også at SAT-7 har ei viktig rolle å spela for å gi dei kristne ei stemme inn i situasjonen.

I «Våg mer», NMS sin strategiplan for 2012-2014 står det i avsnittet om globale perspektiv og strategiske val i samarbeidslanda, at NMS vil halda fram med engasjementet i SAT-7 og MEM, og at ein vil styrka samarbeidet med kyrkjer og institusjonar i Egypt. Kvinnens rettar er også eit satsingsområde i denne perioden. Lat oss sjå på nokre konkrete tiltak NMS har vore med på gjennom ulike samarbeidsorganisasjonar i tida etter den arabiske våren:

#### 4.6.1 Kvinnens rettar

Omveltningane i samfunnet forsterka behovet for å styrka kvinnens posisjon i samfunnet, melder representant Åslaug Ihle Thingnæs i 2013.<sup>349</sup> NMS valde derfor å forlenga støtta til den koptiske kyrkja sitt rehabiliteringssenter for mishandla kvinner som eg skreiv om ovanfor. Biskop Thomas og to kvinner frå staben ved Anafora var på besøk i Noreg i januar 2014, og dei fortalde at «kanskje så mykje som 80 prosent av kvinnene i Øvre Egypt...har opplevd seksuell trakassering, så behovet for tilbodet deira er enormt.»<sup>350</sup>

MEM har også satsa mykje på kvinnens rettar, og arbeidde derfor vidare med prosjektet «Miriams dagbok» på nettsider, Facebook og gjennom kursverksemd.<sup>351</sup> Seinare er 30 artiklar frå denne nettsida kome ut som bok på eit stort forlag.<sup>352</sup> «Miriams dagbok»<sup>353</sup> er ein TV-serie på 30 episodar i «såpe-opera-format» som blei produsert av MEV i 2008 og 2009. Dei arabiske TV-seriane skil seg frå den typen endelaus såpeopera som utvikla seg i Vesten. Sidan slutten av 1960-talet har det vakse fram ein særeigen type sosiale drama som typisk er på 15

---

<sup>348</sup> Ascott 2014

<sup>349</sup> Programrapport LOMA 2013, punkt 3.3

<sup>350</sup> Thingnæs 2014

<sup>351</sup> Programrapport LOMA 2013, punkt 3.3

<sup>352</sup> NMS Global, Årsrapport 2018, s.13

<sup>353</sup> Ikkje det eigentlege namnet på serien.

eller 30 episodar. Dei mest populære seriane blir vist på kveldstid under fastemånaden Ramadan.<sup>354</sup> Denne serien blei sendt på ein saudi-arabisk satelittkanal og sett av over 50 millionar menneske over heile den arabiske verda. NMS støtta produksjonen av serien med ein million kroner frå midlar som kom inn gjennom «Aksjon Håp».<sup>355</sup>

#### 4.6.2 Utrusting av dei kristne

Den store utfordringa for SAT-7 etter dei store omveltningane som var i regionen, var i første omgang å hjelpa lokale kristne til engasjement for positive endringar, skriv Per Ivar Johansen i ein rapport.<sup>356</sup> Han skildrar vidare korleis den arabiske kanalen var til stades i fleire land og skildra hendingane som fann stad, samstundes som dei oppmuntra dei kristne til å ta ansvar som arabiske borgarar og ikkje mista håpet. Dette utløyste eit stort engasjement som fekk eit foreløpig høgdepunkt i ein utandørs bønne- og lovsongskveld i holekyrkjene ved Moqattam i Kairo. Det blir sagt at dei samla opp mot sytti tusen deltakarar.<sup>357</sup> Også barnekanalen SAT-7 Kids utvikla eit nytt programkonsept i samband med revolusjonen i Egypt, skriv Johansen, der ein oppfordra born til å vera med og be for dei ulike landa i regionen.

I åra som fylgde, lagde SAT-7 også egne program retta mot syriske og irakiske kristne for å følgja dei opp i den vanskelege situasjonen dei var i.<sup>358</sup> I 2013 kom også NORAD inn med viktig støtte til aktualitetsprogrammet «Bridges», gjennom ei ny tilskotsordning for å styrka trus- og livssynsminoritetar.

Også Bibelselskapet i Egypt var opptatt av å utrusta dei kristne til å vera ansvarlege medborgarar etter dei store endringane i samfunnet. I 2011 starta dei eit prosjekt som dei kalla «Rebuild Egypt». Gjennom omfattande reklamekampanjar over heile landet, med store banner med det egyptiske flagget som bakgrunn, ville dei promotera bibelske verdiar som nødvendige byggesteinar i nasjonsbygginga, rapporterer Johansen.<sup>359</sup>

---

<sup>354</sup> Jfr. det eg skriv om min eigen studie av ein slik type serie i punkt 4.1.3

<sup>355</sup> Programrapport LOMA 2010 punkt 3.

<sup>356</sup> Programrapport EMMA 2011, punkt 3

<sup>357</sup> Det finst fleire videoar av hendinga som er lagt ut på nettet, t.d. denne:

<https://www.youtube.com/watch?v=dzu9mM3vJIA>

<sup>358</sup> Sjå t.d. Programrapport LOMA 2013, punkt 3.2 B

<sup>359</sup> Programrapport EMMA 2011, punkt 3.



#### 4.6.3 Migrasjon

I åra etter den arabiske våren blir migrasjon eit stadig viktigare tema for NMS. I programrapporten for Evangelisering og Menighetsbygging for 2015 viser ein til kjelder frå FN som seier at talet på flyktningar i verda var det høgaste sidan andre verdskrigen. Borgarkrigen i Syria, og IS sine herjingar i området, har sendt millionar på flukt. «SAT-7 har tatt konsekvensen av det, og gir grunnundervisning til barn på de seks laveste trinnene. Barn som ikke har hatt anledning til å følge undervisning i skolen, har hatt mulighet til å følge det på SAT-7 KIDS».<sup>360</sup>

Migrasjon hadde allereie i mange år før den arabiske våren vore eit tema som har opptatt NMS på ulike område. *Misjonstidende* nemner det til dømes i den første artikkelen om det nye misjonsarbeidet i Midtausten i årboka for 1992.<sup>361</sup> Sameleis nemner ein rapport frå 2007 at emigrasjon er den viktigaste årsaka til den synkande andelen kristne i regionen.<sup>362</sup> Men det som er heilt nytt i NMS etter 2017, er at migrasjon blir ein eigen seksjon i organisasjonen. Me er no komne så nær i tid inn på skrivetidspunktet, at det blir naturleg for meg å avslutta den historiske hovudframstillinga her, men la meg avslutningsvis ta med nokre ord om nyorganiseringa:

#### 4.7 NMS Global og seksjon migrasjon

I 2016 og 2017 var NMS inne i ein omorganiseringssprosess.<sup>363</sup> Avdelinga «NMS Global» blei oppretta, og fekk i oppdrag å realisera og konkretisera NMS sin visjon om ei levande kyrkje over heile jorda. NMS Global blei delt inn i fire fagseksjonar: Menighet, Migrasjon, Diakoni og Ledelse. Her ser me altså at dei tre første seksjonane erstattar dei gamle programma Budskap, Bistand og Bygging, medan Migrasjon kjem inn som det nye. Leiarane for kvar fagseksjon har dessutan eit geografisk ansvar for misjonsarbeidet.<sup>364</sup> Klaus-Christian Küspert er seksjonsleiar for Migrasjon og leiar for det geografiske området «Engelskspråklige Afrika og Midtøsten».<sup>365</sup> Küspert er samtidig misjonær i Etiopia, og dette viser korleis NMS

---

<sup>360</sup> Programrapport EMMA 2015, punkt 524000

<sup>361</sup> Opsal 1992

<sup>362</sup> Programrapport LOMA 2007, punkt 2.

<sup>363</sup> Uglem 2016

<sup>364</sup> NMS Global Årsrapport 2017, s.2

<sup>365</sup> NMS Global Årsrapport 2017, s.24

dei siste åra har begynt å tenka og operera på ein heilt annan måte enn tidlegare. Leiinga er ikkje lenger sentralisert i Stavanger, men spreidd rundt i verda der det er mest formålstenleg til ei kvar tid, og slik knyter ein arbeidet i Noreg saman med arbeidet i utlandet.

Ifølge Küspert har seksjon migrasjon definert fire arbeidsområde: Migrasjon, dialog, kjønn og minoritetar. «Det nyeste og kanskje mest spennende området i seksjonen er migrasjon», skriv han,<sup>366</sup> og viser til NMS sin nyaste strategiplan som nevner global migrasjon som eit eige fokusområde.<sup>367</sup> Seksjonsleiaren skriv vidare at Midtausten er eit område med stort fokus ikkje berre på mediearbeid, men også på arbeid for marginaliserte og forfylgde kristne. «Området rommer noen av de mest urolige av verdens hjørner med store migrantstrømmer og alvorlig undertrykking av menneskerettigheter og religionsfrihet (Midtøsten, Pakistan).»<sup>368</sup> I 2018 arbeidde NMS Global med å starta nye prosjekt med Norad-støtte for trusminoritetar,<sup>369</sup> og ein arbeidde vidare med rettstryggleik for konvertittar.

Parallellt med desse fire fagseksjonane presenterer NMS sin siste strategiplan tre mål for kva NMS vil gjera for å realisera visjonen «En levende kirke over hele jorden». Desse måla er formulert i tre korte setningar: «Dele troen på Jesus», «Utrydde fattigdom» og «Bekjempe urettferdighet».<sup>370</sup> Dette var ein del av NMS sin nye informasjonsstrategi, som blei lansert i 2016 i *Misjonstidende* og på nettstaden nms.no. No skal ein satsa meir på sosiale media og snakka om NMS på ein ny og enklare måte, med utgangspunkt i dei tre korte setningane ovanfor.<sup>371</sup> Det vil då vera interessant for underteikna og andre som er opptatt av kva NMS gjer i Midtausten korleis ein vil halde fram med å forkynna evangeliet, kjempa mot fattigdom og fremja rettferd gjennom dei ulike samarbeidsorganisasjonane som misjonen har komme i kontakt med sidan starten i 1990.

---

<sup>366</sup> NMS Global, årsrapport 2017, punkt 3.3 s.12

<sup>367</sup> NMS Strategi 2018-2023, avsnittet «Møte migrasjon» s.4

<sup>368</sup> NMS Global årsrapport 2017, punkt 4.3 s.27

<sup>369</sup> NMS Global årsrapport 2018, «Seksjon Migrasjon», s.13

<sup>370</sup> NMS Strategi 2018-2023:2.

<sup>371</sup> *MT* 7/2016:9

## 5 Oppsummering

I denne oppgåva, der eg har gitt ei historisk framstilling av NMS sitt misjonsarbeid i Midtausten, har eg hatt dette hovudfokuset: Kva har vore NMS sin motivasjon for å engasjera seg i Midtausten og i dei ulike prosjekta og samarbeidsorganisasjonane? Undervegs i arbeidet har eg også stilt ei rekke delspørsmål for å sjå på problemstillinga frå ulike perspektiv.

Midtausten, i vår samanheng definert som MENA-området, er frå ei side sett ein region med ein felles historie, felles kultur og felles religion. Samstundes er det mange faktorar som verkar splittande, både språkleg, religiøst og politisk. Dei store, kristne minoritetane har levd under skiftande tilhøve gjennom alle år. Historisk har området vore prega av religiøse konflikter, og kristent misjonsarbeid overfor muslimar har vore vanskeleg og har fått små resultat. Utover på 1980-talet såg me ei aukande interesse for muslimmisjon, både i norske misjonsorganisasjonar og internasjonalt, og det vaks fram eit ønske om å starta misjonsarbeid i det som vart sett på som kjerneområda til islam. I NMS hadde dette ein nær samanheng med samanslåinga med Norsk Kristen Muslimmisjon i 1986. Som eit resultat av det nye fokuset, utarbeidde NMS eit policydokument om muslimmisjon i 1994.

Massemedia i Midtausten har i stor grad vore underlagt kontroll av styresmaktene, og den evangeliske Lausannerørsla har heilt sidan starten i 1974 vore opptatt av korleis ein kan bruka massemedia i nye misjonsmetodar. Kontakten med Lausannerørsla førte til at NMS byrja ein dialog med Middle East Media frå hausten 1990, og slik fekk NMS høve til å forkynna ein kristen bodskap til eit stort publikum over heile MENA-regionen gjennom MEM sitt kreative arbeid.

Den umiddelbare årsaka til at NMS sende personell til Midtausten i 1993, var at ein familie måtte omplasserast frå Pakistan, og at MEM kunne bruka ein teolog i teamet.

NMS sitt engasjement i Midtausten har endra seg frå å vera eit hemmeleg misjonsarbeid med muslimar som målgruppe, til også å innebera openlys støtte til lokale kristne. Støtta til MEM er fortsatt underlagt restriksjonar på kva informasjon som blir gitt om lokale prosjekt, men alle dei andre prosjekta NMS støttar, skjer heilt openlyst. Ei stor utfordring for arbeidet, var den hemmelege profilen på misjonsarbeidet som var vanskeleg å forhalda seg til, både for utsendingane og for NMS sitt informasjonsarbeid i Norge. Ein såg derfor behov for å utvida arbeidet i retning av prosjekt som ein kunne vera heilt opne om. NMS har ikkje lenger misjonærar som har måtta skjula den eigentlege grunnen til å vera i landet. SAT-7 vart

etablert som ein TV-kanal for dei kristne kyrkjene i Midtausten, og kunne såleis ha ein heilt annan, tydeleg og open profil på arbeidet, enn det MEM hadde hatt. Ein ting som er felles for dei to medieorganisasjonane, er likevel at ein legg vinn på å formidla budskapen på ein kulturelt sensitiv måte som unngår å fornærma eller provosera det muslimske fleirtalet.

Dei mange brota på menneskerettane i MENA-regionen var ei anna viktig utfordring for arbeidet, og bakgrunnen for at Middle East Concern blei stifta i 1991. NMS vart formelt medlem i MEC i 1999. Menneskerettane blir særleg utfordra på to område: forskjellsbehandling på religiøst grunnlag og forfølgning knytt til fråfall frå islam. Dei kristne i området forhold seg ulikt til brot på menneskerettane. Medan nokre protesterer aktivt, vil andre stilltiande akseptera uretten. NMS har eit uttalt ønske om å forsvare menneskerettane, både gjennom protest og gjennom undervisning og opplysning.

Kontakten med ETSC, Det evangeliske teologiske seminaret i Kairo, vaks fram gradvis som eit samarbeid med MHS/VID, særleg i åra etter 2000. NMS si støtte til seminaret har særleg vore knytt til det desentraliserte undervisningstilbodet i Alexandria.

Frå 2005 byrja NMS aktivt å leita etter eit diakonalt prosjekt å støtta, og valet fall på «Great Flood Society» som driv eit arbeid med utgangspunkt i Helwan-området, sør for Kairo. Støtta til GFS blei kanalisert gjennom programmet Bistand. Prosjektet har hatt ein del organisatoriske og administrative utfordringar, men NMS har valt å fortsetta støtta til organisasjonen fordi ein har vurdert det som eit viktig diakonalt arbeid, og fram til no eitt av få prosjekt som har høyrte til under programmet Bistand.

Med støtta til Bibelselskapet i Egypt fekk NMS endå eit prosjekt under programmet Budskap. Her har NMS funne eit konkret prosjekt «på bakkenivå» som ein har kunna skriva tydeleg om, og som kanskje også når ut til andre grupper enn dei kristne.

Sentrale personar i NMS hadde tidleg ytra ønske om konkret samarbeid med kyrkjer i Midtausten, i tillegg til det økumeniske samarbeidet ein hadde gjennom SAT-7. Det gjekk likevel mange år før det kom i gang, først som tidsavgrensa støtte til bygningar eigd av evangeliske kyrkjesamfunn, og seinare som støtte til sosiale prosjekt i regi av både evangeliske og ortodokse kyrkjer.

Med dei urolige tidene som fylgde etter Den arabiske våren blei det endå meir aktuelt for NMS å halda fram støtta til kristne i Midtausten. Kvinnens rettar blei eit sterkt satsingsområde, både gjennom prosjektstøtte til MEM og SAT-7, og støtta til Anaforasenteret

til Den koptiske ortodokse kyrkja. Migrasjon vart også eit meir og meir viktig tema i denne tida, noko som gav seg konkret utslag i støtta til Puente-senteret i Barcelona og i at NMS fekk ein eigen fagseksjon for migrasjon.

Me har altså sett at NMS sidan starten i 1990 gradvis har utvida engasjementet i Midtausten frå eit relativt smalt fokus på evangelisering overfor muslimar til eit spekter av prosjekt som gjenspeglar heile breidda av NMS sitt globale arbeid. Parallelt med denne utvidinga av engasjementet, har NMS også blitt meir open med det ein har fortalt om arbeidet.

To av delspørsmåla eg ville prøva å finna svar på undervegs i oppgåva, heng nøye saman.

- Har dei missiologiske grunngevingane for NMS sitt engasjement i Midtausten endra seg dei siste snart 30 åra?
- Har det breiare engasjementet NMS har fått i Midtausten i dag, dempa det opphavlege engasjementet for muslimmisjon?

Svaret på det første spørsmålet er ja. Den missiologiske hovudgrunngevinga for at NMS skulle starta arbeid i Midtausten, var eit særleg ønske om å driva eit målretta evangeliserande misjonsarbeid overfor muslimar i den geografiske delen av verda som må seiast å vera kjerneområdet til islam. Med visjonsdokumentet *Verdensvid glede* har den geografiske dimensjonen med misjon endra seg, og det er vanskelegare å skilja mellom den kristne og den ikkje-kristne verda. Omgrepet «unådde folkeslag» er også problematisert, og ein leitar etter andre ord for å grunnge kor ein bør prioritera misjonsinnsatsen. Dialog er også eit omgrep som blir meir brukt i NMS no enn tidleg på 1990-talet, og prosessen med korleis omgrepet skal forståast og brukast, er nok ikkje ferdig enno.

Til det andre spørsmålet er inntrykket eg har fått i arbeidet med denne oppgåva at muslimmisjon framleis skjer, men at det ikkje blir framheva på same måten som tidlegare. Dermed må eg stilla spørsmålet om kva som er grunnen til at muslimmisjon ikkje lenger blir framheva så tydeleg.

Det eine svaret er sjølv sagt at det har skjedd ei vektforskyving. MEM er no den einaste av NMS sine samarbeidsorganisasjonar som har som uttalt formål å forkynna evangeliet for muslimar. Alle dei andre prosjekta og partnerane har andre formål, anten det er forkynning med kristne som målgruppe, eller diakonale og samfunnsbyggande prosjekt som omfattar både muslimar og kristne. Det andre svaret kan vera at me snakkar om misjon overfor muslimar på ein annan og meir forsiktig måte no enn før.

I samtale med Anne Karin Kristensen og Åslaug Ihle Thingnæs blei det sagt at NMS framleis forhold seg til policydokumentet frå 1994.<sup>372</sup> Målet er med andre ord framleis det same, at muslimar, på lik linje med folk frå alle religionar, skal få høyra evangeliet om Jesus Kristus. Men dette målet er kanskje mindre tydeleg uttalt enn tidlegare. Dette kan ha samband med at me har lært av dei kristne samarbeidspartnarane våre i Midtausten, dei som lever i ein konstant dialog med muslimar heile tida. Me får gå litt i deira sko, og lærer av dei ein meir forsiktig omtale av den andre. I den lokale konteksten er misjon overfor muslimar framleis eit svært sensitivt tema, og NMS har nok etter kvart tatt opp i seg noko av denne følsomheita for emnet. Kan det også henda at det norske samfunnet har endra seg mykje dei siste tiåra, blitt meir fleirkulturelt, og at det kan opplevast støytande at ein religion er ei målgruppe for misjonsarbeidet? Men treng det av den grunn vera slik at muslimmisjon er noko me «kviskrar om i einerom»? Skal me ikkje i religionsfridomen sitt namn kunna «ropa ut frå hustaka» også dette?

Uansett vil eg oppfordra NMS til å arbeida vidare med korleis ein forhold seg til religionsmøtet med islam, ikkje berre i Midtausten, men overalt der NMS er engasjert.

Lat meg avslutta med nokre personlege ord: Arbeidet med denne oppgåva har vore svært interessant for min eigen del. Eg har lært mykje nytt, og kjenner at eg er blitt meir inspirert til å engasjera meg i det flotte arbeidet NMS framleis driv i Midtausten, med den store breidda av ulike prosjekt som misjonsorganisasjonen støttar. Det vil bli spennande å sjå korleis NMS i tida som kjem vil halda fram med å verkeleggjera visjonen om ei levande kyrkje over heile jorda – også i Midtausten - ved å kjempa mot urettferd, dela trua på Jesus og utrydda fattigdom.

---

<sup>372</sup> 29. juli 2019. Anne Karin Kristensen er konstituert avdelingsleiar for NMS Global.

## 6 Kjelde- og litteraturliste

### 6.1 Upubliserte kjelder

#### 6.1.1 Privat arkiv hos underteikna

Fjeldstad, Hilde (u.d.) «Magalla-magasinet mediestrategi». Notat.

Harvey, Hilary og Opsal, Jan, Kopiar av telefaks-korrespondanse frå januar til april 1993

NMS, «Foreløpig kontrakt om tjenesteperiode for fast tilsatt misjonær» datert 03.08.1993

Opsal, Jan, brev til Per Ivar Farestad, datert 26.09.96

Sakseid, Helga og Geir, informasjonsbrev til misjonsvenner, datert september 1993

Sakseid, Geir, Rapport til overordna i MEM, datert 30. mai 1999

Sakseid, Geir, Diverse dagboknotat frå 1993 til 1996

Thingnæs, Åslaug Ihle, e-post til underteikna, datert 17. juli 2019

Aalborg, Jon, notat til underteikna, mottatt 8. februar 2019.

#### 6.1.2 Langtidsplanar (LTP) og strategidokument

Plassering av følgjande tre dokument: VID/MDA/Magasin NMS, reol «Produksjonsarkiv», boks merka «Produksjonsarkiv. Særtrykk grunnregler og vedtekter, strategiplan, grunnlagsdokument mm».

- LTP 1987-2000
- «Misjon i fornyelse». Strategidokument 1996-1998
- «La ditt rike komme». Strategidokument 2002-2005

«NMS Strategi 2018-2023». Strategiplan vedtatt av NMS generalforsamling juni 2017, henta 23.07.2019 frå <https://nms.no/wp-content/uploads/2017/09/NMS-Strategi-2018-2023.pdf>

#### 6.1.3 Landsstyrevedtak (LS)

Plassering av følgjande fire dokument: VID/MDA/A reol 3, fag 4, hylle 1

- LS 9/83
- LS 6/85
- LS 44/85
- LS 87/94 (med vedtak om *Policydokument om muslimmisjon*).

LS 43/19: henta 15.07.2019 frå

<https://nms.no/wp-content/uploads/2019/07/Referat-NMS-landsstyre-juni-2019-uten-skjemmet-sak-.pdf>

6.1.4 Vedtak i Landsstyret sitt arbeidsutval (AU)

Plassering av følgende fem dokument: VID/MDA/A reol 3, fag 4, hylle 1

- AU 141/90
- AU 150/92
- AU 32/93
- AU 366/96
- AU 4/97
- AU 132/99

6.1.5 Vedtak i leiarmøtet i NMS-administrasjonen (LM)

LM 326/90: VID/MDA/Magasin NMS, reol «Generalsekretariatet», boks Ledermøte 1989-1990, arkivnøkkel 012

6.1.6 Årsrapportar

*Programrapportar for Midtøsten/Pakistan for dei tre programma Evangelisering og Menighetsvekst (EM), Diakoni og Bistand (DB), Lederutvikling og organisasjonsbygging (LO). Delrapportar frå Midtausten endar med forkortinga MA.*

Programrapport EMMA 2005: VID/MDA/Magasin NMS, reol «Program», boks Evangelisering og Menighetsbygging, 524 000 Midt-Østen, ca 2002-2007.

Programrapport EMMA 2006: VID/MDA/Magasin NMS, reol «Program», boks Evangelisering og Menighetsbygging, 524 000 Midt-Østen, ca 2002-2007.

Programrapport DBMA 2007: NMS elektronisk arkiv, Lotus Notes, Arkivkode 624.000, Mappe 2008-0767

Programrapport LOMA 2007: NMS elektronisk arkiv, Lotus Notes, Arkivkode 724000, Mappe 2006-MS-1293

Programrapport EMMA 2008: NMS elektronisk arkiv, Lotus Notes, Arkivkode 524.000, Mappe 2008-1159



Programrapport DBMA 2008: NMS elektronisk arkiv, Lotus Notes, sak/mappe 2008-0955, Tittel Programrapporter f.o.m 2007, Dokumentid: 5355

Programrapport EMMA 2009: NMS elektronisk arkiv, Lotus Notes, sak/mappe 2005-ABB-0649 , Tittel: Programrapport 2009, Dokumentid: 5345

Programrapport DBMA 2010: NMS elektronisk arkiv, Lotus Notes, Arkivkode 624.000, Mappe 2011-0262

Programrapport LOMA 2010: NMS elektronisk arkiv, Lotus Notes, sak/mappe 2011-0559, Tittel: Programrapport LO 2010, Dokumentid: 6379

Programrapport EMMA 2011: NMS elektronisk arkiv, Lotus Notes, sak/mappe 2011-0365, Tittel: Programrapport EM 2011, Dokumentid: 5119

Programrapport EMMA 2012: NMS elektronisk arkiv, Lotus Notes, Arkivkode 524.000, Mappe 2013-0216

Programrapport LOMA 2013: NMS elektronisk arkiv, WebSak, Arkivkode 325, Arkivsak 14/573, Journalpost 5

